



# *Universitetet i Bergen*

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur

Vår 2019

## **Lange, førestilte adverbial – Er det så ille?**

*Ei undersøking av lesbarheita til setningar innleidde med komplekst  
vilkårs- eller årsaksadverbial*

Redigert utgåve. Publisert juni 2019.

Thekla Stokstad

# Takk

Først og fremst vil eg takke rettleiar Ivar Utne. Utan han, ville denne masteroppgåva aldri blitt ferdig. Takk for time på time med rettleiing, for kommentarar og for hjelp til å finne litteratur.

Eg vil òg takke alle informantane som deltok i undersøkinga. Svara deira har gitt nyttig informasjon om korleis ein kan skrive meir forståeleg for eit breitt publikum.

Til sist vil eg takke alle på lesesalen. Takk for faglege og mindre faglege samtalar i matpausen, for mange litrar kaffi og for gode råd når skrivesperra har slått inn.

Om den redigert utgåva

Dette er ei redigert utgåve av dokumentet som blei levert 15. mai 2019. Det er berre nokre formelle feil som er endra, og sidetala er dei same som i den første utgåva.

# Innhald

Figurar der dei førekjem i teksten første gong .....	VI
Tabellar der dei førekjem i teksten første gong .....	VI
1. Innleiing .....	1
1.1. Problemstilling og forskingsspørsmål .....	1
1.2. Teori og tidlegare forsking .....	1
1.3. Metode .....	2
1.4. Hovudfunn .....	3
1.5. Anvend lingvistikk .....	3
1.6. <i>Hen</i> .....	4
2. Teori og tidlegare forsking .....	5
2.1. Kva er klarspråk? .....	6
2.2. Klarspråksråd .....	6
2.2.1. Historisk bakgrunn for svenske klarspråksråd .....	7
2.2.2. Klarspråksråd om setningslengd .....	7
2.2.3. Klarspråksråd om syntaks .....	8
2.2.4. Klarspråk og vektprinsippet .....	8
2.2.5. Klarspråk og nominalisering .....	10
2.2.6. Klarspråk og passiv .....	11
2.3. Forsking på klarspråk og setningslengd .....	11
2.3.1. Utviklinga av liks .....	12
2.3.2. Materialet i undersøkingane .....	13
2.3.3. Kva faktorar blei undersøkte? .....	13
2.4. Klarspråksforsking om syntaks .....	15
2.5. Transformasjonsgrammatikk i ein klarspråkssamanheng .....	16
2.5.1. Symbol i transformasjonsgrammatikken .....	17
2.5.2. Djupstruktur og overflatestruktur .....	17
2.5.3. Transformasjonsgrammatikken illustrert med passiv .....	19

2.5.4. Hypotesen til Platzack om syntaks og lesbarheit .....	21
2.5.5. Metoden til Platzack .....	21
2.5.6. Funna til Platzack .....	22
2.6. Frekvens for språklege strukturar .....	22
2.6.1. Frekvens, lesbarheit og språkleg produksjon.....	23
2.6.2. Frekvens i undersøkinga mi.....	24
2.7. Grunning i form og struktur .....	25
2.7.1. Leksikalsk og syntaktisk grunning .....	25
2.7.2. Grunning i høgfrekvente og lågfrekvente strukturar .....	25
2.8. Plassering av adverbial .....	26
2.8.1. Adverbiale leddsetningar i <i>Norsk referansegrammatikk</i> .....	26
2.8.2. Plassering av vilkårsadverbial og årsaksadverbial på engelsk.....	27
2.8.3. Syntaktisk prosess – tolking og produksjon av syntaktiske strukturar .....	28
2.8.4. Språkhandling og plassering av tunge adverbial.....	28
2.8.5. Semantikk og plassering av tunge adverbial .....	29
2.8.6. Plassering av adverbial – oppsummering.....	30
2.9. Korleis kan eg bidra?.....	30
3. Metode .....	32
3.1. Bakgrunn for val av metode.....	32
3.2. Intervju som kvalitativ og kvantitativ metode.....	33
3.3. Informantutvalet .....	33
3.4. Tekstutvalet.....	34
3.5. Intervjuet.....	35
3.5.1. Prøveintervju .....	36
3.5.2. Intervjuguiden.....	36
3.5.3. Gjennomføring av intervjuet.....	37
3.6. Korleis analysere resultatata .....	38
3.6.1. Inndeling i kategoriar.....	39
3.6.2. Definisjon av komplekst ledd .....	42

3.6.3. Utfordring med kategorisering .....	43
3.6.4. Utrekning av resultatata .....	45
3.6.5. Korleis tolke resultatata .....	45
3.6.6. Ordtilfang og nynorsk .....	45
4. Resultat og analyse .....	46
4.1. Hovudfunn .....	46
4.2. Fokus i undersøkinga .....	47
4.2.1. Føremål med omskrivingar og kommentarar .....	48
4.3. Syntaks hjå informantane .....	49
4.3.1. Syntaktiske endringar av setningane .....	49
4.4. Setningar innleide med komplekst vilkårsadverbial .....	53
4.4.1. Informantar som beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial .....	54
4.4.2. Informantar som etterstiller vilkårsadverbial .....	55
4.4.3. Skilnadar mellom informantgruppene – vilkårsadverbial .....	57
4.5. Setningar innleide med komplekst årsaksadverbial .....	59
4.5.1. Informantar som førestiller årsaksadverbial .....	62
4.5.2. Informantar som etterstiller årsaksadverbial .....	62
4.5.3. Informantar som deler setningane innleide med komplekst årsaksadverbial .....	63
4.5.4. Skilnadar mellom informantgruppene – årsaksadverbial .....	63
4.5.5. Kva kommenterer dei ulike informantgruppene? .....	64
4.6. Samla om kommentarane .....	65
4.7. Er informantane konsekvente? .....	66
4.7.1. Skilnadar mellom kor konsekvente informantane er – vilkårsadverbial og årsaksadverbial .....	66
4.7.2. Skilnadar mellom kor konsekvente dei ulike informantgruppene er .....	68
4.8. Oppsummering av resultat og analyse .....	70
5. Diskusjon .....	72
5.1. Kva skuldast skilnadane mellom vilkårs- og årsaksadverbial? .....	72
5.1.1. Frekvens og førestilling av komplekst adverbial .....	72

5.1.2. Frekvens og konsekvens .....	75
5.1.3. Syntaktisk grunning og val av konstruksjon.....	75
5.1.4. Semantiske årsaker .....	75
5.2. Kva skuldast skilnadane mellom informantane? .....	76
5.2.1. Ulik erfaring med tekst .....	76
5.2.2. Alternativ til omskrivingar for gruppa med andre lesarar .....	77
5.3. Validiteten og reliabiliteten til undersøkinga .....	77
5.3.1. Intervjuet i undersøkinga – validitet og reliabilitet .....	78
5.3.2. Støtte frå tidlegare funn.....	79
5.4. Andre feilkjelder .....	80
5.4.1. Konsentrasjon og motivasjon for lesing.....	80
5.4.2. Få informantar.....	81
5.4.3. Ulik tolking av setning 3 .....	81
5.4.4. Feilkjeldene sin påverknad på resultatata .....	82
6. Konklusjon .....	83
6.1. Forslag til vidare forskning.....	83
Kjelder .....	85
Vedlegg 1: Tekstdøma og forslag mine til omskriving .....	91
Vedlegg 2: Intervjuguiden .....	94
Vedlegg 3: Figurar og tabellar.....	96
Samandrag.....	108
Abstract.....	109
Profesjonsrelevans .....	110

## Figurar der dei førekjem i teksten første gong

Figur 2.5.2.: <i>NP VP</i> → <i>Det N VA</i> .....	18
Figur 2.5.3: <i>Transformasjon aktiv</i> → <i>passiv</i> .....	20
Figur 3.4. a): <i>Syntaktisk analyse av setning 1</i> .....	31
Figur 3.4. b) (berre i vedlegg): <i>Syntaktisk analyse av setning 2</i> .....	97
Figur 3.4. c): <i>Syntaktisk analyse av setning 3</i> .....	31
Figur 3.4. d) (berre i vedlegg): <i>Syntaktisk analyse av setning 4</i> .....	97
Figur 4.3.1. a): <i>Totalt antal svar med dei ulike syntaktiske konstruksjonane blant setningar innleidde med vilkårs- eller årsaksadverbial</i> .....	50
Figur 4.3.1. b): <i>Antal omskrivingar av setningane innleidde med vilkårsadverbial i dei ulike informantgruppene</i> .....	52
Figur 4.3.1. c): <i>Antal svar med dei ulike syntaktiske konstruksjonane til setningane innleidde med årsaksadverbial i dei ulike informantgruppene</i> .....	52
Figur 4.4.: <i>Totalt antal svar om vilkårsadverbial i dei ulike kategoriane</i> .....	53
Figur 4.5.: <i>Totalt antal svar om årsaksadverbial i dei ulike kategoriane</i> .....	60
Figur 4.7.1.: <i>Antal svar der informanten konsekvent beheld førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial</i> .....	68
Figur 4.7.2.: <i>Kor konsekvente informanta frå kvar gruppe er</i> .....	69

## Tabellar der dei førekjem i teksten første gong

Tabell 4.1. a): <i>Funn om syntaktiske endringar, vilkårsadverbial</i> .....	47
Tabell 4.1. b): <i>Funn om syntaktiske endringar, årsaksadverbial</i> .....	47
Tabell 4.4. a) (berre i vedlegg): <i>Oversikt over syntaktiske endringar, setning 1</i> .....	99
Tabell 4.4. b) (berre i vedlegg): <i>Oversikt over syntaktiske endringar, setning 2</i> .....	99
Tabell 4.5. a) (berre i vedlegg): <i>Oversikt over syntaktiske endringar, setning 3</i> .....	100
Tabell 4.5. b) (berre i vedlegg): <i>Oversikt over syntaktiske endringar, setning 4</i> .....	100
Tabell 4.7.1.: <i>Totalt antal konsekvente og inkonsekvente informantar</i> .....	67
Tabell 4.7.2. a): <i>Antal konsekvente og inkonsekvente informantar i kvar gruppe, vilkårsadverbial</i> .....	69
Tabell 4.7.2. b): <i>Antal konsekvente og inkonsekvente informantar i kvar gruppe, årsaksadverbial</i> .....	69
Tabell 5.1.1. a): <i>Norsk Ordboks Nynorskkorpus 26. mars 2019</i> .....	73

Tabell 5.1.1. b): <i>Leksikografisk bokmålskorpus 10. april 2019</i> .....	74
Tabell 5.1.1. c): <i>Oslo-korpuset (nynorskdelen) 10. april 2019</i> .....	74
Tabell 5.1.1. d) <i>Oslo-korpuset (bokmålsdelen) 10. april 2019</i> .....	75



# 1. Innleiing

Eit mykje brukt klarspråksråd er at lange og tunge ledd bør kome etter hovudverbet. Til dømes tilrår Språkrådet at ein skal unngå lange, førestilte adverbial.

I denne avhandlinga ser eg på om rådet om å unngå lange, førestilte adverbial har tilstrekkeleg støtte i forskning. Vidare har eg avgrensa materialet til å berre innehalde vilkårsadverbial og årsaksadverbial innleidde med høvesvis «Dersom» og «Fordi». Kvart adverbial består av enten to leddsetningar eller ei leddsetning og eit setningsfragment, sette saman med ein av konjunksjonane «og» eller «eller».

## 1.1. Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstillinga i undersøkinga er

*Blir førestilte komplekse adverbial oppfatta som komplisert språk?*

For å få svar på dette, ser eg på to forskingsspørsmål:

- 1) *Er det skilnad på korleis lesarane vurderer lesbarheita til førestilte komplekse vilkårsadverbial og førestilte komplekse årsaksadverbial?*
- 2) *Er det skilnad mellom korleis nordiskstudentar, realfagsstudentar og lesarar utan akademisk utdanning etter 3. vidaregåande skule vurderer lesbarheita til dei ulike setningspara?*

## 1.2. Teori og tidlegare forskning

Kapittelet om teori og tidlegare forskning tek for seg råd om og forskning på klarspråksråd og setningslengd og råd om og forskning på klarspråk og syntaks. Spesielt transformasjonsgrammatikken (TG) er viktig, samt korleis frekvensen til ulike syntaktiske konstruksjonar kan påverke lesbarheit.

Råd om setningslengd blir støtta av lesbarheitsformlar, t.d. Carl-Hugo Björnsson sin lesbarheitsindeks (liks). Språkforsking viser derimot at setningslengd i seg sjølv ikkje er nok til å bedømme lesbarheita til ein tekst.

Mange moderne klarspråksråd kom før TG-modellen blei utvikla, men har seinare fått støtte frå psykolingvistisk forskning som byggjer på TG-grammatikken (Wengelin, 2015, s. 11). TG-grammatikken er derfor ein sentral del av teorikapittelet.

Samstundes har TG-grammatikken blitt kritisert for å ikkje vere eigna til å grunngi klarspråksråd generelt (Wengelin, 2015, s. 13). Mange av råda får støtte med utgangspunkt i engelsk forskning, men fleire undersøkingar har vist at språkbrukarar med ulikt språk ofte behandlar liknande konstruksjonar ulikt (Wengelin, 2015, s. 10). Å argumentere for (her norske) klarspråksråd med utgangspunkt i undersøkingar på engelsk, er derfor ikkje uproblematisk.

Eit anna argument mot å bruke TG-grammatikk for å forklare klarspråksråd, er at psykologvistiske undersøkingar ofte ser på setningar utanfor kontekst. Fleire studiar viser at det heller er samspelet mellom fleire variablar som avgjer om ein tekst blir oppfatta som lettlesen eller ikkje (Wengelin, 2015, s. 13-14).

Språkforskning har òg vist at klarspråksråd utvikla med utgangspunkt i TG-grammatikken ikkje alltid stemmer. Eit døme er rådet om å unngå passiv. Blant andre har Løj og Wille argumentert for at passiv i nokre samanhengar er å føretrekke framfor aktiv (1985, s. 29).

Frekvensen til bruk av ulike syntaktiske konstruksjonar spelar ei rolle for kor lett ein forstår ulike setningar og kva for setningar ein språkbrukar vel å bruke (Bever, 1970, i Diessel, 2016; Diessel og Hilpert, 2016, s. 18). Frekvensen til førestilt vilkårs- og årsaksadverbial kan derfor truleg påverke vurdering og bruk av desse konstruksjonane, og det vil derfor vere ein viktig del av teorikapittelet.

Forskning viser at semantiske årsakar kan forklare korfor komplekst vilkårsadverbial oftare blir førestil enn komplekst årsaksadverbial (Diessel, 2005, s. 462). Dette kan forklare resultatane mine, og forskning på semantikk og plassering av adverbial vil òg bli presentert.

### **1.3. Metode**

I undersøkinga gjennomførte eg kvalitative intervju med 25 informantar frå ulike grupper. I kvart intervju las dei fire ulike tekstar. Kvar tekst inneheldt ei setning innleidd med enten komplekst vilkårsadverbial eller komplekst årsaksadverbial.

Informantane blei intervjuet ein og ein. I kvart intervju blei dei spurde om dei synest setningane var vanskelege og grunngi svare sine. Deretter skreiv dei om kvar setning til ein versjon dei sjølv synest var enklare å forstå.

Det er ikkje mogleg å spore opp informantane. Intervjuet blei ikkje tekne opp, korkje med lyd eller film, det finst ikkje noko register over kven som deltok i undersøkinga, og omskrivingar

og notat er lagra anonymt på datamaskina mi. Eg sjekka opp mot regelverket til Norsk senter for forskningsdata (NSD), og fann at det ikkje var naudsynt å søke om godkjenning til å gjennomføre undersøkinga.

Nokre av intervjua ble gjort gjennom videooverføring, men kontaktinformasjonen til desse informantane er ikkje lagra.

#### **1.4. Hovudfunn**

Dei viktigaste funna i undersøkinga er:

- 1) Førestilte adverbial blir i mange tilfelle *ikkje* oppfatta som vanskelege, og informantane føretrekk å halde på førestilt komplekst adverbial i setningane dei skal vurdere.
- 2) Det er stor skilnad mellom korleis informantane vurderer lesbarheita til setningar med førestilt komplekst vilkårsadverbial og setningar med førestilt komplekst årsaksadverbial. Førestilt vilkårsadverbial blir jamt over oppfatta som enklare enn førestilt årsaksadverbial.
- 3) Det er stor skilnad mellom dei ulike informantgruppene for nokre typar omskrivingar. Spesielt stor er skilnaden mellom gruppa med lesarar utan akademisk utdanning på den eine sida og studentgruppene på den andre. Jamt over vurderer førstnemnde alle setningane som vanskelegare enn det studentane gjer.

Til saman viser desse funna at rådet om å unngå førestilt adverbial ikkje er direkte feil, men kan bli modifisert.

#### **1.5. Anvend lingvistikk**

Undersøkinga er ein form for anvend lingvistikk. The International Association of Applied Linguistics (AILA, u.å.) skriv at

*Applied Linguistics is an interdisciplinary field of research and practice dealing with practical problems of language and communication that can be identified, analysed or solved by applying available theories, methods and results of Linguistics or by developing new theoretical and methodological frameworks in Linguistics to work on these problems. Applied Linguistics differs from Linguistics in general mainly with respect to its explicit orientation towards practical, everyday problems related to language and communication.*

Anvend lingvistikk er med andre ord ei praktisk tilnærming til språklege eller kommunikative problem eller utfordringar. Spørsmålet om førestilt komplekst vilkårs- og årsaksadverbial blir oppfatta som vanskeleg eller ikkje, er døme på eit kommunikativt problem.

### **1.6. *Hen***

I teksten blir alle informantane omtalte med det kjønnsnøytrale pronomenet *hen*. *Hen* er på veg inn det norske språket for å dekke behovet for eit kjønnsnøytralt pronomen, t.d. for å sleppe formar som ho/han eller han/ho. Språkrådet (2018) skriv at privatpersonar fritt kan bruke ordet, og dei har ikkje gitt råd om å bruke eller la vere å brukte *hen* i offentlege tekstar. Dersom bruken blir vanleg, vil ordet bli teke opp i dei vanlege rettskrivingsordbøkene. *Hen* er oppført som kjønnsnøytralt pronomen i *Det Norske Akademis ordbok* (nettutgåva, naob.no).

## 2. Teori og tidlegare forskning

Dette kapittelet tek utgangspunkt i klarspråksråd for lengd og struktur i heilsetningar og forskning som har blitt brukt for å underbygge desse råda. Kappitelet omfattar mellom anna forskning på setningslengd, teori om setningsstruktur innanfor transformasjonsgrammatikken og forskning på frekvens og lesbarheit.

Mykje av klarspråksforskinga om setningsstruktur er gjort innanfor transformasjonell grammatikk (TG) fram til 1970-åra (Wengelin, 2015, s. 10, 13). Det er derfor TG-modellen slik han var då som vil bli presentert. Mange klarspråksråd som blei utarbeida før transformasjonsgrammatikken blei lansert i 1950-åra, har seinare fått støtte av forskning innanfor ein TG-modell.

Kor vande lesarane er med ulike syntaktiske konstruksjonar, kan òg påverke om dei vurderer ein tekst som vanskeleg eller ikkje. Dette perspektivet vil òg bli presentert.

«Lesbarheit» står sentralt i omtale av klarspråk. Det kan bli definert på fleire måtar, men eg vil halde meg til Björnsson sin definisjon: «[L]äsbarheten är summen av sådana språkliga egenskaper hos en text, vilka gör den mer eller mindre svårtillgänglig för läsaren» (1968, s. 13).

Setninga åleine er ikkje nok til å gi ei fullstendig forklaring på korfor ein tekst blir oppfatta som lett eller vanskeleg. Andre faktorar er bakgrunnskunnskapane til lesaren, kontekst, ordforråd og motivasjon (Wengelin, 2015, s. 14), men desse vil ikkje bli diskuterte vidare.

Av norsk klarspråksforsking er ei leseundersøking gjort av forskarar ved NTNU i samband med prosjektet «Klart lovspråk» (2015) mest aktuell. I undersøkinga blei det brukt tekstar med døme på underordning, men setningane blei ikkje testa som isolert språktrekk. Resultata frå denne undersøkinga, samt anna norsk klarspråksforsking, vil bli presenterte seinare (sjå delkapittel 2.4., 2.5.3.). I tillegg ser Hvenekilde (1983) på setningslengd og om årsakssamanhengar blir uttrykte eller ikkje. Undersøkinga hennar tek ikkje opp setningsstruktur og plassering av lange ledd, og er derfor ikkje aktuell for undersøkinga mi.

Råda over om plassering av komplekse ledd får støtte frå svensk klarspråksforsking. Den viktigaste for denne undersøkinga er Platzack si undersøking av lesbarheit på svensk frå 1974. Svensk og norsk språk har mange likskapar, og det kan derfor vere føremålstenleg å bruke svensk klarspråksforsking heller enn t.d. engelsk.

## 2.1. Kva er klarspråk?

Språkrådet definerer klarspråk som «[...] korrekt, klart og brukertilpasset språk i tekster fra det offentlige.»<sup>1</sup> (Språkrådet, u.å. a). Dette er den gjeldande definisjonen innanfor norsk klarspråkforskning, og eg vil halde meg til denne. Ei ulempe er at han er vag, då det er uklart kva som er meint med «klart» og «korrekt». Det er rimeleg å rekne med at «klart», når det står saman med «brukertilpasset», vil seie eit ordtilfang tilpassa mottakargruppa.

Kva som er meint med «korrekt» blir ikkje presisert på nettstaden, og det er til vanleg ikkje teke opp i anna klarspråklitteratur. I ein e-post frå Språkrådet skriv dei at «[m]ed «korrekt språk» meiner vi språk utan grammatiske feil, skrivefeil og teiknsetningsfeil.» (e-post motteken frå Språkrådet 28.04.2018). Denne delen av definisjonen fell utanfor problemstillinga mi.

## 2.2. Klarspråksråd

I arbeidet med klarspråk har det norske Språkrådet utvikla ei rekkje skriveråd, både om innhald, inndeling i avsnitt, ord, setningar, teiknsetting og rettskriving (Språkrådet, u.å. b). I undersøkinga mi er rådet om setningslengd- og struktur mest aktuelt:

*Ikkje skriv for lange og kompliserte setningar, men sei éin ting om gangen.*

*Del lange setningar som kan delast. Prøv å unngå lange innskot. Vurder om du kan skilje ut innskota som eigne setningar.* (Språkrådet, 2016).

Det er ikkje presisert kva som er meint med ei «lang» eller «komplisert» setning, eller korleis og om dei heng saman, og det har ikkje vore mogleg å finne andre norske kjelder som definerer desse omgrepa.

Om ein ser på det andre avsnittet over, er truleg «kompliserte setningar» det same som «komplekse setningar». I dei svenske klarspråkråda blir «komplekse setningar» beskrivne som setningar med mange innskot (Wengelin, 2015, s. 2), og eg vil halde meg til den svenske definisjonen.

Nedanfor vil klarspråksråd om «lange» og «komplekse» setningar bli behandla kvar for seg, då dei ikkje er vanskelege på same måte.

---

<sup>1</sup> Inspirert av Martin Cutts i *Oxford Guide to Plain English*, 1996 (Språkrådet, u.å. a)

### 2.2.1. Historisk bakgrunn for svenske klarspråksråd

Professor Erik Wellander si bok *Riktig svenska*, utgitt første gong i 1939, la mykje av grunnlaget for moderne svensk klarspråksarbeid. Wellander var merksam på at språk endrar seg, og han har gitt ut *Riktig svenska* i fleire utgåver, den nyaste i 1973. Utgåva frå 1973 er sterkt redigert samanlikna med originalen frå 1939, men det er mange likskapar mellom den første utgåva og nyare språkråd (Molde, 1977, s. 3).

Wellander legg vekt på at ein skal skrive klart, enkelt, kort og svensk (t.d. 1947, s. I-IV; 1973, s. 50, 61, 69, 79). Desse ligg nært «klart og brukertilpasset [...]» i definisjonen til Språkrådet (u.å. a, sjå delkapittel 2.1.). Ideen om kva klarspråk *er* ser med andre ord ut til å vere lik. Det vil seie at råda til Wellander og nyare språkråd ønsker å oppnå det same, noko som er ein føresetnad for i det heile å kunne bruke innhaldet i *Riktig svenska* i nyare klarspråksarbeid.

I både eldre og nyare utgåver tilrår Wellander at setningsstrukturen skal følgje tankerekkefølgja. Med dette meiner han at ord eller ledd som høyrer saman når ein tenkjer, òg skal stå nære kvarandre i setninga (1947, s. 427; 1973, s. 214).

Wellander skriv ikkje om førestilling av syntaktiske ledd i ei heilsetning, men under delkapittelet «Klumpiga ordgrupper» skriv han om føresilte adjektivattributt. Ifølgje Wellander bør adjektivattributt som står framom ordet dei beskriv ikkje vere for lange. Han forklarar dette med at lesaren må hugse for mykje informasjon, t.d. detaljerte beskrivingar av ein eigenskap, før hen får vite kva attributtet står til (1947, s. 489-490). Dette liknar rådet om å unngå brot på vektprinsippet (sjå delkapittel 2.2.4.).

Wellander skriv òg om setningslengd. Han meiner at ein ikkje kan lage ein allmenngyldig regel for kva som er rett setningslengd. Det er opp til "[...] den enskilde författarens stilistiska takt och smak att välja den rätta formen.» Wellander tilrår at ein les teksten høgt og høyrer på rytmen: «[v]iktig är därvid örats vitnesbörd.» (1947, s. 481; 1973, s. 233). Vidare skriv han at om det i det heile finst ein regel, er det at ein må veksle mellom lange og korte setningar (1947, s. 481).

### 2.2.2. Klarspråksråd om setningslengd

Råd om å unngå lange setningar blir støtta av fleire lesbarheitsformlar. Døme på ein slik formel er Carl-Hugo Björnsson sin lesbarheitsindeks (liks) frå 1968 og Flesch-Kincaid Grade Level frå 1975 (Wengelin, 2015, s. 3).

I boka *Norsk i embets medfør* viser professor i nordisk språk Finn-Erik Vinje til liks-utrekning for å vurdere lesbarheit (1977, s. 191). Han legg òg vekt på at liks ikkje tek omsyn til andre faktorar som kan påverke lesbarheit, m.a. lesaren sine lesevanar og temaet i teksten (s. 199). Kor eigna lesbarheitsformlar er til å måle lesbarheit vil bli omtalt seinare (sjå delkapittel 2.3.3.).

### **2.2.3. Klarspråkråd om syntaks**

Det norske Språkrådet (2016) har laga ei sjekklister for skribentar som ein del av arbeidet med klarspråk. Under punkt 4 «Lag klare setningar» handlar tre av totalt fire råd om syntaks:

*Ikkje skriv for lange og kompliserte setningar, men sei éin ting om gangen [...]*

*Bruk heller konkrete verb enn tunge substantiv [...]*

*Ver aktiv når du kan*

I både norske og svenske klarspråkråd blir ein tilrådd å unngå lange innskot (Språkrådet, 2016; Nord, 2011 i Wengelin, 2015). Til dømes skriv det norske Språkrådet (2016) at lange innskot kan gjere det vanskeleg å henge med i teksten. Dette blir støtta av både norsk og svensk klarspråksforskning, t.d. Platzack (1974) og leseundersøkinga frå forskarane ved NTNU (2015). Denne forskinga vil bli presentert grundigare lenger ned (sjå delkapittel 2.4. og 5.3.4. for NTNU, 2.5.4.-2.5.6. for Platzack).

I tillegg blir det på norsk tilrådd at ein skal unngå venstretunge setningar, dvs. setningar med mange ord ein annan stad enn til slutt i setninga (Språkrådet, 1999, s. 47-48). Slike setningar bryt med vektprinsippet (sjå delkapittel 2.2.4.). Argument for korfor ein skal unngå brot på vektprinsippet og forskning som støtter dette blir presenterte lenger ned (sjå delkapittel 2.2.4 og 2.5.6.).

Dei viktigaste råda i samanheng med undersøkinga mi er råda om at ein skal unngå komplekse setningar og venstretunge setningar. Råd om nominalisering vil bli presentert seinare, men blir ikkje diskutert vidare. Det same gjeld rådet om å unngå passiv, sjølv om passivkonstruksjonen vil bli brukt for å illustrere transformasjonsgrammatikken (sjå delkapittel 2.5.).

### **2.2.4. Klarspråk og vektprinsippet**

På både svensk og norsk blir det tilrådd at ein ikkje skal bryte vektprinsippet (Språkrådet, 1999, s. 47-47; Nord, 2011 i Wengelin, 2015, s. 9).



Vektprinsippet er ei deskriptiv beskriving av språket som seier at tunge ledd, dvs. ledd som består av mange ord, oftast kjem til slutt i setningar og frasar (Thorell, 1973, i Platzack, 1974, s. 90). Setningar som bryt med vektprinsippet blir kalla venstretunge setningar (t.d. Lagerholm, 2008, s. 131). Mellom andre Per Lagerholm har påpeikt at det er den syntaktiske kompleksiteten heller enn mengda ord som avgjer om leddet er tungt eller ikkje (2008, s. 221).

Omgrepet «vektprinsipp» blei først introdusert i 1946 av den danske lingvisten Paul Diderichsen. Han beskriv vektprinsippet som «[...] en Tendens til at stille overvægtige Led sidst i Helheden, undervægtige Led længere framme end deres normale Plads [...]» (1974, s. 148).

Kulbrandstad skriv at ledd som består av trykklette ord, spesielt pronomener, kjem tidelg i setninga. Meir omfangsrike ledd kjem seinare i setninga enn mindre omfangsrike ledd med same syntaktiske funksjon. Vidare skriv han at brot på vektprinsippet kan «bidra til å gjøre stilen tung» (2005, s. 262).

I *På godt norsk* skil Fretland mfl. mellom framtunge, midttunge og baktunge setningar. Framtunge setningar er setningar med eit langt ledd framom kjernen. Denne typen setningar blir beskrivne som vanskelege fordi lesaren må hugse mykje informasjon, dvs. mange ord, før hen finn ut kva samanheng leddet står i (1986, s. 127-128).

Midtunge setningar er setningar med eit langt ledd inni kjernen, t.d. mellom hjelpeverbet og hovudverbet. Fretland mfl. skriv at slike konstruksjonar skapar eit brot i setningssamanhengen. Lesaren mistar derfor lett tråden, og midtunge setningar må ofte bli lesne fleire gongar (s. 1986, 127).

Både framtunge og midttunge setningar er brot på vektprinsippet, då begge er døme på setningar med eit langt ledd plassert ein annan stad enn seint i setninga.

Baktunge setningar er setningar der lange ledd kjem til slutt (høgretunge setningar). Fretland mfl. skriv at slike setninga er lettare å oppfatte fordi lesaren allereie kjenner samanhengen når hen kjem til det lange leddet. Vidare skriv dei at slike setningar er dei vanlegaste i talemålet, då det er upraktisk å konstruere lange ledd før ein har klårgjort kva setningssamanheng dei står i. Dei tilrår at ein i skrift bør unngå framtunge og midttunge setningar, då desse som oftast gjer teksten vanskelegare enn det som er naudsynt (1986, s. 128).

Per Lagerholm, universitetslektor<sup>2</sup> ved Lunds universitet, meiner òg at venstretunge setningar kan vere vanskelege å tolke. Han forklarar dette med at det finitte verbalet (hovudverbet) i hovudsetninga er rettleiande for korleis ein skal tolke resten av innhaldet. Dersom forfeltet, dvs. orda som kjem før det finitte verbalet, inneheld mange ord, må lesaren hugse mykje informasjon før hen kjem til hovudverbet (2008, s. 221).

Sjølv om Lagerholm meiner at syntaksen kan påverke lesbarheit negativt, skriv han at syntaks ofte er vektlagd for mykje når ein skal vurdere lesbarheit. Han fokuserer meir på tekststruktur og tekstbinding, dvs. faktorar som går på tvers av enkeltord og -setningar (2008, s. 220, 222).

Forklaringane til både Fretland mfl. og Lagerholm liknar forklaringa til Wellander om korfor ein skal unngå lange førestilte attributt (1947, s. 489-490, sjå delkapittel 2.2.1.).

Råda over har blitt forklarte vitskapeleg, i dei fleste tilfella med utgangspunkt i transformasjonsgrammatikken (TG, sjå delkapittel 2.5.) (Wengelin 2015, s. 10), men ingen av forfatarane over nemner TG. Det er heller ingen av dei som skriv spesifikt om førestilte adverbial når dei omtaler vektprinsippet.

Det har ikkje vore mogleg å finne forskning som seier at venstretunge setningar er vanskelege på norsk, men forskning på svensk har vist at slike konstruksjonar kan vere vanskelege å tolke (sjå delkapittel 2.5.4.-2.5.6.).

### **2.2.5. Klarspråk og nominalisering**

I 1977 såg Platzack på korleis nominalisering kan påverke lesbarheit. Nominalisering blei då, og blir framleis, sett på som ein forvanskande faktor (Platzack, 1977, s. 1; Språkrådet, u.å. b). Han såg spesielt på det som blir kalla «substantivsjuka», dvs. når eit verb blir omskrive til innhaldstomt verb<sup>3</sup> + verbalsubstantiv (1977, s. 2). Døme på substantivsjuka er skilnaden mellom døme 1 a) og 1 b) under.

1 b) Med nominalisering: *Regjeringa la fram forslag om å auke skatten.*

1 a) Utan nominalisering: *Regjeringa foreslo å auke skatten.*

Platzack konkluderte med at substantivsjuka i seg sjølv ikkje var eit problem, gitt at lesaren har ein kontekst. Han hevdar at substantivsjuka kan vere eit symptom på låg lesbarheit, men at dette skuldast at substantivtunge tekstar ofte har eit vanskeleg innhald, heller enn at språket i

---

<sup>2</sup> Tilsvarande norsk førsteamanuensis (Hansen og Burner, 2018; Universitetslektor, u. å.).

<sup>3</sup> Verb som ikkje tilfører meiningsinnhald, t.d. «å gjere» (Språkrådet u. å. c).

seg sjølv er vanskeleg. Til dømes kan innhaldet i ei utredning vere ei årsak til at ho er vanskeleg å forstå (1974, s. 15).

### **2.2.6. Klarspråk og passiv**

I både norske og svenske språkråd blir ein tilrådd å bruke aktiv heller enn passiv. Ifølgje det norske Språkrådet (2016) er det «[...] best å nemne kven som gjer kva, om det ikkje er grunn til å la det vere.». Dei gir ikkje nokon vidare forklaring, men argumentet er truleg at passiv kan gjere det uklart kven som er subjekt i setninga. Dette kan ein sjå i døma deira på passivsetningar og moglege omskrivingar:

**Eksempel 1: *Søknad kan ikke sendes elektronisk.***

Hvem kan ikke sende?

**Forslag til omformulering: *Du kan ikke sende søknaden elektronisk.***

Motstanden mot passiv har blitt kritisert av Løj og Wille. Dei argumenterer for at passivforma i seg sjølv sjeldan gjer ei setning vanskeleg. Det er heller ein kombinasjon av ulike faktorar som påverkar lesbarheita (1985, s. 40-41).

Løj og Wille argumenterer òg for at passiv i fleire tilfelle er å føretrekke framfor aktiv. Døme er tekstar der ein må skilje mellom den som skriv og den hen skriv på vegner av, t.d. når avsendar er ein institusjon, ikkje eit enkeltindivid. I slike tilfelle er det teksten som eining, ikkje kvar enkelt setning som gjer passiv betre eigna enn aktiv for å skape ein upersonleg og nøytral stil (1985, s. 29).

Ifølgje Løj og Wille er passiv òg å føretrekke når fokuset i setninga ikkje ligg på den som har handla. Som døme bruker dei ein avisartikkel om ei kvinne som blei funnen daud. Fokuset er nettopp at ho blei funnen daud, ikkje kven som fann ho (1985, s. 36).

Dei konkluderer med at ein må vurdere bruk av passiv eller aktiv ut i frå vilkår i teksten (t.d. stil), kontekst og forholdet mellom sendar og avsendar (1985, s. 40).

### **2.3. Forsking på klarspråk og setningslengd**

Råda om setningslengd tek som nemnt utgangspunkt i utviklinga av ulike lesbarheitsformlar. Målet med lesbarheitsformlar har vore å bruke kvantitative mål for å vurdere vanskegraden til ein tekst (Wengelin, 2015, s. 3).

Den best kjende svenske lesbarhetsformelen er Carl-Hugo Björnsson sin lesbarhetsindex (lix/likes). (Wengelin, 2015, s. 3). I Noreg har likes m.a. blitt brukt i fleire masteroppgåver om klarspråk (t.d. Hansen, 2016; Rogstad, 2015; Tran, 2013)<sup>4</sup>, og tidlegare hadde Språkrådet ein likesbereknar på <https://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Skriverad/>. Lenka har no blitt fjerna, og Språkrådet påpeiker at likes berre måler kvantitet, ikkje kvalitet (Språkrådet, u.å. c).

Liks-berekning har òg hatt stor påverknad på korleis ein har vurdert lesbarheit internasjonalt. Testen har blitt brukt på svenske skulebøker, men og arbeid med dansk, engelsk, finsk, fransk og tysk språk (Klare, 1984, s. 699).

### 2.3.1. Utviklinga av likes

Liks blei utvikla på grunnlag av resultatane frå to ulike undersøkingar. Den første var ei undersøkinga av svenske skulebøker. I denne undersøkinga såg Björnsson på korleis ulike faktorar påverka lesbarheita til (svenske) skulebøker på ulike nivå. Den andre var ei undersøking med større tekstutval og vaksne informantar (1968, s. 61). I begge undersøkingane konkluderte Björnsson med at gjennomsnittleg setningslengd og prosentdel lange ord var dei beste faktorene for å måle lesbarheit (s. 43). Björnsson definerte ei «lang setning»<sup>5</sup> som ei setning med fleire enn 12 ord (s. 39) og «lange ord» som ord med meir enn seks bokstavar (s. 66).

Liksformelen er  $\text{likes} = \text{gjennomsnittleg setningslengd} + \text{prosentdel lange ord}$  (s. 66).

Gjennomsnittlig setningslengd er mengd ord delt på mengd setningar. Prosentdel lange ord vil seie kor mange prosent av orda i teksten som har meir enn seks bokstavar (Björnsson, 1968, s. 66).

Det bør nemnast at Björnsson ikkje meinte setningslengd og lange ord er den einaste, eller nødvendigvis den beste, måten å måle lesbarheit; «[...] maningslängd och långa ord tillsammans mäter läsbarheten bra. Därmed är det inte sagt att vi gjort det bästa tänkbara mätinstrumentet och att det är omöjligt att göra ett bättre.» (1968, s. 65).

---

<sup>4</sup> Ingen av desse brukte likes som einaste analyseverktøy.

<sup>5</sup> Hå Björnsson varer ei setning frå stor bokstav til eit stort skilleteikn (punktum, spørsmålsteikn, utropsteikn) eller til kolon etterfølgt av stor bokstav (1968, s. 85).

### 2.3.2. Materialet i undersøkingane

Materialet i skulebokundersøkinga var 18 bøker frå ni årstrinn, til saman 162 bøker. Kva for bøker som skulle bli undersøkte, blei bestemd av ei gruppe på til saman åtte ekspertar (lærarar og andre) på kvart trinn. For å kontrollere utvalet, blei bøkene også vurderte av tre klasser frå 5. årstrinn og tre frå 3. årstrinn. Elevane skulle seie kva for trinn dei meinte bøkene passa for. Gruppene frå 5. årstrinn vurderte bøkene som var blitt plukka ut på mellomstadiet, dvs. 4.-6. trinn, dei frå 3. årstrinn bøker på lågstadiet, dvs. 1.-3. trinn (Björnsson, 1968, s. 32).

For å skilje dei to undersøkingane, blir den andre undersøkinga kalla «vaksenundersøkinga». Namnet «vaksenundersøking», dvs. undersøkinga av litteratur for vaksne, er noko misvisande, då tekstutvalet inneheldt alt frå barnebøker til fagbøker (Björnsson, 1968, s. 48).

Totalt inneheldt tekstutvalet 80 ulike tekstar. Desse var henta frå avisar, fag- og skjønnlitteratur og barne- og ungdomslitteratur (Björnsson, 1968, s. 49).

### 2.3.3. Kva faktorar blei undersøkte?

I skulebokundersøkinga blei tolv ulike faktorar testa; uvanlege ord<sup>6</sup>, sentrale ord, ulike ord, ordlengd<sup>7</sup>, lange ord, fleirstava ord, abstrakte ord, personord<sup>8</sup>, setningslengd, lange setningar, leddsetningar per ord og leddsetningar per setning<sup>9</sup> (Björnsson, s. 1968, s. 41).

I skuleboksundersøkinga kom Björnsson fram til at dei best eigna faktorane var setningslengd og lange ord. Desse var derfor dei einaste faktorane som også blei vurderte i vaksenundersøkinga, då dei ti andre faktorane hadde blitt avskrivne som eigna til å måle lesbarheit. I vaksenundersøkinga introduserte han òg ordindeks<sup>10</sup>, personlige pronomen og suffiks. Også her konkluderte han med at gjennomsnittleg setningslengd og mengd lange ord var dei best eigna faktorane for å måle lesbarheit (1968, s. 61).

---

<sup>6</sup> Ord som ikkje inngjekk i dei 1000 (her svenske) vanlegaste orda (Björnsson, 1968, s. 33).

<sup>7</sup> Gjennomsnittlig mengd bokstavar per ord (Björnsson, 1968, s. 41).

<sup>8</sup> Personlege og reflexive pronomen (3. personspronomen berre når det referer til personar eller personifiserte dyr/ting), possessiv, substantiv med naturleg maskulint eller feminint genus og eigennamn (Björnsson, 1968, s. 37).

<sup>9</sup> Høvesvis leddsetningar per 100 ord og leddsetningar per 100 setning (Björnsson, 1968, s. 41).

<sup>10</sup> Nokre ord blir brukte meir i lettlesne tekstar (A-ord), nokre meir i vanskelege tekstar (B-ord). For å få ordindeksen, tek ein alle B-orda – A-orda. Deretter reiknar ein ut kor mange prosent resultatet (B-ord – A-ord) er av alle A- og B-orda til saman

Altså: ordindeks =  $\frac{(B\text{-ord} - A\text{-ord}) \times 100}{(A\text{-ord} + B\text{-ord})}$  (Björnsson, 1968, s. 56).

Som følge av undersøkingane sine valte Björnsson å ikkje inkludere leddsetningar som ein faktor som kan påverke lesbarheit. Dette kan ha mange årsaker, og det er verdt å sjå på korleis han vurderte påverknaden til leddsetningar.

Björnsson undersøkte to lesbarheitsfaktorar knytte til leddsetningar (1968, s. 40):

- 1) leddsetningar per 100 ord.
- 2) leddsetningar per heilsetning

Leddsetningar per 100 ord viste seg å vere lite eigna til å måle lesbarheit, då leddsetningstettleiken lett kan bli den same for lette og vanskelege tekstar. Til dømes vil ein lettlesen tekst med setningar på 10 ord og ei leddsetning i kvar setning, få same snitt som ein vanskeleg tekst med gjennomsnittlig setningslengde på 20 ord og to leddsetningar i kvar setning (Björnsson, 1968, s. 40). Björnsson hevdar derfor at leddsetningar per setning er ein betre måte å måle lesbarheit. Viss mengda leddsetningar per 100 ord er den same i lettlesne og vanskelege tekstar, vil gjennomsnittlig mengd leddsetningar per setning bli høgare i den vanskelege teksten med lange setningar (1968, s. 40).

Sjølv om leddsetningar per setning var eit betre mål på lesbarheit enn leddsetningar per 100 ord, viste undersøkingane at denne faktoren hadde låg validitet, og var lite eigna til å måle lesbarheit (Björnsson, 1968, s. 40). Björnsson forklarar dette med at barn allereie frå tidleg alder skriv setningar som t.d. «När vi hade gått och lagt oss så somnade vi.», altså burde slike setningar ikkje vere vanskelege (1968, s. 40). Ei innvending er at Björnsson berre refererer til ein type leddsetning, når leddsetninga står som førestilt adverbial, og når leddsetninga ikkje er kompleks. Leddsetningar kan ha fleire ulike posisjonar, ulik kompleksitet og ulike semantisk tyding.

Alle desse faktorane påverkar sannsynlegvis lesbarheita til ein tekst (sjå t.d. delkapittel 2.5.6., 2.8.5., 4.1.).

Björnsson skriv òg at leddsetningar kjem med ujamne mellomrom, og at ein derfor må ta svært store stikkprøvar for å få eit gyldig resultat (1968, s. 40-41). Eit argument mot denne forklaringa er at han berre tok utgangspunkt i skulebøker. Skulebøker skal som regel vere lettlesne, og forfattarane kan, meir eller mindre medvetne, ha unngått setningar med mange innskot. Viss det er tilfellet, kan val av materialet ha ført til at mengd leddsetningar per setning som faktor fall bort. Om leddsetningar per setning også hadde blitt undersøkt i vaksenundersøkinga, kunne resultatet kanskje ha vore annleis.

Sidan prosjektet mitt handlar om syntaks og lesbarheit, er ikkje liks aktuelt når eg skal analysere funna mine. Det betyr ikkje at Björnsson sine funn er irrelevante for undersøkinga. Björnsson si forskning er eit godt utgangspunkt for å sjå på *kva* som gjer lange setningar vanskelege.

Fleire språkforskarar har kome fram til at setningsstrukturen heller enn lengda spelar ei viktig rolle for lesbarheita til ei setning (t.d. Platzack, 1974; Vatn mfl., 2015). Ei setning med mange syntaktiske ledd kan vere vanskelegare å forstå enn t.d. ei oppramsing, sjølv når sistnemnde har fleire eller omtrent like mange ord (Lagerholm, 2008, s. 137). Setningar med mange innskot blir (ofte) lange, og mange lange setningar kan derfor vere eit symptom på låg lesbarheit. Lesbarheitsformlar som berre tek utgangspunkt i ord- og setningslengd, t.d. liks, er derfor i seg sjølv ikkje nok til å seie om ein tekst er tunglesen eller ikkje, men gi eit bilete på om teksten er vanskeleg eller ikkje.

#### **2.4. Klarspråksforskning om syntaks**

Mange klarspråksråd knytte til syntaks blir forklarte med utgangspunkt i den generative grammatikken. Spesielt transformasjonsgrammatikken (TG, sjå delkapittel 2.5.) har vore viktig, og forskning på korleis menneske tolkar syntaktisk konstruksjonar er i hovudsak basterte på TG-grammatikk (Wengelin, 2015, s. 10, 13).

På 1960- og 1970-talet blei det gjennomført fleire psykolingvistiske studiar på setningar. Føremålet med desse undersøkingane var i hovudsak å undersøke transformasjonsgrammatikkens (TG, sjå lenger ned) psykologiske realitet. Det vil seie at forskarane ville finne ut om og korleis den grammatiske modellen i TG kan forklare korleis menneske produserer og forstår språk (Gunnarsson, 1982, s. 30).

Den viktigaste studien i denne samanhengen er den svenske lingvisten Christer Platzack si undersøking av svensk syntaks frå 1974. Platzack er den viktigaste forskaren på svensk syntaks og klarspråk, og mange av dei gjeldande klarspråksråda er baserte på arbeida hans (Wengelin, 2015, s. 10). Resultata frå denne undersøkinga vil bli presenterte lenger ned (sjå delkapittel 2.5.6.).

I doktoravhandlinga *Språket och läsbarheten* (1974) ser han på korleis ulike språklege faktorar kan påverke lesbarheita til ein tekst; punktsetting, bruk av *så* for å gjenta førestile adverbiale leddsetningar, *som* for å innleie relativsetningar, setningslengd, innskotne leddsetningar og brot på vektprinsippet (sjå delkapittel 2.2.4.) (s. 7-8). I dette tilfellet er arbeidet med dei to siste mest aktuelt. Han tok utgangspunkt i ein TG-modell frå 1970-talet,

og nyare versjonar av generativ grammatikk og transformasjonsgrammatikk er derfor ikkje relevante her.

Innanfor norsk klarspråksforskning har Eva Maagerø og Dagrun Skjelbred sett på leddsetningar og lesbarheit (2010, s. 139). Dei nemner også førestilte abstrakte adverbial, men ser ikkje på lengda (s. 140). Dei kommenterer at det er vanskeleg å få oversikt over komplekse setningar, men viser til enkeltfunn, ikkje meir omfattande undersøkingar (s. 139-140). I tillegg har Anne Hvenekilde (1983) undersøkt forholdet mellom setningslengd, eksplisitt uttrykte årsakssamanhengar og lettlesen tekst. Ingen av desse bruker transformasjonsgrammatikk for å forklare resultatane sine.

I leseundersøkinga frå NTNU undersøkte dei ikkje førestilling spesifikt, men ungdommar som las forsvarslovane (heimevernloen, vernepliktslova og forsvarspersonelloven) kommenterte at nokre av setningane var framtunge (Fjørtoft og Eriksen, 2015, s. 27). Elles verkar det ikkje som om nokon av informantane har kommentert framtunge setningar. Dette kan skuldast at dei ikkje kunne forklare akkurat kva for struktur som gjer ei setning vanskeleg, og heller omtalte setningane som «lange og tunge» (s. 25).

## **2.5. Transformasjonsgrammatikk i ein klarspråkssamanheng**

Som har mange av dei gjeldande klarspråkråda blitt forklart med utgangspunkt i transformasjongrammatikken (TG) (Wengelin, 2015, s. 11).

Åsa Wengelin, docent ved Institutionen för svenska språket, Göteborgs universitet, stiller seg kritisk til om ein kan bruke transformasjonsgrammatikk for å forklare kva som gjer språk lett eller vanskeleg å tolke. Ho viser mellom anna til at undersøkingar har vist at språkbrukarar med forskjellig språk ikkje behandlar liknande konstruksjonar på same måte. Det er derfor ikkje sikkert at råd som gjeld på engelsk, også gjeld på, i hennar tilfelle, svensk. (2015, s. 10).

Wengelin kritiserer òg undersøkingar gjort innanfor ein TG-modell for å studere lausrivne setningar utan kontekst, medan fleire studiar visar at konteksten spelar ei sentral rolle (2015, 13-14).

TG-grammatikk er likevel viktig for å forstå korleis ein har argumentert for språkråd knytte til syntaks. I denne samanhengen er som nemnt Platcazk (1974) si undersøking mest relevant, men det er naudsynt å først forklare kva TG-grammatikk er.



I dette kapittelet vil forholdet mellom aktiv-passiv bli brukt for å illustrere transformasjonsgrammatikken. Aktiv-passiv illustrerer godt skilnaden mellom djupstruktur og overflatestruktur (2.5.1.) og korfor ein innanfor TG-grammatikken reknar setningar som ligg langt frå strukturen i djupstrukturen som vanskelegare enn setningar som ligg nære djupstrukturen (2.5.2.) (Løj og Wille, 1985, s. 5).

### 2.5.1. Symbol i transformasjonsgrammatikken

Transformasjonsgrammatikk er den tidlegaste versjonen av generativ grammatikk (Lohndal, 2018). I transformasjonsgrammatikken tek ein i bruk ei rekkje ulike symbol, og i dei følgjande delkapitla vil desse symbola bli brukte:

S = startsymbol	Det = determinativ
N = (substantiv og pronomen)	NP = nominalfrase
V = verbal	VP = verbalfrase
P = preposisjon	PP = preposisjonsfrase
A = adjektiv	AP = adjektivfrase
Adv = adverb	AdvP = adverbialfrase
HJ. V = hjelpeverb (AUX hjå Chomsky)	

### 2.5.2. Djupstruktur og overflatestruktur

I transformasjonsgrammatikken tek ein utgangspunkt i at eit språk består av ein abstrakt djupstruktur og ein konkret overflatestruktur, der djupstrukturen er grunnlaget for overflatestrukturen, dvs. dei faktiske ytringane (Platzack, 1974, s. 30). Djupstrukturen består av ei avgrensa mengd grammatiske reglar som dannar dei grunnleggjande setningsstrukturane i eit språk (Chomsky, 1965, s. 16). Dei avgjer mellom anna korleis ein kan byggje opp frasar i ei setning. Djupstrukturen definerer òg dei funksjonelle sambanda i setninga, t.d. plassering av det djupstrukturelle subjektet og objektet (Platzack, s. 32-33).

Dei grunneleggjande strukturane i djupstrukturen kjem til uttrykk i overflatestrukturen gjennom ulike transformasjonar (sjå lenger ned) (Platzack, 1974, s. 30). I transformasjonsgrammatikken antek ein at det er lettast å forstå syntaktiske konstruksjonar som ligg nært djupstrukturen (Wengelin, 2015, s. 10).

Dei abstrakte grammatiske reglane i djupstrukturen er omskrivingsreglar, der eit grammatisk symbol blir erstatta med eitt eller fleire andre. Desse symbola er uttrykk for den grammatiske

kunnskapen til språkbrukaren. Ein kan t.d. ha eit startsymbol, S, som kan bli omskriven til nominalfrase + verbalfrase,  $S \rightarrow NP VP$  (Platzack, 1974, s. 31).

I transformasjonsgrammatikken er  $S \rightarrow NP VP$  den første av omskrivingsreglane i djupstrukturen (Platzack, 1974, s. 31), dvs. at utgangspunktet for ei setning er nominalfrase + verbalfrase. NP og VP kan igjen bli omskrivne med andre symbol.

I setninga «Den hunden hoppar høgt.» kan NP «Den hunden» symboliserast slik:

$NP [_{NP} [_{Det} den] [_{N} hunden]]$

Her blir symbolet NP omskrive til Det (determinativ) N.

$NP \rightarrow Det N$

VP «hoppar høgt» kan symboliserast slik:

$VP [_{VP} [_{V} hoppar] [_{AP} [_{A} høgt]]]$

Her blir symbolet VP omskrive til V AP (adjektivfrase).

$VP \rightarrow V AP$

Symbolet AP  $[_{AP} [_{A} høgt]]$  kan igjen bli omskrive til A (adjektiv).


$AP \rightarrow A$

«Den hunden hoppar høgt» kan derfor bli omskriven slik:

$NP VP \rightarrow Det N V A$

Omskrivinga kan òg bli illustrert som eit tredigram:

**Figur 2.5.2.:**  $NP VP \rightarrow Det N V A$



### 2.5.3. Transformasjonsgrammatikken illustrert med passiv

Forholdet mellom aktiv- og passivkonstruksjonar er godt eigna til beskrive skilnaden mellom djupstruktur og overflatestruktur i transformasjonsgrammatikken. Eg vil derfor beskrive korleis Chomsky beskriv transformasjonen aktiv → passiv, men kva for effekt passivkonstruksjonar har eller ikkje har på lesbarheit på norsk, vil ikkje bli diskutert vidare (1957, i Müller, 2015, 83):

Chomsky laga denne regelen for engelske passivtransformasjonar (1957, i Müller, 2015, 83):

$$\begin{array}{cccc} \text{NP} & \text{V} & \text{NP} & \rightarrow 3_{[\text{HI. v be}]} 2_{\text{en}} [\text{PP} [\text{P by}]] 1] \\ 1 & 2 & 3 & \end{array}$$

Tala svarer til plasseringa ledda har i aktivsetninga. *be* representerer alle bøyningar av hjelpeverbet *to be*, *en* representerer alle affiks som dannar preteritum partisipp, t.d. *-en* i *beaten*, *stolen*, *-ed* i *loved*, *-n* i *known* osv. (i Müller, 2016, s. 83).

Ein tilsvarende regel for nynorsk passiv med hjelpeverb *bli* eller *verte* kan vere

$$\begin{array}{cccc} \text{NP} & \text{V} & \text{NP} & \rightarrow 3_{[\text{HI. v bli/verte}]} 2_{\text{perf.part.}} [\text{PP} [\text{P av}]] 1] \\ 1 & 2 & 3 & \end{array}$$

*bli/verte* representerer alle bøyningar av verba *å bli* og *å verte*. Perf. part. er alle dei ulike bøyningane i perfektum partisipp. På nynorsk blir passivane bøyde i tal og kjønn, i tillegg til at ulike verb har ulik bøyning. Eg bruker derfor perf. part. som uttrykk for alle bøyningane, heller enn ei bøyning som representant for alle kjønn og tal.

Preposisjonsfrasen  $[\text{PP} [\text{P av}]] 1]$  er ikkje naudsynt i alle passivsetningar. Passivsetningar har eit subjekt som ikkje er agens, dvs. den som handlar, men dette er ikkje alltid nemnt i setninga.  $[\text{PP} [\text{P av}]] 1]$  er derfor uttrykk for eit ledd som ikkje alltid er naudsynt i overflatestrukturen. Dette gjeld både norsk og engelsk passiv (Carter et. al. 2016; Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 177).

Transformasjonsregelen kan bli illustrert slik:


[<sub>NP</sub> [<sub>N</sub> Jenta]] [<sub>VP</sub> [<sub>V</sub> kjøpte]] [<sub>NP</sub> [<sub>N</sub> gåvene]]  
 1                      2                      3

Transformasjon →

[<sub>NP</sub> [<sub>N</sub> Gåvene]] [<sub>VP</sub> [<sub>HJ. verb</sub> blei/vart]] [<sub>V</sub> kjøpte] [<sub>PP</sub> [<sub>P</sub> av]] [<sub>NP</sub> [<sub>N</sub> jenta]]  
 3                                      2                                      1

Transformasjonen kan også bli illustrert med eit tredigram:

**Figur 2.5.3.:** *Transformasjon aktiv → passiv*



Innanfor transformasjonsgrammatikken blir passivsetningar rekna for å vere vanskelegare å tolke enn aktivsetningar (Wengelin, 2015, s. 10). Dette blir forklart med at passivsetningar har annleis syntaktisk struktur enn aktivsetningar. Som nemnt definerer grunnstrukturen det funksjonelle sambandet i ei setning. Ifølgje transformasjonsgrammatikken er den nomenfrasen som ligg nærast under startsymbolet i ei setning definert som det djupstrukturelle subjektet, medan det djupstrukturelle objektet er den nomenfrasen som ligg nærast under verbfrasen (Platzack, 1974, s. 33). Platzack hevdar derfor at ein lesar vil anta at den første nominalfrasa er subjektet i setninga (1974, s. 84).

I passivsetningar er derimot den nomenfrasen nærast under startsymbolet ikkje djupstrukturelt subjekt, men djupstrukturelt objekt. Dette kan ein sjå i figur 2.5.3. over. «Jenta» er djupstrukturelt subjekt, men i passivsetninga står «jenta» på objekts plass.

I dei neste avsnitta vil eg beskrive metoden til Platzack, presentere funna hans og vise korleis han med utgangspunkt i TG-grammatikken forklarar korfor setningar som bryt med vektprinsippet kan gjere ein tekst vanskeleg.

#### **2.5.4. Hypotesen til Platzack om syntaks og lesbarheit**

I Platzack si avhandling *Språket och läsbarheten* (1974) er ein av hypotesane om syntaks og lesbarheit

*I de fall vi i en given kontext kan välja mellan de synonyma meningarna  $M_1$  och  $M_2$ , kommer texten att bli lättare att läsa om vi väljer den mening som tillåter läsaren att snabbast uppställa en riktig hypotes om meningens funktionella betydelse, dvs den del av betydelsen som beror av vilka grammatiska funktioner orden har i djupstrukturen (s. 85).*

Med «uppställa en riktig hypotes om meningens funktionella betydelse» meiner Platzack at lesaren først må finne den syntaktiske strukturen i setninga, t.d. subjekt – verbal – objekt. Deretter må hen forstå dei ulike orda etter kva for semantisk funksjon dei har i setninga, t.d. den som handlar (agens) eller den som tek i mot (patiens) (1974, s. 85).

Platzack skriv òg at: «En text med meningar som bryter mot viktprincipen är mindre läsbar än en synonym text med meningar som inte bryter mot denne princip. Läsbarheten defineras her i termer av läshastighet.» (1974, s. 94).

#### **2.5.5. Metoden til Platzack**

I avhandlinga bruker Platzack lesehastigheit som mål på lesbarheit. Etter kvart forsøk rekna han ut lesehastigheita i ord per minutt for kvar enkel informant, og brukte resultatata for å måle lesbarheita til ulike tekstar (1974, s. 22-23).

I forsøka konstruerte Platzack to nesten identiske informerande tekstar. Den einaste skilnaden mellom dei to var at nokre setningar var omskrivne, slik at dei hadde den syntaktiske konstruksjonen han ville undersøke. Informantane fekk ikkje vite at teksten fanst i to versjonar, og det var tilfeldig kven som leste kva for tekst. Før testen fekk dei lese ein kortare dømetekst og svare på spørsmål, slik at dei ble vande med korleis forsøket gjekk føre seg (1974, s. 23).

Forsøksleiar sa at det var ein lesehastighetstest og at informantane skulle lese så fort dei kunne, men framleis forstå innhaldet. Informantane fekk vite at dei kom til å få

fleirvalsoppgåver etter testen og at teksten var så lang at det ikkje var venta at dei skulle kome gjennom heile. Når tida var ute, markerte dei kor langt dei hadde kome. Dei trong ikkje å svare på spørsmål om delar av teksten dei ikkje hadde lese (Platzack, 1974, s. 23).

### **2.5.6. Funna til Platzack**

Platzack undersøkte brot på vektprinsippet i tretten ulike syntaktiske konstruksjonar (1974, s. 95-96), og fann at informantane som las ein tekst med mange brot på vektprinsippet, hadde markant lågare lesehastigheit enn dei som las ein tekst som ikkje braut med vektprinsippet (s. 98). Platzack forklarar dette med at lesaren må lese mange ord før hen kan finne den syntaktiske funksjonen dei har i djupstrukturen (s. 93). Funna til støtter rådet om at tunge ledd bør kome seint i setninga.

På den andre sida fann den amerikanske lingvisten Virginia M. Holmes at det ikkje er nokon generell regel om at setningar med tunge føreledd er vanskelegare enn setningar der heile hovudsetninga kjem før eventuelle underordningar. Ho fann at føresilte adverbialfrasar og nomenfrasar påverkar lesbarheit negativt, men at setningar med relativattributt i subjektet er lettare enn relativattributt i objektet (1973, s. 285). Det har ikkje vore mogleg å finne ut kva for typar adverbial ho undersøkte.

## **2.6. Frekvens for språklege strukturar**

I tradisjonell generativ grammatikk<sup>11</sup> ser ein på grammatisk kunnskap som ein ibuande eigenskap, som ikkje blir påverka av frekvensen til eit ord, ein syntaktisk konstruksjon e.l. (Newmeyer, 2003, i Diessel og Hilpert, 2016, s. 2).

Derimot har forskning frå både kognitiv lingvistik og psykolingvistik vist at frekvens påverkar korleis mennesket forstår lingvistiske strukturar på fleire måtar (Diessel og Hilpert, 2016, s. 1)

Den kognitive lingvistikken har vist at språkbrukaren si erfaring med ulike lingvistiske sekvensar påverkar m.a. korleis ein bygger opp syntaktiske ledd og setningar. (Diessel og Hilpert, 2016, s. 1)

---

<sup>11</sup> «mainstream generative grammar»

Psykolingvistar har vist at tvitydige strukturar<sup>12</sup> ofte blir tolka med utgangspunkt i den tydinga som har høgast frekvens, dvs. både tydinga til orda (leksikalsk frekvens) og strukturen (strukturell frekvens)<sup>13</sup> (Diessel og Hilpert, 2016, s. 1).

Til saman tyder funna frå både psykolingvistikk og kognitiv lingvistikk på at grammatisk kunnskap blir utvikla gjennom språkbrukaren si erfaring (Diessel og Hilpert, 2016, s. 1) heller enn ibuande kunnskap.

### **2.6.1. Frekvens, lesbarheit og språkleg produksjon**

Frekvens er ein viktig faktor for innlæring og for lagring av kunnskap<sup>14</sup> (Logan, 1988; Nosofsky, 1988; Schneider og Chein, 2003; Zacks & Hasher, 2002 i Diessel og Hilpert, 2016, s. 2). Overført til språk vil det seie at mykje brukte ord og konstruksjonar er lettare å hugse enn meir uvanlege ord og konstruksjonar.

Bruksbasert tilnærming<sup>15</sup>, ei form for kognitiv lingvistikk, har vist at jo oftare språklege element blir brukte saman, jo sterkare assosierer ein det eine elementet med det andre (Diessel og Hilpert, 2016, s. 4). Sambandet mellom bruk og prosessering<sup>16</sup> blir kalla «automatisering»<sup>17</sup> (Logan, 1988 i Diessel og Hilpert, 2016, s. 4). Døme er determinativ + substantiv, t.d. «den guten». I ein lesbarheitssamanheng vil det seie at ein struktur som er automatisert, vil vere lettare å forstå enn ein meir uvanleg struktur (Diessel og Hilpert, 2016, s. 18).

Den amerikanske psykologiprofessoren Thomas G. Bever var ein av dei første som la vekt på kor stor påverknad frekvens har på kor lett ein forstår ulike setningar. Som Platzack argumenterer han for at passivsetningar er vanskelegare enn aktivsetningar, men vektlegg frekvens heller enn avstanden mellom djupstruktur og overflatestruktur. Bever hevdar at passivsetningar på engelsk er vanskelegare enn aktivsetningar fordi dei har lågare frekvens enn aktivsetningar, heller enn at dei har gjennomgått ein eller fleire transformasjonar (1970, i Diessel og Hilpert, 2016, s. 18).

Bever bruker òg frekvens for å forklare korfor relativsetningar utan relativord kan vere vanskelege å forstå. På engelsk vil ein vanlegvis anta at den første nomenfrasa i ei setning er

---

<sup>12</sup> Structural ambiguity

<sup>13</sup> Høvesvis «lexical frequency» og «structural frequency»

<sup>14</sup> «storage of knowledge»

<sup>15</sup> «Usage-based approach»

<sup>16</sup> «Processing»

<sup>17</sup> «Automatization»

det handlande subjektet (agens). Slike setningar har høgare frekvens enn passivkonstruksjonar (1970, i Diessel og Hilpert, 2016, s. 18).

Bever bruker dømet «The horse raced past the barn fell». Her vil ein anta at nomenfrasa [<sub>NP</sub> [<sub>Det</sub> The][<sub>N</sub> horse]] er agens, men det er ikkje tilfellet. I dømet er «raced» som preteritumsform av «to race» ikkje mogleg saman med «fell» som preteritum av «to fall», og lesaren må derfor tolke byrjinga av setninga på nytt (1970, i Diessel og Hilpert, 2016, s. 18). Eit tilsvarande døme på norsk er «Ungen bada i badekaret, song».

Seinare forskning har vist at leksikalsk frekvens i stor grad påverkar kor vanskeleg det er å tolke relativsetningar utan relativord. Til dømes hevdar den amerikanske psykologiprofessoren John C. Trueswell at det er enklare å forstå relativsetningar utan relativord dersom verbet i setninga ofte førekjem i passiv (1996, i Diessel og Hilpert, 2016, s. 18). På norsk vil det truleg vere lettare å forstå at det manglar agens i setninga «Pakkene sende frå Paris, kom fram i går.» enn i «Ungen bada i badekaret, song». Dette skuldast at «bada» som passiv av «å bade» er langt mindre vanleg enn «sende» som passiv av «å sende».<sup>18</sup>

Frekvens påverkar ikkje berre korleis ein forstår språk, men òg korleis ein sjølv produserer ytringar. Fleire studiar viser at når ein språkbrukar kan velje mellom fleire språklege uttrykk, vel hen den hen har mest erfaring med, dvs. den konstruksjonen eller det ordet språkbrukaren har høyrd eller lest flest gongar (sjå t.d. Bresnan et. al., 2017) (Diessel og Hilpert, 2016, s. 17).

## **2.6.2. Frekvens i undersøkinga mi**

Frekvens er interessant for undersøkinga mi. Høgfrekvente ord og konstruksjonar er, som vist over lettare å forstå og hugse enn mindre frekvente ord/konstruksjonar. Dette kan ha påverka om og korleis informantane vurderte setningane som blei brukte i undersøkinga mi.

Det har ikkje vore mogleg å finne eit eigna norsk korpus som seier noko om frekvensen til korkje førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial, men førestilt «Fordi» har langt lågare frekvens enn «fordi» plassert ein annan stad i setninga. Dette kan vere årsaka til at førestilt komplekst vilkårsadverbial er langt vanlegare i omskrivingane til informantane enn førestilt komplekst årsaksadverbial (sjå diskusjonskapittelet 5.1.1.).

---

<sup>18</sup> Ingen av passivformene av «å bade» etter «å bli» fekk treff i Oslo-korpuset, uavhengig av målform (Universitetet i Oslo, 2010 b). Søket blei gjort 11. april 2019.



## 2.7. Grunning i form og struktur

Grunning<sup>19</sup> er eit psykologisk fenomen som viser at hjernen lettare hugsar ny informasjon viss han er knytt til allereie kjend informasjon. Dette sambandet blir sterkare jo oftare same eller liknande informasjon førekjem saman (Pace-Sigge, 2013, s. 149), og fører til at hjernen automatisk forbind eitt eller fleire element med kvarandre (s. 151).

Kognitiv lingvistik har vist at grunning har påverknad på kva for ord og strukturar ein språkbrukar vel å bruke. Grunning angår først og fremst korttidsminnet, og påverkar val av struktur og ord fortløpande i ei og same språkhandling. Dersom ein språkbrukar kan velje mellom ulike strukturar eller ord, og ein av desse har blitt brukt tidlegare i språkhandlinga<sup>20</sup>, vil hen truleg velje same struktur/ord vidare (Diessel og Hilpert, 2016, s. 17).

### 2.7.1. Leksikalsk og syntaktisk grunning

Ein skil mellom leksikalsk og syntaktisk grunning.

Leksikalsk grunning er når ein språkbrukar automatisk forbind to eller fleire ord med kvarandre. Døme er ord med semantisk likskap (Pace-Sigge, 2013, s. 159), t.d. «ost» og «kjeks», heller enn «ost» og «bil», og «hund» og «katt» heller enn «hund» og «juletre».

Syntaktisk grunning er «[...] the act of processing an utterance with a particular form facilitates processing a subsequent utterance with the same or a related form.» Med andre ord er syntaktisk grunning når bruk av ein syntaktisk konstruksjon fører til at same språkbrukar gjentek den same eller ein liknande konstruksjon (Pickering og Branigan, 1999, s. 136).

I denne undersøkinga er syntaktisk grunning mest aktuelt, då det kan ha påverka kva for syntaktisk struktur informantane vel å bruke.

### 2.7.2. Grunning i høgfrekvente og lågfrekvente strukturar

Psykologane Michael P. Kaschak, Timothy J. Kutta og John L. Jones ved Departement of Psychology, Florida State University, viste i ei undersøking at lågfrekvente strukturar blir meir påverka av grunning enn høgfrekvente strukturar. Det vil seie at ein i møte med ein lågfrekvent struktur, er meir truande til å etterlikne denne strukturen heller enn å skrive slik ein vanlegvis gjer (2011, s. 1137).

---

<sup>19</sup> «Priming». Eg har henta den norske omsetjinga frå ein artikkel på nettstaden til *Tidsskrift for Norsk psykologforening* (Sletvold, 2008).

<sup>20</sup> «Discourse» (diskurs eller språkhandling), dvs. samtalen eller teksten.

Dei undersøkte grunning på engelsk, og såg på skilnadane mellom den høgfrekvente konstruksjonen med dobbelt objekt (DbIO) og den lågfrekvente konstruksjonen preposisjon + objekt (PO).

Døme 2 a) og 2 b) viser skilnaden på setningar med dobbelt objekt og setningar med preposisjon + objekt.

2 a) DbIO: *Anna gave John the toy./Anna ga John leika.*

2 b) PO: *Anna have the toy to John./Anna ga leika til John.*

Undersøkinga viste at ein språkbrukar som bruker både DbIO og PO i mange tilfelle vil auke bruken av PO etter å ha lese mange PO-konstruksjonar. Ein får ikkje den same endringa i språkbruk dersom ein person som bruker både DbIO og PO les mange DbIO-konstruksjonar, og forholdet DbIO/PO vil vere omtrent det same (Kaschak m.fl., 2011, s. 1134).

I mitt tilfelle kan grunning ha påverka korfor nokre av informantane vel å behalde den lågfrekvente strukturen førestilt årsaksadverbial.

## **2.8. Plassering av adverbial**

Så langt har eg beskrive korleis transformasjonsgrammatikk, frekvens og grunning kan påverke lesbarheit på eit syntaktisk nivå generelt. I dei neste avsnitta vil eg presentere forskning på plassering av adverbial, då spesielt vilkårs- og årsaksadverbial.

Det finst lite forskning på korleis førestilte vilkårs- og årsaksadverbial påverkar lesbarheit på norsk. I *Norsk referansegrammatikk* (NRG) står det korleis semantisk tyding påverkar plasseringa til enkelte typar adverbiale leddsetningar, og det er eit delkapittel om årsaksadverbial innleidde med «fordi». Forskinga i NRG vil bli presentert i neste delkapittel.

Den tyske lingvisten Holger Diessel undersøkte kor tidsadverbial, vilkårsadverbial og årsaksadverbial blei plasserte på engelsk. Denne undersøkinga ligg tematisk nært undersøkinga mi, og vil bli presentert seinare (sjå delkapittel 2.8.2.-2.8.5.)

### **2.8.1. Adverbiale leddsetningar i *Norsk referansegrammatikk***

I *Norsk referansegrammatikk*<sup>21</sup> står det at enkelte typar adverbiale leddsetningar har ei semantisk tyding som gjer at dei sjeldan står førestilt; føremålssetningar, følgjesetningar og

---

<sup>21</sup> Først utgitt i 1997, eg bruker same utgåve, men boka er trykt i 2012.

samanlikningssetningar (Faarlund mfl., 2012, s. 875). Det blir ikkje forklart nøyare korfor tydinga til desse leddsetningane gjer at dei helst står etter verbet.

Referansegrammatikken seier lite om plasseringa til vilkårsadverbial. Vilkårsadverbial er nemnt i delkapittelet om adverbiale eksplikativsetningar, dvs. setningar som uttrykker eit årsak-følgje-forhold (Faarlund mfl., 2012, s. 1033-1034). Om vilkårsadverbial står det at «[d]ersom ein framstiller årsakssamanheng som eit tenkt tilfelle, er leddsetninga ei vilkårssetning» (s. 1034). Grammatikken fokuserer med andre ord på det semantiske ved vilkårsadverbial, ikkje syntaktisk plassering.

Referansegrammatikken har eit eige delkapittel om plassering av årsaksadverbial innleidde med «Fordi». Det står at når leddetinga inneheld kjend informasjon, kan ho stå både føre- og etterstilt. Dersom ho inneheld ny informasjon, står ho etterstilt. Eit av døma på det siste er «Vi har avblåst leitinga, fordi det no er for mørkt.» (Faarlund mfl., 2012, s. 1036). Det er ikkje forklart korfor adverbiale leddsetningar som inneheld ny informasjon står seint i setninga.

### **2.8.2. Plassering av vilkårsadverbial og årsaksadverbial på engelsk**

Diessel undersøkte plasseringa til adverbial på engelsk, og fann at vilkårsadverbial ofte står framom hovudverket, medan årsaksadverbial kjem seint i setninga. Han hevdar at det er tre overordna kognitive faktorar som avgjer kor ein vel å plassere adverbiala; syntaktisk prosessering, språkhandling og semantikk<sup>22</sup> (2005, s. 449).

Fordi Diessel undersøkte engelsk språk, er det ikkje sikkert at dei same resultatane er gyldige for norsk. Engelsk og norsk syntaks er ikkje heilt lik, og det kan derfor vere skilnader i kor språkbrukaren finn det naturleg å plassere adverbiala. Det har som nemnt ikkje vore mogleg å finne norsk forskning på plassering av adverbial, og eg må derfor bruke forskning gjort på andre språk.

Ifølgje Diessel skuldast etterstilling av adverbial at språkbrukaren tek omsyn til syntaktiske prosessar. Førestilling er knytt til språkhandling og semantikk (2005, s. 449). Vidare viser han at vilkårsadverbial ofte er førestilte, medan tidsadverbial og især årsaksadverbial i stor grad er etterstilte (s. 460). Eg vil her berre fokusere på vilkårs- og årsaksadverbial, då tidsadverbial ikkje er med i undersøkinga mi.

«Setning» blir her brukt om ein periode frå stor bokstav til stort skiljeteikn.

---

<sup>22</sup> «Processing forces», «discourse pragmatic forces» og «semantic forces».

### 2.8.3. Syntaktisk prosess – tolking og produksjon av syntaktiske strukturar

Diessel tek utgangspunkt i den engelske lingvisten John A. Hawkins' «performance theory of order and constituency». Hovupoenget i denne teorien er at setningar er bygd opp slik at mottakaren kan finne den syntaktiske funksjonen til ord og frasar i setninga (1994, i Diessel, 2005, s. 455)<sup>23</sup>. Som Platzack argumenterer Hawkins for at mottakaren vil føretrekke konstruksjonar der ein raskt finn funksjonen til kvart ord eller frase (i Diessel, 2005, s. 456).

I setningar med lange føreledd vil det vere vanskelegare å finne funksjonen til kvart ord eller frase enn i setningar med kort føreledd. Dette kan forklare korfor førestilte adverbiale ledd ofte er kortare enn etterstilte (Diessel, 2005, s. 458).

Både Hawkins og Platzack ser i hovudsak på språk frå mottakaren sitt perspektiv. Setningar har ein struktur der *mottakaren* lett kan kjenne att funksjonen til ord og frasar, men dei tek ikkje med *avsendaren* sitt perspektiv.

Den amerikanske lingvisten Thomas A. Wasow meiner at setningsstrukturen blir avgjort av ytringsplanlegging<sup>24</sup>. Han hevdar at ein språkbrukar vil innleie ei setning på ein måte som ikkje pålegg hen å følge ein viss syntaktisk struktur (1997, i Diessel, 2005, s. 458). Dersom setninga er innleidd med eit adverbial, må språkbrukaren formulere ei setning med minst to leddsetningar, ev. leddsetning og setningsfragment. Dette krev større grad av planlegging enn setningar med etterstilt adverbial. Både mottakar og ytrar føretrekk med andre ord etterstilt adverbial (Diessel, 2005, s. 458-459).

Ytringsplanlegging kan ikkje forklare korfor ein likevel får førestilte adverbial, og ein må derfor sjå på dei to andre faktorane; språkhandlinga og semantiske faktorar.

### 2.8.4. Språkhandling og plassering av tunge adverbial

Ifølgje Diessel blir tunge adverbial nokre gongar førestilte grunna funksjonen dei har i språkhandlinga.<sup>25</sup> Førestilte adverbial legg grunnlaget for temaet vidare, og skapar ein tematisk samanheng mellom det som har blitt og det som skal bli ytra. Denne samanhengen kan bli uttrykt eksplisitt, men er i dei fleste tilfelle implisitt (2005, s. 459-460). Døme 3 a) og 3 b) under viser både eksplisitt og implisitt uttrykte tematiske samanhengar. Adverbiala er understreka.

---

<sup>23</sup> «linear ordering is subservient to constituent-structure recognition» (Hawkins, 1994 i Diessel, 2005, s. 455)

<sup>24</sup> «Utterance planning»

<sup>25</sup> «Discourse» hjå Diessel

3 a) Eksplisitt: *Eg sto utanfor skulen og venta på ein venn. Medan eg sto der, kom naboen forbi.*

3 b) Implisitt: *Det reknar og er vått. Dersom det fortsetter, går eg ikkje ut i dag.*

I døme 3 a) gjentek tidsadverbial informasjon frå setninga før. I døme 3 b) viser vilkårsadverbial kva som skal til for at noko skal eller ikkje skal skje, og sett det i samanheng med den førre setninga.

Korkje faktorar knytte til syntaktisk tolking eller språkhandlinga kan forklare korfor vilkårsadverbial oftare blir førestilte enn årsaks- og tidsadverbial (Diessel, 2005, s. 460). Det er derfor naudsynt å sjå på korleis dei semantiske faktorane påverkar adverbiala si plassering i setninga.

### **2.8.5. Semantikk og plassering av tunge adverbial**

Vilkårsadverbial uttrykker vanlegvis kva som skal til for at innhaldet i setninga skal skje. Fordi ein sjeldan kan seie noko sikkert om framtida, blir setningar med vilkårsadverbial i dei fleste tilfelle semantisk tolka som hypotesar, ikkje fakta (Diessel, 2005, s. 461).

Den semantiske tydinga til vilkårsadverbial gjer det meir naturleg å plassere dei tidleg i setninga. Dersom vilkårsadverbial er etterstilt, kan den første delen av setninga bli tolka som fakta heller enn ein hypotese (Diessel, 2005, s. 462).

Årsaksadverbial fungerer ofte som sjølvstendige påstandar, meint for å forklare eller støtte det semantisk slekta innhaldet i hovudsetninga. Føremålet med årsaksadverbial er ikkje å knytte saman innhaldet i ei eller fleire setningar. Ifølgje Diessel forklarar dette korfor årsaksadverbial sjeldan er førestilte (2005, s. 465).

Forklaringa til Diessel støtter referansegrammatikken. Både sjølvstendige påstandar og forklaringar inneheld ny informasjon, og, som nemnt i referansegrammatikken, er slike leddsetningar etterstilte.

Det er derimot ein skilnad mellom plassering av årsaksadverbial i vitskapelege tekstar og i andre språkhandlingar, spesielt samtale. Diessel forklarar dette med at årsaker og forklaringar spelar ulik rolle i ulike samanhengar. I daglegtale og -skrift blir årsaksadverbial oftast brukt for å støtte ein tidlegare påstand, medan dei i vitskapelege tekstar òg blir brukte for å vise til ein konklusjon. Eit årsaksadverbial brukt som støtte for ein påstand står helst etterstilt, medan eit årsaksadverbial brukt for å innleie ein konklusjon ofte står førestilt (2005, s. 465).

### 2.8.6. Plassering av adverbial – oppsummering

Som vist i delkapitla over er det fleire faktorar som påverkar kor ein språkbrukar vel å plassere adverbiala. Diessel nemner tre overordna faktorar; syntaktisk prosessering, språkhandling og semantikk (2005, s. 449).

Syntaktisk prosessering handlar om kor lett det er for mottakaren å finne den syntaktisk funksjonen til ord og frasar i setninga. Ifølgje m.a. Diessel er det vanskeleg å finne den syntaktiske funksjonen til ord og frasar i setningar med lange føreledd, og han meiner syntaktisk prosessering kan forklare korfor førestilte adverbial ofte er kortare enn etterstilte (2005, s. 458).

At nokre tunge adverbial blir førestilte, kan forklarast med funksjonen dei har i språkhandlinga. Førestilte adverbial legg grunnlaget for temaet vidare, og dei skapar ein samanheng mellom ytringane (Diessel, 2005, s. 458-459).

Semantikk kan forklare korfor vilkårsadverbial oftare er førestilte enn årsaksadverbial. Setningar med vilkårsadverbial blir ofte tolka som hypotesar, og det er derfor meir naturleg å plassere desse tidleg i setninga. Dersom vilkårsadverbial kjem seint, kan innhaldet i første del av setninga bli tolka som fakta, sjølv om det er meint som ei moglegheit (Diessel, 2005, s. 461-462).

Årsaksadverbial på si side er ofte sjølvstendige påstandar, meint for å støtte eller forklare noko som allereie er ytra. Det er derfor ikkje naturleg å plassere dei tidleg i setninga (Diessel, 2005, s. 465).

Det finst lite norsk forsking på plasseringa av vilkårs- og årsaksadverbial. *Norsk referansegrammatikk* (NRG) har eit delkapittel om leddsetningar innleidde med «fordi», der det står leddsetningar som inneheld ny informasjon som oftast står sist i setninga (Faarlund mfl., 2012, s. 1036). NRG seier lite om den syntaktiske plasseringa til vilkårsadverbial.


### 2.9. Korleis kan eg bidra?

Fleire studiar viser at ulike språk behandlar liknande konstruksjonar ulikt (MacWhinney mfl., 1984; Cuetos og Mitchell, 1988; Ehrlich mfl., 1990, i Wengelin, 2015, s. 10). Det er ikkje usannsynleg at Platzack sine undersøkingar ville fått same resultat i Noreg og at dei svenske klarspråkråda derfor kan bli brukte for norsk. Ei tilsvarande undersøking bør likevel bli


gjennomført med norske informantar. Eg håpar at undersøkinga mi kan bidra til å bekrefte, avkrefte eller forbetre rådet om at ein må unngå førestilte komplekse ledd.

Under er ein syntaktisk analyse av to av døma som blei brukte i undersøkinga mi. Dei fullstendige tekstane følgjer i vedlegg 1 (tekstdøme 1-4), analyse av alle setningane i vedlegg 3 (figur 3.4. a)-d)):

**Figur 3.4. a):** Setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*



**Figur 3.4. c):** Setning 3: *Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.*



Eg hadde i utgangspunktet tenkt å inkludere tidsadverbial i undersøkinga. Etter søk på nettsida til Haukeland universitetssjukehus, nettsidene til ulike nynorsk kommunar, nynorsk aviskorpus og Norsk Ordboks Nynorsk korpus, fann eg ikkje døme på komplekse, førestilte tidsadverbial. Dette kan tyde på at denne konstruksjonen på norsk ikkje er brukt i den verkelege verda, og er derfor ikkje interessant å undersøke med informantar.

### 3. Metode

I undersøkinga mi gjennomførte eg eit strukturert djupneintervju med 25 informantar frå ulike grupper; 5 nordiskstudentar, 10 realfagsstudentar og 10 informantar utan akademisk utdanning etter 3. vidaregåande skule. I kvart intervju les informanten fire tekstar, kommenterer lesbarheita til ei bestemd setning frå kvar tekst, og skriv om dei aktuelle setningane til ein versjon dei sjølv synest er betre.

Intervjuet består av kvalitative spørsmål, samt oppgåver der svara blir sorterte kvantitativt.

Dei kvantitative funna viser kor mange informantar som endrar eller ikkje endrar setningane som blir undersøkte, og kva for endringar dei gjer. Føremålet med dei kvalitative spørsmåla er å underbygge dei kvantitative funna, dvs. prøve å forklare korfor informantane endrar eller ikkje endrar den syntaktiske strukturen i setningane.

#### 3.1. Bakgrunn for val av metode

Eitt av føremåla med undersøkinga mi er å sjå på korleis lesarar frå ulike grupper subjektivt vurderer ein viss setningskonstruksjon. Dette liknar ei leseundersøking gjort ved NTNU i samband med prosjektet «Klart lovspråk». I undersøkinga såg forskarane m.a. på korleis ulike lesarar oppfattar språket i forskjellige lovtekstar (Fjørtoft et. al, 2015, s. 12). Dei tok, som eg, utgangspunkt i informantane si subjektive oppfatning. Sidan undersøkinga mi og leseundersøkinga delvis ser på det same og tek utgangspunktet i subjektive meiningar, er det føremålstenleg å bruke ein liknande metode som den som blei brukt i leseundersøkinga.

I leseundersøkinga frå NTNU gjennomførte forskarane gruppeintervju med ei gruppe proffbrukarar (personar som bruker lova i yrket og har nokon grad av formell juridisk kompetanse) og to grupper med andre borgarar som den aktuelle lova angjekk (Fjørtoft mfl., 2015, s. 12-13).

Eg hadde same inndeling, der proffbrukarane var bachelorstudentar i nordisk. Desse studentane har teoretisk kunnskap om språk og har eit metaspråk om språk. Dei to andre brukarane var ei gruppe studentar frå Det matematisk-naturvitskapelege fakultet og ei gruppe personar utan akademisk utdanning etter 3. vidaregåande skule. Gruppene blei valde fordi svara deira kan gi eit bilete på om

- 1) det er nokon skilnad på korleis personar med og utan akademisk utdanning vurderer vanskegraden til førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial.



- 2) det er nokon skilnad på korleis personar med og utan offisiell teoretisk språkleg kompetanse vurderer dei ulike setningane.

I motsetnad til i leseundersøkinga valde eg å intervju informantane ein til ein (sjå delkapittel 3.5.3.).

Intervjuguiden som blei brukt i leseundersøkinga, var delt inn i tre delar; ein generell del, ein tekstspezifikk del og ein metadiskusjon (Vatn mfl., 2015, s. 45). Intervjuet i undersøkinga mi har den same tredelinga, men spørsmåla er annleis (sjå delkapittel 3.5.2.).

### **3.2. Intervju som kvalitativ og kvantitativ metode**

I undersøkinga mi er føremålet å finne ut om førestilte komplekse vilkårs- og årsaksadverbial blir oppfatta som vanskelege, dvs. korleis informantar frå ulike grupper opplever denne konstruksjonen med utgangspunkt i informantane si subjektive oppfatning. I metodeboka *Intervju som forskningsmetode: en kvalitativ tilnærming* (2004) skriv Monica Dalen, norsk professor ved Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo, at intervju er den best eigna metoden dersom føremålet med undersøkinga er å finne ut korleis informanten opplever ein situasjon (i Kvernmo, 2010, s. 67). Det er derfor føremålstenleg å bruke intervju for å samle inn data.

I undersøkinga mi valde eg å bruke eit strukturert intervju. I strukturerte intervju er alle spørsmåla utforma før intervjuet blir gjennomført, og alle informantane får same spørsmål i same rekkjefølgje. Svara frå intervjuet blir ofte sorterte i allereie bestemde kategoriar (Postholm, 2010, s. 69), men i undersøkinga mi blei ikkje dei ulike omskrivingane sorterte i ulike kategoriar før etter at alle intervjuva var ferdige. Dette skuldast at det ikkje var mogleg å seie noko om kva for kategoriar som kom til å bli naudsynte før etter at alt materialet var samla inn.

Fordelen med strukturerte intervju er at ein kan samle inn og sortere kvantitative data, samstundes som det er rom for å legge inn opne spørsmål. I undersøkinga mi treng eg kvantitative data om kva for endringar informantane gjer eller ikkje gjer, samstundes som kommentarane deira er naudsynte for å utdjupe svara.

### **3.3. Informantutvalet**

Alle informantane i undersøkinga mi var mellom 20-25 år då intervjuva blei gjennomførte, og har norsk som morsmål. Totalt deltek 25 informantar. 5 er studentar på bachelornivå i nordisk

(NO), 10 er studentar frå Det matematisk-naturvitskapelege fakultet (MN) og 10 personar utan akademisk utdanning etter 3. vidaregåande (andre lesarar).

Av NO-studentane er 4 kvinner og 1 mann. 4 kvinner skriv vanlegvis bokmål, 1 mann bruker begge målformene.

Av MN-studentane er 4 kvinner og 6 menn. 1 kvinne og 1 mann skriv vanlegvis nynorsk, 4 kvinner og 4 menn skriv vanlegvis bokmål.

Av gruppa med andre lesarar er 1 kvinne og 9 menn. 2 menn skriv vanlegvis nynorsk, 1 kvinne og 6 menn skriv vanlegvis bokmål, og 1 mann bruker begge målformene.

8 av informantane frå gruppa med andre lesarar kjem frå vest i Noreg, eit område der nynorsk skriftspråk blir mykje brukt. Det har ikkje vore mogleg å finne ut om, og i så fall korleis, bustad og dialekt kan ha påverka korleis dei vurderte tekstane.

På grunn av den skeive kjønnsbalansen, spesielt i gruppa med andre lesarar og gruppa frå nordisk, vil kjønn ikkje bli rekna som ein faktor som kan ha påverka korleis informantane vurderer setningane. Kva for målform informantane bruker, vil heller ikkje bli rekna med.

### **3.4. Tekstutvalet**

I intervjuet blir det brukt fire ulike tekstar. Tekstdøma er henta frå fire ulike kjelder; tre forskjellige tekstar frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus og ein artikkel frå avisa *Hallingdølen*. Felles for alle døma er at dei er originalskrivne på nynorsk, retta mot eit breitt publikum, har eit nokså enkelt ordtilfang, og dei krev ikkje spesielle førehandskunnskapar.

I alle døma består det førestilte adverbialet av to heilsetningar eller ei heilsetning og eit setningsfragment, bundne saman av ein konjunksjon, enten «og» eller «eller». For å avgrense mengda moglege setningar, ser eg berre på vilkårsadverbial innleidde med «Dersom» og årsaksadverbial innleidde med «Fordi». Ei syntaktisk analyse av kvar setning følgjer i vedlegg 3 (figur 3.4. a)-d)).

Setning 1: Førestilt vilkårsadverbial. Teksten er henta frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus. Teksten handlar om fødsel og barsel. I originalen er setninga innleidd med *om*, i undersøkinga er *om* erstatta med *dersom*. Dette er for å sikre at subjunksjonen *om* ikkje blir forveksla med preposisjonen *om*. Vilkårsadverbialet er understreka.

*Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen. (Helse Berge, u.å. a)*

Setning 2: Førestilt vilkårsadverbial. Dømet er henta frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus. Teksten handlar om Nasjonal behandlingsteneste for uavklarte smerter i ansikt og kjevar. Vilkårsadverbialet er understreka.

*Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta. (Helse Bergen, u.å. b)*

Setning 3: Førestilt årsaksadverbial. Teksten er henta frå ein artikkel i avisa *Hallingdølen*. Artikkelen handlar om ein som blei dømd for å ha svindla dagpengar frå NAV. Årsaksadverbialet er understreka.

*Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner. (Lindahl, 2009, s. 3).*

Setning 4: Førestilt årsaksadverbial. Teksten er henta frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus, og handlar om fødsel, tvillingar/fleirlingar. Nokre nynorskfeil er retta. Årsaksadverbialet er understreka.

*Fordi tvillingar ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk. (Helse Bergen, u. å. c).*

### **3.5. Intervjuet**

Som nemnt er intervjuguiden inspirert av den som blei brukt i leseundersøkinga ved NTNU, men spørsmåla i intervjuet i undersøkinga mi er ikkje dei same. Undersøkinga mi skil seg òg frå leseundersøkinga ved eg gjennomførte ein-til-ein-intervju, medan det i lesarundersøkinga blei brukt gruppeintervju.

### **3.5.1. Prøveintervju**

Før eg intervjuar informantane, blei det gjennomført tre prøveintervju med tre informantar; ein frå nordisk, ein frå Det matematisk-naturvitskapelege fakultet og ein frå gruppa med andre lesarar. Det blei ikkje bestemd at eg skulle ta med den siste gruppa før litt ut i undersøkinga, og den første informanten blei derfor intervjuar etter at eg hadde byrja å intervjuar nordiskstudentar og realfagsstudentar.

### **3.5.2. Intervjuguiden**

Som nemnt bruker eg same tredeling av intervjuguiden som den som blei brukt i leseundersøkinga; ein generell del, ein tekstspesifikk del og metadiskusjon.

Føremålet med undersøkinga mi er å finne ut korleis informantane vurderer ein spesiell setningskonstruksjon, og intervjuguiden min fokuserer derfor meir på syntaktiske konstruksjonar i teksten enn meiningsinnhaldet. Tolking av innhald får stor plass i den generelle delen i intervjuguiden som blei brukt i leseundersøkinga (Vatn mfl., 2015, s. 45), men er ikkje med i undersøkinga mi. Spørsmål om korleis informanten tolkar innhaldet er interessant, men kjem utanfor problemstillinga i denne undersøkinga.

Metadiskusjonen i intervjuguiden min er den same som i leseundersøkinga. Informantane reflekterer over sjølve intervjusituasjonen, dvs. korleis det var å arbeide med oppgåva. Dei får òg moglegheit til å endre eller utvide svara (Vatn mfl., 2015, s. 45).

Intervjuguiden min inneheld desse punkta (sjå vedlegg 2 for heile guiden):

Generell del: Informantane blei spurte om dei hadde erfaring med den typen tekstar eg brukte, og om dei hadde kjennskap til innhaldet i kvar enkelt tekst, t.d. om dei kunne noko om Nasjonal behandlingsteneste for uavklarte smerter i ansikt og kjevar. Slik fekk eg vite kva for førehandskunnskapar informantane hadde om dei ulike temaa.

Tekstspesifikk del: Informantane skulle kommentere ei spesifikk setning, om ho var vanskeleg eller ikkje og korfor. Deretter blei dei bedne om å skrive om setninga til ein versjon dei meinte var enklare, og forklare endringane dei gjorde. Dei las tekstane på papir, men skreiv ned eigne setningar på datamaskina mi.

Metadiskusjon: Informantane blei spurte om korleis dei syntest det var å delta i intervjuet, kva dei syntest om oppgåva, og dei fekk moglegheit til å lese gjennom notata mine og gjere ev. endringar.

Informatane utan akademisk utdanning blei spurde om dei ville sjå nokre alternativ til originalsetningane etter at dei sjølv hadde fått moglegheit til å skrive dei om. Tanken var å gjere intervjuet tryggare, og få tydeleg fram at det ikkje var ein kunnskapstest som kravde gode lese- og skriveferdigheiter. Alle informantane får denne gruppa valde å sjå alternativa. Eg ser i ettertid at alle informantane kanskje burde ha fått moglegheit til å sjå andre forslag til omskrivingar (sjå diskusjonskapittelet 5.2.2.).

Ordlyden i eit av spørsmåla i intervjuet kan ha påverka kva informanten fokuserte på. Spørsmålet er «Synest du setninga er vanskeleg, dvs. utfordrande å lese? Er det noko som «skurrar»?». Formuleringa legg ikkje vekt på kva som kan vere bra med teksten, og merksemda til informanten blir trekt mot kva hen synest er vanskeleg.

Fordelen med ei slik formulering er nettopp at ho rettar merksemda mot det lesaren synast er vanskeleg. Føremålet med undersøkinga er å finne ut om lesaren meiner at førestilte komplekse adverbial påverkar lesbarheita *negativt*. I intervjuet kan det derfor vere føremålstenleg å fokusere på det informanten misliker med setninga. Dersom informanten ikkje synest den syntaktiske strukturen som blir undersøkt har negativ påverknad på lesbarheita, er det ingen grunn til å kommentere ho.

### **3.5.3. Gjennomføring av intervjuet**

I undersøking valde eg å gjennomføre intervjuer informatane på offentlege stader. Unntaket er informantar som blei intervjuet over nett. Intervjua blei gjort individuelt, og det blei ikkje gjort opptak. Svare frå intervjuet er litt mangelfulle, då det varierer kor mykje informantane kan om språk, og kor vande dei er med å reflektere kring språk

Å intervjuer informantane på ulike offentlege stader kan ha ført til ein bakgrunnsstøy. Dette kan han påverka konsentrasjonen til informantane, men av praktiske årsaker var lettare for meg å flytte meg rundt enn å få alle informantane til å kome til meg. I tillegg kan det ha gjort heile intervjusituasjonen tryggare for informantane enn om intervjua hadde gått føre seg ei eit rom med berre meg til stades.

Grunna lang avstand blei nokre av intervjua med informantane utan akademisk utdanning gjort med videooverføring. Eg merka ingen skilnad på å intervjuer over nett og å vere i same rom. Det var heller ingen av informantane frå denne gruppa som kommenterte det, og dei svarte omtrent det same som dei andre informantane på spørsmålet om korleis det syntest det var å delta i intervjuet.

Intervjua i leseundersøkinga frå NTNU blei tekne opp, men eg tok berre notat for hand. Eit gruppeintervju er meir uoversiktleg enn eit individuelt intervju, då kven som snakkar kan skifte raskt. Det derfor vere føremålstenleg å ta opptak, slik at intervjuar i større grad kan delta i samtalen og stille spørsmål.

Å berre ta notat er òg mindre problematisk forskningsetisk, då det er lettare å ivareta personvernet til informantane enn ved opptak. I tillegg er transkribering tidkrevjande.

Forskarane frå NTNU brukte gruppeintervju fordi dei mellom anna såg på korleis ulike grupper i ulike sosiale situasjonar<sup>26</sup> tolka lovtekstane (Fjørtoft mfl., 2015, 11). Ved å la informantane diskutere innhaldet, fekk dei fram fleire ulike tolkingar enn om dei hadde intervjuet ein og ein (Fjørtoft og Eriksen, 2015, s. 17).

Eg kunne òg ha brukt dette i undersøkinga mi. Ein fordel hadde vore at informantane saman kunne kome på fleire ulike formuleringar. Eg valde likevel å intervjuet informantane ein og ein fordi eg er ute etter å få flest mogleg individuelle svar på om ein spesifikk syntaktisk konstruksjon blir oppfatta som vanskeleg eller ikkje.

Det varierer frå informant til informant kor mykje hen seier i intervjuet. Nokre av intervjuet er derfor litt mangelfulle, og seier lite om kva informantane meiner om dei ulike setningane.

Årsaka til at nokre av informantane seier lite, er truleg at dei ikkje er vande med å tenkje over kva som gjer ei setning vanskeleg eller ikkje. I metadiskusjonen svarer mange av informantane at det er vanskeleg å peike på akkurat kva som er vanskeleg med ei setning, noko som kan skuldast mangel på erfaring med å snakke om språk.

### **3.6. Korleis analysere resultatane**

For å analysere resultatane, vil eg samanlikne den overordna syntaktiske strukturen i forslaga til informantane med strukturen i originalsetningane. Svarene er organiserte i ulike tabellar og diagram som til saman viser

- 1) Totalt kor mange som endrar den syntaktiske strukturen i kvar setning, og kor mange som føretrekk originalen.
- 2) Kor mange frå kvar gruppe som endrar kvar setning, og kor mange som føretrekk originalen.

---

<sup>26</sup> Til dømes offiserar samanlikna med ungdom som skal inn i førstegongsteneste

I tillegg ser eg på kommentarane informantane gir, kor konsekvente dei er i om dei endrar eller ikkje endrar originalsetninga(ne), og kva for endringar dei gjer.

Punkta over gjer det mogleg å få eit sannsynleg svar på den overordna problemstillinga «Blir førestilte komplekse adverbial oppfatta som vanskelege?» og dei underordna «Er det skilnad mellom lesarar med og utan akademisk utdanning» og «Er det skilnad mellom korleis ulike lesarar vurderer førestilte komplekse vilkårs- og årsaksadverbial innleide med høvesvis «Dersom» og «Fordi».

### 3.6.1. Inndeling i kategoriar

Svara er sorterte i sju ulike kategoriar etter den syntaktiske strukturen i svara. Desse er «Førestilt ADVL», «Etterstilt ADVL», «Likestilt føre- og etterstilt ADVL», «Punktvis», «Inndeling i fleire setningar», «Forenkla førestilt ADVL» og «Andre konstruksjonar».

I undersøkinga ser eg berre på kva for endringar informantane gjer med det komplekse adverbial i tekstdøma. Kategoriane over gjer det mogleg å skilje svar med ulik plassering eller anna endring av det komplekse adverbial, samstundes som dei utelokkar endringar på frase- eller ordnivå.

«Førestilt ADVL» (komplekst):

«Førestilt ADVL» vil seie førestilt komplekst adverbial.

I svara beheld informanten den syntaktiske strukturen i originalsetninga, dvs. setning innleidd med førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial. Orda treng ikkje å vere dei same. Når ein informant kjem med fleire forslag til same setning der alle forslaga har førestilt adverbial, blir svaret rekna som *eitt* svar i kategorien «Førestilt ADVL».

Døme: originalsetninga er setning 1. Svaret er frå ein av realfagsstudentane.

Vilkårsadverbial er understreka.

Setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

Informant: *Om du har vært i kontakt med lege, jordmor el. fødselsavdelingen, og tilstanden din blir verre er du nødt til å ta kontakt igjen.*

«Etterstilt ADVL» (komplekst):

«Etterstiller ADVL» vil seie komplekst etterstilt adverbial.

I svara flyttar informanten adverbialaet til slutt i setninga. Elles gjeld same krav til omskriving som for «Førestiller ADVL».

Døme: originalsetninga er setning 3. Svaret er frå ein av informantane frå gruppa med andre lesarar, og er det same som mitt forslag til omskriving, alternativ 3 (sjå vedlegg 1). Årsaksadverbiala er understreka.

Originalsetning: Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.

Informant (same som mitt forslag til omskriving, alternativ 3): Bota vart redusert til 5000 kroner fordi han har att å betale 30 000 kroner, og samstundes er arbeidsledig.

«Likestilt føre- og etterstilt ADVL» (komplekst)

I svara kjem informanten med to eller fleire forslag til same setning, og desse har *ikkje* same syntaktiske struktur. Det vil seie svar med eit eller fleire forslag med førestilt vilkårs- eller årsaksadverbial og eit eller fleire forslag med etterstilt vilkårs- eller årsaksadverbial.

Døme: originalsetningane er setning 1. Svaret er frå gruppa med andre lesarar. Det andre alternativet til informanten er det same som mitt forslag til omskriving (sjå vedlegg 1). Vilkårsadverbiala er understreka.

Original: Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.

Informant, forslag 1 (same som original): Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen

Informant, forslag 2 (same som mitt forslag til omskriving): Du må ta kontakt igjen dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg.

«Punktvis»:

I svara lagar informanten ei punktvis liste over innhaldet i setninga.

Døme: originalsetninga er setning 2. Svaret er frå gruppa med andre lesarar.

Vilkårsadverbialaet er understreka.



Original: Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.

Informant:

*Det lokale helseføretaket tilviser til den nasjonale behandlingstenesta dersom*

- *det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram*
- *det manglar kompetanse.*

«Inndeling i fleire setningar»:

I svara kjem informanten med fleire forslag der hen i eit eller fleire av forslaga har delt originalsetninga inn i fleire setningar.

Døme på kategorien «Inndeling i fleire setningar». Originalsetninga er setning 4.

Svaret er frå gruppa med realfagsstudentar. Årsaksadverbialet er understreka.

Originalsetning: Fordi tvillingar ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.

Informant: *Tvillingar blir ofte fødde før termin. Ei følgje av det kan vere at dei ikkje er like utvokst som barn frå svangerskap der det kun har vore eitt born.*

«Forenkla førestilt ADVL»:

Ein av informantane frå gruppa med andre lesarar bruker førestilt årsaksadverbial, men det er ikkje komplekst. Årsaksadverbiala er understreka.

Originalsetning: Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.

Informant: Fordi han var arbeidsledig, blei bota redusert frå 30 000 kroner til 5000 kroner.

«Andre konstruksjonar»:

I tre svar endrar informanten setninga innleidd med årsaksadverbial så mykje at omskrivinga ikkje passar inn i nokre av dei andre kategoriane. Ein av informantane er frå gruppa med andre lesarar, to er nordiskstudentar.

Alle svara er omskrivingar av setning 3.

Setning 3: *Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.*

Informant: *Han skylder fortsatt samfunnet ca. 30 000 kr, men er arbeidsledig, og derfor ble bota redusert til 5000 kr.*

Informant: *I tillegg ble han dømt til å betale en bot på 40.000, men fordi han mangler omkring 30.000, ble boten redusert til 5.000 kr.<sup>27</sup>*

Redigert: *Han blei dømt å betale tilbake det fulle beløpet på 39 913 kroner, av desse har han att 30 000 å betale, men fordi han er arbeidsledig, blei bota redusert til 5 000 kroner.*

### **3.6.2. Definisjon av komplekst ledd**

«Komplekst ledd» vil her seie eit ledd som består av fleire leddsetningar, setningsfragment eller infinitivkonstruksjonar. Infinitivkonstruksjonar liknar at-setningar (Kulbrandstad, 2005, s. 237), og i denne samanhengen blir ledd med infinitivkonstruksjonar rekna som like komplekse som ledd med leddsetningar.

I omtale av klarspråk er ikkje komplekse ledd tydeleg definert. Som nemnt blir «komplekse setningar» beskrivne som setningar med mange innskot i dei svenske språkråda (Wengelin, 2015, s. 2). Når t.d. Lagerholm skriv om vektprinsippet, omtalar han venstretunge setningar som setningar med mange ord framom det finitte verbalet (2008, s. 131), men det er uklart kva som er meint med «mange ord».

I setningane som blei brukte i undersøkinga, var konstruksjonen i det førestilte adverbialleddet leddsetning + leddsetning eller leddsetning + setningsfragment. Ikkje alle omskrivingane til informantane har nøyaktig same syntaktiske konstruksjon. I desse tilfella blir også ledd med leddsetningar og/eller infinitivkonstruksjonar rekna som komplekse ledd.

I ei omskriving av setning 3 endrar informanten strukturen i det førestilte årsaksadverbialleddet til å ikkje bestå av to leddsetningar, men har slått saman innhaldet i leddsetninga og setningsfragmentet til ei førestilt adverbialleddsetning med ein infinitivkonstruksjon som objekt.

---

<sup>27</sup> Her har informanten tolka innhaldet i teksten annleis enn dei andre. Dette kan ha påverka omskrivinga (sjå diskusjonskapittelet, delkapittel 5.4.3.).

Svaret er redigert. Årsaksadverbiala er understreka. Infinitivkonstruksjonen i omskrivinga er markert med feitskrift.

Original: *Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.*

Redigert: *Fordi tiltalte ikkje hadde inntekt til å tilbakebetale trygda på 39.913 kr, blei bota redusert til 5000 kr.*

Denne omskrivinga blir rekna som ein del av kategorien «Førestilt ADVL», ikkje «Forenklar førestilt ADVL», sjå definisjonen på førre side.

### **3.6.3. Utfordring med kategorisering**

Det er ikkje uproblematisk å skulle kategorisere svara til informantane. Eg hadde spesielt tre utfordringar; omskrivinga av heil tekst, ord som fell bort og delvis omskriving av innhald.

Problem 1: Omskriving av heil tekst

Nokre omskrivingar av tekstdøme 1 viser seg å vere vanskeleg å kategorisere. Mange informantar har skrive om heile teksten, eller berre den andre setninga i tekstdømet. Desse svara blir kategoriserte etter syntaksen i den første setninga, dvs. den setninga med same syntaks som setning 2 (tekstdøme 2).

Døme der ein informant skriv om berre den andre setninga i tekstdøme 1:

Tekstdøme 1:

*Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

*Har du ein sjukdom eller det har oppstått ein komplikasjon i svangerskapet, må du kontakte lege, jordmor eller fødeavdelinga om det oppstår ei forverring, eller du får nye symptom som kan vere relatert til dette.*

Informant:

*Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

*Dersom du har en sykdom eller komplikasjon under svangerskapet, må du kontakte sykehuset. Hvertfall hvis det forverrer seg eller du får nye symptomer som kan være relatert.*

Informantane si omskriving av og kommentar til den andre setninga vil ikkje bli rekna med i statistikken. Om eg hadde inkludert den andre setninga i tekstdøme 1, hadde det blitt eit større kjeldemateriale for setningar innleidde med komplekst vilkårsadverbial enn for setningar innleidde med komplekst årsaksadverbial. I tillegg har ikkje denne setninga same syntaktiske struktur som dei andre setningane i undersøkinga mi.

Problem 2: Ord som fell bort

I ei av omskrivingane har nokre av orda falle ut. Originalsetninga (setning 2) er døme på førestilt komplekst vilkårsadverbial, og svaret er derfor òg rekna som døme førestilt vilkårsadverbial. Omskrivinga til informanten er redigert.

*Setning 2: Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.*

*Redigert: ? tiltaka som det lokale helseføretaket ? ikkje fører fram eller om det manglar kompetanse, blir ? send vidare til den nasjonale behandlingstenesta.*

*Mogleg omskriving: Dersom tiltaka som det lokale helseføretaket sett i gang ikkje fører fram eller om det manglar kompetanse, blir pasienten send vidare til den nasjonale behandlingstenesta.*

Problem 3: Delvis omskriving av innhald

I ei omskriving av setning 4 skriv informanten om innhaldet i halve setninga. Denne omskrivinga er tolka som ein del av kategorien «Inndeling i fleire setningar», då informanten avsluttar med punktum.

*Setning 4: Fordi tvillinger ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.*

*Informant: Tvillinger blir ofte født før termin og er derfor mindre enn barn i svangerskap med ett barn. ?*

*Mogleg omskriving: Tvillinger blir ofte født før termin og er derfor mindre enn barn i svangerskap med ett barn. Det kan derfor vere ekstra viktig at barna får morsmelk.*

### 3.6.4. Utrekning av resultata

Totalt skriv kvar av dei 25 informantane fire setningar, to for kvart setningspar innleidd med same type adverbial. Dette gir 100 svar. 50 av svara gjeld plassering av vilkårsadverbial, 50 årsaksadverbial.

Med 50 vilkårssetningar vil kvart svar telle 2 %. Det er tilsvarande for årsaksadverbial. Eg tel derfor antal *svar*, ikkje antal *informantar* der setninga har eller ikkje har blitt endra og kva for endringar.

Viss ein syntaktisk struktur, t.d. førestilt vilkårsadverbial, førekjem i 10 av 50 individuelle svar, utgjer det 20 % av alle svara. Dette er uavhengig av om t.d. 5 informantar har førestilt vilkårsadverbial i begge døma på slike setningar og dei resterande 40 ingen førestilte vilkårsadverbial, om 10 informantar har førestilt vilkårsadverbial i berre eitt av døma og dei resterande 30 ingen osv.

### 3.6.5. Korleis tolke resultata

For å finne ut kva informantane meiner gjer setningane vanskelege eller ikkje og kva som skil dei ulike gruppene, vil eg sjå meir detaljert på dei syntaktiske endringane informantane gjer eller ikkje gjer. Eg vil òg å sjå nøyare på informantane sine kommentarar til dei ulike setningane.

Undersøkinga viser at det er store skilnadar mellom vilkårsadverbial og årsaksadverbial (sjå resultatkapittelet, delkapittel 4.3.1.). Det er derfor føremålstenleg å sjå på kvart setningspar for seg. For kvart par vil eg sjå på:

- 1) dei vanlegaste endringane totalt, dvs. samla antal svar frå alle informantane
- 2) kommentarar frå informantane totalt, dvs. samla antal svar frå alle informantane
- 3) skilnadar mellom dei ulike informantgruppene, både endringar og kommentarar

### 3.6.6. Ordtilfang og nynorsk

I nokre tilfelle kommenterer informantane ordtilfanget i setninga, t.d. «helseføretak» (setning 2). Ein del informantar kommenterer nynorskord- og uttrykk som «tilvise» (setning 2) og «ha att» (setning 3).

Informatante fekk ei munnleg forklaring i alle tilfella der hen syntest enkeltord- eller uttrykk var vanskelege.

## 4. Resultat og analyse

Resultata viser at informantane jamt over ikkje ser på førestilte komplekse adverbial som negativt for lesbarheita. Samstundes er det store skilnadar mellom setningane innleidde med komplekst vilkårsadverbial og setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial, både i kva for endringar informantane gjer og kommentarane til dei ulike setningane. Det er òg stor skilnad mellom korleis dei ulike informantgruppene vurderer setningane.

Funna vil bli presenterte i tabellar og søylediagram.

### 4.1. Hovudfunn

Dei viktigaste funna frå undersøkinga:

- 1) Jamt over føretrekk informantane førestilt adverbial.
- 2) Det er stor skilnad mellom korleis vilkårs- og årsaksadverbiala blir vurderte, der årsaksadverbiala blir vurderte som vanskelegast.
- 3) Det er stor skilnad mellom dei ulike informantgruppene, både i om og i så fall korleis dei endrar setningane, og kva dei fokuserer på når dei skal bedømme lesbarheit. Den største skilnaden er at gruppa utan akademisk utdanning vurderer begge dei adverbiale konstruksjonane som vanskelegare enn det studentgruppene gjer. Dei er òg meir opptekne av syntaks enn dei to andre gruppene.

I undersøkinga er det informanten si subjektive oppfatning av kva som er godt språk som blir målt. Korleis informanten sine omskrivingar ville blitt vurderte av andre, er derfor ikkje relevant i denne samanhengen.

Tabell 4.1. a) og 4.1. b) på neste side gir ei oversikt over funna frå undersøkinga. Vidare i teksten vil funna i dei fleste tilfella bli illustrerte med søylediagram.

Forkortingar:

NO = gruppa med nordiskstudentar

MN = gruppa med realfagsstudentar

Andre = gruppa med informantar utan akademisk utdanning etter 3. vidaregåande skule

**Tabell 4.1. a):** Funn om syntaktiske endringar, vilkårsadverbial

	NO		MN		Andre		Til saman	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%
<i>Førestilt vilkårs-ADVL</i>	10	100 %	18	90 %	11	55 %	<b>39</b>	<b>78 %</b>
<i>Etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0 %	1	5 %	6	30 %	<b>7</b>	<b>14 %</b>
<i>Likestilt føre- og etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Punktvis</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	0	0 %	1	5 %	0	0 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Forenklar førestilt vilkårs-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	0	0 %	0	0 %	0	0 %	<b>0</b>	<b>0 %</b>
<i>Til saman</i>	10	100 %	20	100 %	20	100 %	<b>50</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 4.1. b):** Funn om syntaktiske endringar, årsaksadverbial

	NO		MN		Andre		Til saman	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%
<i>Førestilt årsaks-ADVL</i>	5	50 %	12	60 %	4	20 %	<b>21</b>	<b>42 %</b>
<i>Etterstilt årsaks-ADVL</i>	2	20 %	1	5 %	4	20 %	<b>7</b>	<b>14 %</b>
<i>Likestilt føre- og etterstilt årsaks-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	0	0 %	<b>0</b>	<b>0 %</b>
<i>Punktvis</i>	0	0 %	0	0 %	0	0 %	<b>0</b>	<b>0 %</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	1	10 %	7	35 %	10	50 %	<b>18</b>	<b>36 %</b>
<i>Forenklar førestilt årsaks-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	2	20 %	0	0 %	1	5 %	<b>3</b>	<b>6 %</b>
<i>Til saman</i>	10	100 %	20	100 %	20	100 %	<b>50</b>	<b>100 %</b>

## 4.2. Fokus i undersøkinga

Funna frå undersøkinga mi er baserte på den syntaktiske strukturen til forslaga frå informantane og kommentarane deira til kvar setning. Det viktigaste er kor ofte den syntaktiske strukturen blir endra, korleis han blir endra, vurdering av lesbarheit, skilnadar mellom dei ulike informantgruppene i omskriving og kommentarar, og kor konsekvente informantane er i om dei endrar kvar type adverbial.

#### 4.2.1. Føremål med omskrivingar og kommentarar

Omskrivingane kan vise om informantane synest førestilt komplekst adverbial er eit problem eller ikkje. Dersom informanten vel å behalde det førestilte komplekse adverbial, blir denne konstruksjonen truleg ikkje oppfatta som vanskeleg.

Informantane sine kommentarar og forslag til omskrivingar kan gi ein peikepinn på om førestilte komplekse adverbial i det heile blir oppfatta som vanskelege og korfor. Dei kan òg forklare korfor informantane endrar eller ikkje endrar setningane. I tillegg kan dei vise om det er skilnad mellom kva dei ulike informantgruppene fokuserer på når dei skal bedømme lesbarheit. Dei kan òg seie noko om kva som er felles for dei informantane som gjer same endring.

For å finne ut om dei førestilte adverbiala eg har undersøkt blir oppfatta som vanskelege, skilnadar mellom dei to adverbialtypene og skilnadar mellom dei ulike gruppene, har eg sett på funn frå undersøkinga som viser

- 1) prosent av omskrivingar der den syntaktiske strukturen i setningane blir endra (sjå delkapittel 4.3.1).
- 2) kva for syntaktiske endringar informantane gjer (sjå delkapittel 4.3.1.).
- 3) kva informantane ser på når dei bedømmer lesbarheita til setningane innleidde med høvesvis komplekst vilkårs- og årsaksadverbial (sjå delkapittel 4.4.1 og 4.4.2 for vilkårsadverbial, 4.5.1., 4.5.2. og 4.5.3. for årsaksadverbial).
- 4) skilnadar mellom svara til dei ulike informantgruppene, både setningsforslaga og kommentarane (sjå delkapittel 4.4.3. for vilkårsadverbial og 4.5.4. for årsaksadverbial).
- 5) om informantane er konsekvente i kva for endringar dei gjer/ikkje gjer (sjå delkapittel 4.7.).

Svara frå fleire av informantane blir siterte i teksten. Alle desse informantane har gitt munnleg samtykke til at eg kan gjengi svara deira.

Nokre av informantane blei ikkje spurte om samtykkje til å sitere setningane dei skreiv. I desse tilfella har eg laga døme med tilsvarande syntaks, men endra nokre av orda. Dei redigerte svara er skrivne på nynorsk, uavhengig av kva målform informanten bruker. Slike døme er markerte med «Redigert».



For setningspara med same type adverbial vil eg sjå på syntaktiske endringar og kommentarar som er felles for dei to setningane.

Eg har retta nokre stavefeil, men elles er svara uforandra. Nokre av informantane skriv på bokmål. Desse svara er ikkje omsette til nynorsk.

### **4.3. Syntaks hjå informantane**

Omskrivingane til informantane kan seie noko om førestilt komplekst adverbial blir oppfatta som vanskeleg, om det er skilnad mellom vilkårs- og årsaksadverbial, og om det er skilnad mellom dei ulike informantgruppene. Ein kan få svar på desse punkta ved å sjå på

- kva for setningspar som blir endra og korleis.
- i kor mange omskrivingar informantane frå dei ulike gruppene endrar setningane og korleis.

Til saman viser funna som blir presenterte i dei følgjande avsnitta to store skilnadar:


- 1) Langt fleire informantar beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial enn førestilt komplekst årsaksadverbial. Dette tyder på at førestilt komplekst årsaksadverbial blir oppfatta som vanskelegare enn førestilt komplekst vilkårsadverbial.
- 2) Det er stor skilnad mellom dei ulike informantgruppene.

Grunna den store skilnaden mellom vilkårs- og årsaksadverbial, vil desse bli diskuterte nøyare kvar for seg lenger ned (sjå delkapittel 4.4. for vilkår og 4.5. for årsak).

#### **4.3.1. Syntaktiske endringar av setningane**

Det er fleire skilnadar mellom om og korleis dei to setningspara blir endra. Dette kan ein sjå i figur 4.3.1. a) på neste side.

**Figur 4.3.1. a):** Totalt antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane blant setningar innleidde med vilkårsadverbial og årsaksadverbial. Oppgitt i prosent.



Figuren viser tre store skilnader mellom setningane innleidde med vilkårsadverbial og årsaksadverbial; kor ofte det førestilte adverbialet blir flytta, fordelinga mellom dei ulike kategoriene og kor ofte originalsetningane blir delte inn i fleire setningar.

Den største skilnaden mellom dei to setningspara er kor ofte det førestilte adverbialet blir flytta. I 78 % av alle setningane med vilkårsadverbial vel informantane å behalde den syntaktiske strukturen i originalane.

For årsaksadverbiala vel informantane å behalde det førestilte adverbialet i berre 42 % av svara.

Skilnaden mellom kor ofte informantane flytter det komplekse årsaksadverbialet samanlikna med vilkårsadverbialet, tyder på at lesarane jamt over vurderer setningar innleidde med komplekst vilkårsadverbial som lettare enn setningar innleidde med komplekst årsaksadverbial.

Ein annan skilnad er at setningane med årsaksadverbial er mykje jamnare fordelte mellom dei ulike kategoriane enn setningane med vilkårsadverbial. For vilkårsadverbiala er det ein skilnad på 64 prosentpoeng mellom kategorien «Førestilt adverbial» (78 %) og den kategorien med nest flest førekomstar, «Etterstilt adverbial» (14 %).


For årsaksadverbiala er det berre 6 prosentpoeng mellom «Førestilt adverbial» (42 %) og den kategorien med nest flest førekomstar, «Inndeling i fleire setningar» (36 %).

Skilnaden mellom korleis svara er fordelte mellom dei ulike kategoriane, skuldast at informantgruppene i stor grad vurderer vilkårsadverbiala på same måte. For årsaksadverbiala er det større skilnad mellom informantgruppene, noko som fører til ei utjamning for det samla resultatet (sjå figur 4.3.1. c på neste side).


Ein tredje skilnad er kor ofte originalsetningane blir delte inn i fleire setningar. Setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial blir delte i 36 % av tilfella, medan setningane innleidde med komplekst vilkårsadverbial blir delte i berre 2 % av tilfella.

Det er, i tillegg til dei tre punkta over, skilnad mellom om og ev. korleis dei tre informantgruppene endrar den syntaktiske strukturen i setningane. Skilnaden gjeld både setningane innleidde med komplekst vilkårsadverbial og setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial. Dette kan ein sjå i figur 4.3.1. b) og 4.3.1. c) på neste side.

**Figur 4.3.1. b):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleidde med vilkårsadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*



**4.3.1. c):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleidde med årsaksadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*




#### 4.4. Setningar innleidde med komplekst vilkårsadverbial

Jamt over blir det komplekse vilkårsadverbial sjeldan flytta, noko som kan tyde på at informantane ikkje synest slike setningar er vanskelege. Samstundes er det ein del skilnadar mellom dei ulike informantgruppene (sjå delkapittel 4.4.3.).


Informantane vel å behalde førestilt komplekst vilkårsadverbial i 39 av 50 svar, dvs. 78 % av omskrivingane. Der setningsparet innleidd med komplekst vilkårsadverbial i det heile blir endra, er den vanlegaste endringa å etterstille det komplekse adverbial. Totalt blei vilkårsadverbial etterstilt i 7 av 50 svar (14 %). Dette kan ein sjå i figur 4.4. under.

**Figur 4.4.:** Totalt antal svar om vilkårsadverbial i dei ulike kategoriane. Oppgitt i prosent.



Sjølv om informantane samla føretrekk førestilt vilkårsadverbial, er det stor skilnad mellom dei to studentgruppene på den eine sida og gruppa med andre lesarar på den andre. Dette kan ein sjå i figur 4.3.1 b) på neste side.

**Kopi av figur 4.3.1. b):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleidde med vilkårsadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*



#### 4.4.1. Informantar som beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial

Svara frå intervjuet viser at dei informantane som førestiller det komplekse vilkårsadverbialet, sjeldan kommenterer syntaksen. Dei kjem sjeldan med forklaringar på korfor dei ikkje endrar setningsstrukturen, og den vanlegaste negative kommentaren frå desse informantane er at orda som blir brukte er upresise.

Av dei 40 omskrivingane der informanten vel å behalde det førestilte komplekse vilkårsadverbialet, er 10 svar frå gruppa med nordiskstudentar (dvs. 100 % av svara frå nordiskstudentane), 18 frå gruppa med realfagsstudentar (90 % av svara frå realfagsstudentane) og 11 frå gruppa med andre lesarar (55 % av svara frå denne informantgruppa).

I den delen av intervjuet som handlar om setningane innleidde med komplekst vilkårsadverbial, kommenterer informanten noko anna enn nynorsk og/eller tydinga av

enkeltord i totalt 21 av 50 svar. Av desse er nokre svar svært korte, t.d. at setninga var grei, men utan vidare forklaring.

Berre to informantar nemner setningsstruktur spesifikt, ein nordiskstudent og ein frå gruppa med andre lesarar. Begge kommenterer strukturen i tekstdøme 1. Vilkårsadverbialet er understreka:

Setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

Nordiskstudenten beskriv setningsstrukturen som oversiktleg, men kjem ikkje med utdjupande forklaring.

Informanten frå gruppa med andre lesarar samanliknar setning 1 med mitt forslag til omskriving. Hen beskriv forslaget mitt som rotete, men kjem ikkje med vidare forklaring.

Mitt forslag: *Du må ta kontakt igjen dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg.*

I tillegg kommenterer ein informant frå gruppa med andre lesarar at originalen er meir naturleg enn forslaget mitt. Det er uklart om «naturleg» er meint om strukturen eller noko anna, men sidan ingen av orda er endra i omskrivinga mi, er det nærliggande å tru at informanten snakkar om setningsstrukturen.

Innhaldet i setning 1 og/eller 2 blir beskrive som uklart i totalt 9 intervju. Av desse er 3 nordiskstudentar, 5 realfagsstudentar og 1 frå gruppa med andre lesarar.

Døme på uklart innhald grunna upresise ord er kommentaren til ein av realfagsstudentane. Hen seier at det er uklart kva for tilstand det er snakk om i setning 1, og løyser dette ved å leggje til ein ekstra preposisjonsfrase:

Setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

Informant: *Dersom din tilstand med tanke på svangerskapet endrar seg må du ta kontakt igjen.*

#### **4.4.2. Informantar som etterstiller vilkårsadverbialet**

Av dei 7 svara der informanten vel å etterstille det komplekse vilkårsadverbialet, er 1 realfagsstudent og 6 frå gruppa med andre lesarar. Fordi det er såpass få informantar som gjer

denne endringa, er det vanskeleg å seie om fellestrekk for denne gruppa er reelle eller tilfeldige.

Felles for informantane som etterstiller det komplekse vilkårsadverbial er at dei oftare kommenterer setningsstrukturen enn informantane som vel å behalde det førestilte komplekse adverbialet. Det er færre kommentarar om upresise ord.

Informantane gir få konkrete kommentarar til kvifor dei vel å etterstille adverbialet. Dette kan, som nemnt, skuldast at mange av informantane ikkje er vande med å snakke om språk, eller tenkje over korleis dei skriv (sjå metodekapittelet, delkapittel 3.5.3.) Kommentaraner, der det er nokon, kan likevel gi eit bilete på korfor nokre av informantane vel å etterstille vilkårsadverbialet.

Mange av informantane som etterstiller vilkårsadverbialet, seier at originalen er grei, men at dei føretrekk ein annan versjon (her etterstilt vilkårsadverbial).

Ein av informantane frå gruppa med andre lesarar seier at setningane der originalen har førestilt komplekst vilkårsadverbial, flyt betre om ein etterstiller adverbialet. I begge tilfella føretrekk informanten mitt forslag til omskriving.

Vilkårsadverbiala er understreka.

Setning 1:

Original: Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.

Mitt forslag til omskriving: Du må ta kontakt igjen dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din forverrar seg.

Setning 2:

Original: Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.

Mitt forslag til omskriving: Det lokale helseføretake tilviser til den nasjonale behandlingstenesta dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse.



Ein annan av informantane frå gruppa med andre lesarar kommenterer at strukturen i setning 1 (sjå over) er unaudsynleg vanskeleg, og føretrekk mitt alternativ til omskriving (vedlegg 1). Hen kjem ikkje med ei vidare forklaring på korfor hen meiner strukturen i originalen er vanskeleg.

Informanten frå gruppa med realfagsstudentar etterstiller berre vilkårsadverbialet i setning 2. Vilkårsadverbialet er understreka. Svaret er redigert.

*Setning 2: Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.*

*Redigert: Det lokale helseføretaket vil vise den nasjonale behandlingstenesta dersom tiltaka ikkje fører fram, eller ved mangel på kompetanse.*

Informanten seier at setninga er grei å lese, og kjem ikkje med ei forklaring på korfor hen endrar ho.


#### **4.4.3. Skilnadar mellom informantgruppene – vilkårsadverbial**

Den største skilnaden mellom informantgruppene er kor mange av informantane frå gruppa med andre lesarar som vel å flytte det komplekse vilkårsadverbialet. Denne gruppa beheld førestilt kompleks vilkårsadverbial i berre 55 % av omskrivingane. Dei to studentgruppene beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial i 100 % av omskrivingane for nordisk og 90 % for realfagsstudentane. Dette kan ein sjå i figur 4.3.1. b) på neste side.

Den store skilnaden kan skuldast at dei ulike informantgruppene vektlegg ulike faktorar når dei skal bedømme lesarheit. Dette kan ein sjå i informantane sine kommentarar.

Informantane frå gruppa med andre lesarar fokuserer i stor grad på syntaks, medan studentgruppene ser på ordtilfanget.

**Kopi av figur 4.3.1. b):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleidde med vilkårsadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*



Som nemnt kjem få informantar med forklaringar på korfor dei endrar eller ikkje endrar ei setning. Svara kan likevel gi eit inntrykk av kva dei ulike informantgruppene synest er viktigast når dei bedømmer lesbarheit.

Felles for nordiskstudentane og realfagsstudentane er at dei i liten grad kommenterer setningsstrukturen. I desse to informantgruppene, til saman 30 svar, blir setningsstrukturen berre kommentert ein gong (ein informant frå nordisk).

Svara frå nordiskstudentane har ingen fellesnemnar. Der informanten kommenterer noko anna enn nynorsk og vanskeleg ord, er eitt av svara om syntaks og to om upresise ord. I tillegg er det to svar der informanten kommenterer at innhaldet i teksten kjem tydeleg fram, men utan ytterlegare forklaring. Det er derfor vanskeleg å seie om nordiskstudentane har noko til felles i korleis dei vurderer lesbarheit.

Realfagsstudentane fokuserer i hovudsak på orda som blir brukte i setningane. I alle fire svara der informanten kommenterer noko anna enn nynorsk eller vanskelege ord, seier informanten

at orda er for upresise. Døme er ein informant som kommenterer at det er uklart kva for endring det er snakk om i setning 1.

Setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

Informant: *Om du har vært i kontakt med lege, jordmor el. fødeavdelingen, og tilstanden din blir verre er du nødt til å ta kontakt igjen.*

Informantane frå gruppa med andre lesarar kommenterer langt oftare setningsstrukturen, enten positivt eller negativt. I sju av svara der informanten kommenterer noko anna enn vanskelege ord og nynorsk, er kommentaren knytt til setningsstrukturen. I det eine svaret seier informanten at originalen er meir naturleg enn forslaget mitt, men nemner ikkje strukturen spesifikt. Som nemnt over har eg tolka dette som ein kommentar til setningsstrukturen (sjå delkapittel 4.4.1.).

Ordvalet blir kommentert i berre eitt svar. I setning 1 skriv ein informant om «endrar seg» til «forverrar seg».

I eit anna svar seier informanten at setning 1 kunne ha vore meir spesifikk, men det er uklart om hen meiner ord, setningsstruktur eller noko anna.

Kommentarane tyder på at informantane frå gruppa med andre lesarar i større grad enn dei to andre informantgruppene legg merke til setningsstrukturen når dei skal vurdere lesbarheit. Igjen vil eg påpeike at informantane frå denne gruppa fekk moglegheit til å sjå alternativ med etterstilt adverbial etter sjølv å ha kommentert og prøvd å skrive om setningane. Dette kan ha gjort dei meir merksame på andre moglege formuleringar enn dei to andre gruppene.

#### **4.5. Setningar innleidde med komplekst årsaksadverbial**


Informantane føretrekk førestilt komplekst årsaksadverbial i totalt 21 av 50 svar, dvs. 42 % av svara.

Årsaksadverbiala er ganske jamt fordelte mellom dei to kategoriane «Førestilt årsaks-ADVL» (42 %) og «Inndeling i fleire setningar» (36 %), høvesvis 21 og 18 svar.

Den tredje største kategorien er «Etterstilt årsaks-ADVL» (14 %). «Etterstilt årsaks-ADVL» den nest største kategorien blant svara frå informantane frå gruppa med andre lesarar (sjå figur 4.3.1. c).


Figur 4.5. under viser fordelinga mellom dei ulike kategoriane for omskrivingane av setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial.

**Figur 4.5.:** Totalt antal svar om årsaksadverbial i dei ulike kategoriane. Oppgitt i prosent.



For årsaksadverbiala er det store skilnadar mellom dei tre informantgruppene. I tillegg er det stor spreiding innanfor kvar gruppe. Dette kan ein sjå i figur 4.3.1. c) på neste side.

**Kopi av figur 4.3.1. c):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleide med årsaksadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*



Også her må ein sjå på kommentarane til informantane for å få ein peikepinn på korfor dei gjer eller ikkje gjer ei endring, og kva som skil dei ulike informantgruppene.

Som med vilkårsadverbiala er det få informantar som utdjupar svara sine. Kommentarane er likevel nyttige for å sjå kva som skil informantar som førestiller årsaksadverbialet, informantar som etterstiller årsaksadverbialet, og informantar som deler setninga i fleire setningar.

Det er fleire skilnader mellom kva informantane fokuserer på når dei kommenterer dei to tekstdøma med førestilt komplekst årsaksadverbial (setning 3 og 4, vedlegg 1).

Kommentarane til setning 3 handlar ofte om innhaldet i setninga. Til dømes kommenterer ein informant at det er uklart om tiltalte framleis er arbeidsledig, ein annan at det ikkje kjem tydeleg fram kor høgбота var m.m.

Kommentarane til setning 4 dreier seg oftare om struktur. Til dømes kommenterer ein informant at setninga er lang, ein annan at ho er tung og rotete.

Ikkje alle kommentarane er knytte til lesbarheit. Til dømes kommenterer ein informant at setningar som er innleidde med «Fordi» er mindre saklege. Hen ser med andre ord på stilen heller enn forståing.

Ulikt fokus for dei to setningane ser ikkje ut til å ha påverka antal svar i dei ulike kategoriane, og kvar kategori inneheld omtrent halvt om halvt omskrivingar av setning 3 og 4. Den største skilnaden er kor mange omskrivingar ein finn av kvar setning i kategorien «Inndeling i fleire setningar». Her er det 7 omskrivingar av setning 3 og 11 av setning 4 (sjå tabell 4.5. a) og 4.5. b), vedlegg 3).

#### **4.5.1. Informantar som førestiller årsaksadverbialet**

Totalt vel informanten å behalde det førestilte komplekse årsaksadverbialet i 21 av 50 svar (42 %). Av desse er 5 nordiskstudentar (dvs. 50 % av svara frå nordiskstudentane), 12 realfagsstudentar (60 % av svara frå realfagsstudentane) og 4 informantar frå gruppa med andre lesarar (20 % av svara frå denne gruppa).

Felles for desse informantane er at dei i stor grad kommenterer innhaldet i setningane. Døme er ein av realfagsstudentane sin kommentar til setning 3. Informanten seier at det ikkje kjem tydeleg fram om bota er på 30 000 kroner totalt, eller om han manglar 30 000 av ein annan sum. Informanten løyser problemet med å legge til informasjon i setninga.

Årsaksadverbialet er understreka. Svaret er redigert.

Setning 3: Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.

Redigert: Fordi tiltalte ikkje hadde inntekt til å tilbakebetale trygda på 39.913 kr, blei bota redusert til 5000 kr.

#### **4.5.2. Informantar som etterstiller årsaksadverbialet**

Samla vel informanten å etterstille det komplekse årsaksadverbialet i 7 av 50 svar (14 % av svara). Av desse er 2 nordiskstudentar (20 % av svara frå nordiskstudentane), 1 realfagsstudent (5 % av svara frå realfagsstudentane) og 4 frå gruppa med andre lesarar (20 % av svara frå denne gruppa).

Det er få kommentarar frå dei informantane som vel å etterstille årsaksadverbialet. Dette skuldast først og fremst at det er få informantar som i det heile gjer denne endringa. Det er heller ingen openberr fellesnemnar for kommentarane deira.

### **4.5.3. Informantar som deler setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial**

Totalt vel informanten å dele setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial i 18 av 50 svar (36 %). Av desse er 1 nordiskstudent (10 % av svara frå nordiskstudentane), 7 realfagsstudentar (35 % av svara frå realfagsstudentane) og 10 frå gruppa med andre lesarar (50 % av svara frå denne gruppa).

Informantane som vel å dele ei eller begge setningane innleidd(e) med komplekst årsaksadverbial, kommenterer oftare setningsstrukturen enn dei som føre- eller etterstiller det komplekse årsaksadverbialaet.

Informantane har ulik grunngiving på korfor dei endrar strukturen. Dei fleste seier at strukturen gjer setninga vanskeleg å lese, men ein av informantane seier som nemnt at setningar som byrjar med «Fordi» verkar mindre saklege.

Døme på det første er ein informant som beskriv setning 4 som lang og med for mykje innhald. Omskrivinga er omtrent den same som mitt forslag 2 (vedlegg 1). Den einaste skilnaden er at informanten har endra «før termin» til «for tidleg».

*Setning 4: Fordi tvillingar ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.*


*Informant/mitt forslag 2: Tvillingar blir ofte fødde for tidleg og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn. Det kan derfor vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.*

I originalsetninga får ein vite at 1) tvillingar ofte blir fødde for tidleg, 2) dei er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn og 3) dei treng morsmjølk. I omskrivinga får ein først vite at 1) tvillingar ofte er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn og 2) dei er ofte fødde for tidleg. At dei treng morsmjølk, står åleine i setninga etterpå.

### **4.5.4. Skilnadar mellom informantgruppene – årsaksadverbial**

For årsaksadverbiala er det større skilnadar mellom dei tre informantgruppene og innanfor kvar gruppe enn for vilkårsadverbiala. Dette kan ein sjå i figur 4.3.1. c) på neste side.

**Kopi av figur 4.3.1. c):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane i setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*



Den viktigaste skilnaden er i kor få svar informantane frå gruppa med andre lesarar vel å førestille årsaksadverbiala samanlikna med dei to studentgruppene. Denne gruppa beheld førestilt komplekst årsaksadverbial i berre 20 % av omskrivingane. Nordiskstudentane beheld førestilt komplekst årsaksadverbial i 50 % av omskrivingane og realfagsstudentane i 60 %.

Grunna skilnadane innanfor kvar informantgruppe er det vanskelege finne kva som kan vere årsaka til skilnadane mellom nordiskstudentar, realfagsstudentar og andre lesarar. Ved å sjå på kommentarane til informantane er det likevel mogleg å trekke ut nokre kjenneteikn for kvar gruppe. Dette vil bli diskutert i neste delkapittel.

#### 4.5.5. Kva kommenterer dei ulike informantgruppene?

I den delen av intervjuet som handlar om setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial, kommenterer informanten noko anna enn nynorsk og/eller tydinga av enkeltord i totalt 29 av 50 svar. Av desse er nokre svar svært korte, t.d. at setninga var grei, men utan vidare forklaring.



Informantane frå gruppa med andre lesarar skil seg frå dei to andre ved at dei i berre 20 % (dvs. 4 omskrivingar) vel å behalde det førestilte komplekse årsaksadverbialet. I kommentarane blir setninga ofte beskrive som lang eller tung, og dei vel derfor å endre syntaksen eller dele opp setninga for å gjere ho lettare.

Felles for dei to studentgruppene er at dei i liten grad kommenterer setningsstrukturen. Dei fokuserer heller på tekstbinding og stil. Til dømes kommenterer ein informant at det i setning 3 er utydeleg kva bota var på i utgangspunktet (tekstbinding). Ein annan kommenterer at setningar som byrjar med «Fordi» er mindre saklege (stil).

Det er usikkert korfor nordiskstudentane deler setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial i berre 10 % av svara (dvs. 1 svar), medan gruppa med andre lesarar og realfagsstudentane deler setninga i høvesvis 35 % (7 svar) og 50 % (10 svar) av svara. Dette gjev ein skilnad på 25 prosentpoeng mellom dei to studentgruppene og 40 prosentpoeng mellom nordiskstudentane og gruppa med andre lesarar.

Det er spesielt skilnaden mellom dei to studentgruppene som er overraskande. Dei to gruppene kommenterer og endrar setningane innleidde med komplekst vilkårsadverbial omtrent likt. Det er derfor ingen openberr grunn til at dei behandlar årsaksadverbiala så forskjellig, når dei fokuserer på omtrent det same i kommentarane.

Ei mogleg forklaring på skilnaden mellom nordiskstudentane og realfagsstudentane er at det er færre informantar frå gruppa med nordiskstudentar. Dersom dei to gruppene hadde vore like mange, kunne resultatata ha vore annleis.

På den andre sida er skilnaden såpass stor at færre informantar frå gruppa med nordiskstudentar i liten grad har påverka resultatata. Det er halvparten så mange informantar frå gruppa med nordiskstudentar (5 informantar, dvs. 10 svar) som dei to andre gruppene (10 informantar i kvar, dvs. 20 svar frå kvar gruppe). Om ein gangar antal svar frå gruppa med nordiskstudentar med 2, får ein likevel delt setning i berre 2 av 20 svar. Blant realfagsstudentane er det 7 svar med delt setning og 10 blant gruppa med andre lesarar. Det er derfor ein vesentleg skilnad i antal svar frå kvar gruppe, sjølv om ein doblar antal svar frå gruppa med nordiskstudentar.

#### **4.6. Samla om kommentarane**

Som vist i delkapittel 4.4.1. og 4.5.1. kommenterer informantar som førestiller komplekst adverbial sjeldan syntaksen. Dette kan skuldast formuleringa av eitt av spørsmåla i intervjuet.

Som nemnt i metodekapittelet, vektlegg intervjuet det informanten oppfattar som negativt for lesbarheita til setningane. Informanten blir derfor oppfordra til å svare på det hen synest er vanskeleg. Viss syntaksen ikkje er eit problem, vil hen truleg heller ikkje kommentere han (sjå delkapittel 3.5.2.).

Dersom det er eit samband mellom kva informantane synest er vanskeleg og kva dei kommenterer, kan det forklare korfor informantane frå gruppa med andre lesarar seier meir om syntaksen enn dei andre gruppene (sjå delkapittel 4.5.5.). Som nemnt endrar denne gruppa setningsstrukturen langt oftare enn dei to studentgruppene (sjå t.d. delkapittel 4.3.1.).

#### **4.7. Er informantane konsekvente?**

Om informantane konsekvent beheld førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial kan seie noko om kor vande dei er med å formulere slike setningar (sjå diskusjonskapittelet, delkapittel, 5.1.2.).

Konsekvens kan òg seie noko om reliabiliteten til undersøkinga, dvs. truverdigheita. Dersom informantane er konsekvente i om dei endrar setninga eller ikkje, har tekstdøma som blei brukte i undersøkinga vore syntaktisk like nok. Det vil seie at ulike ord og ulik kontekst i liten grad har påverka korleis informanten vurderer lesbarheita til dei ulike setningane. Ideelt sett har same informant enten endra eller ikkje endra begge setningane frå same setningspar.

Antal svar der informanten konsekvent beheld det førestilte komplekse vilkårs- eller årsaksadverbial, bør svare til antal informantar som førestiller komplekst adverbial x 2. Kvar av dei 25 informantane får to spørsmål om det førestilte vilkårsadverbial og to om det førestilte årsaksadverbial. Maksimalt antal konsekvente par for ein type adverbial er 25, dvs. totalt 50 svar om same type adverbial.

##### **4.7.1. Skilnadar mellom kor konsekvente informantane er – vilkårsadverbial og årsaksadverbial**

Resultata viser at eit stort fleirtal av totalt antal informantar som vel å behalde det førestilte komplekse adverbial, gjer dette konsekvent (sjå tabell 4.7.1., s. 67 og figur 4.7.1., s. 68). Det vil seie at det i dei fleste tilfella er andre faktorar enn strukturen som påverkar korleis informanten vurderer setninga. Dette støtter reliabiliteten til undersøkinga mi, sjølv om det er ein differanse mellom antal svar der informanten vel å førestille det komplekse adverbial og kor mange som gjer dette konsekvent. Reliabiliteten til undersøkinga vil bli diskutert nøyare i diskusjonskapittelet (sjå delkapittel 5.3.1.).

Samstundes viser undersøkinga at det er ein skilnad mellom totalt antal svar der informanten beheld førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial, og antal svar der informanten konsekvent beheld det førestilte komplekse vilkårs- eller årsaksadverbial. Skilnaden gjeld begge setningspara, men er størst for setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial. Konsekvensen hjå kvar informant for dei to typane er klart høgare for setningar med førestilt vilkårsadverbial enn for førestilt årsaksadverbial.


For komplekse vilkårsadverbial vel informantane å behalde det førestilte komplekse adverbial i totalt 39 av 50 svar. 16 av informantane beheld konsekvent førestilt komplekst vilkårsadverbial (32 svar), dvs. 82 % av alle svara med førestilt komplekst vilkårsadverbial.

For førestilt komplekst årsaksadverbial er det mindre samsvar mellom totalt antal svar der informanten beheld førestilt komplekst adverbial og antal informantar som konsekvent beheld førestilt komplekst adverbial. Informantane beheld førestilt komplekst årsaksadverbial i totalt 23 av 50 svar. 8 informantar (16 svar) beheld konsekvent førestilt komplekst årsaksadverbial, dvs. 70 % av svara med førestilt komplekst årsaksadverbial.

**Tabell 4.7.1.: Konsekvente og inkonsekvente informantar**

	Vilkår		Årsak	
	<i>Tal</i>	<i>%</i>	<i>Tal</i>	<i>%</i>
<i>I begge svara</i>	32	82 %	16	70 %
<i>I eitt svar</i>	7	18 %	7	30 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>39</b>	<b>100 %</b>	<b>23</b>	<b>100 %</b>

**Figur 4.7.1.:** *Antal svar der informanten konsekvent beheld førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial. Oppgitt i prosent av totalt antal svar der informanten beheld førestilt komplekst adverbial.*



Skilnaden mellom antal svar med førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial kan tyde på at informantane er meir usikre når dei skal skrive om setningar dei ikkje er vande med, her førestilt komplekst årsaksadverbial.

#### **4.7.2. Skilnadar mellom kor konsekvente dei ulike informantgruppene er**

Realfagsstudentane er klart meir konsekvente enn dei to andre gruppene. Informantane frå gruppa med andre lesarar er minst konsekvente, medan nordiskstudentane plasserer seg mellom desse og realfagsstudentane.

Felles for alle gruppene er at dei er meir konsekvente når dei førestiller det komplekse vilkårsadverbialet enn når det førestiller det komplekse årsaksadverbialet. Dette kan ein sjå i tabell 4.7.2. a) og 4.7.2. b) og figur 4.7.2. på neste side.


**Tabell 4.7.2. a):** *Konsekvent eller ikkje-konsekvent førestilt komplekst vilkårsadverbial*

	NO		MN		Andre	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%
<i>Førestilt i begge svara</i>	10	100 %	16	89 %	6	55 %
<i>Førestilt i eitt svar</i>	0	0 %	2	11 %	5	45 %
<b><i>Førestilt, totalt</i></b>	<b>10</b>	<b>100 %</b>	<b>18</b>	<b>100 %</b>	<b>11</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 4.7.2. b):** *Konsekvent eller ikkje-konsekvent førestilt komplekst årsaksadverbial*

	NO		MN		Andre	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%
<i>Førestilt i begge svara</i>	2	40 %	12	100 %	0	0 %
<i>Førestilt i eitt svar</i>	3	60 %	0	0 %	4	100 %
<b><i>Førestilt, totalt</i></b>	<b>5</b>	<b>100 %</b>	<b>12</b>	<b>100 %</b>	<b>4</b>	<b>100 %</b>

**Figur 4.7.2.:** *Kor konsekvente informantane frå kvar gruppe er. Oppgitt i prosent av totalt kor mange frå kvar gruppe som vel å behalde førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial.*



Skilnaden mellom kor konsekvente dei ulike gruppene er, kan skuldast ulik erfaring med tekst. Dette vil bli diskutert i diskusjonskapittelet (sjå delkapittel 5.2.1.).

#### 4.8. Oppsummering av resultat og analyse

Kort samanfatta viser funna frå undersøkinga:

- 1) Førestilte komplekse adverbial blir i mange tilfelle *ikkje* oppfatta som vanskelege, og informantane føretrekk ofte å behalde førestilt komplekst adverbial (sjå delkapittel 4.3.)
- 2) Førestilt komplekst årsaksadverbial blir jamt over oppfatta som vanskelegare enn førestilt komplekst vilkårsadverbial (sjå delkapittel 4.3.).
- 3) Det er stor skilnad mellom dei ulike informantgruppene for nokre typar omskrivingar. Det er spesielt stor skilnad mellom gruppa med informantar utan akademisk utdanning og dei to studentgruppene. Førstnemnde vurderer førestilt komplekst adverbial, både vilkårs og årsaksadverbial, som vanskelegare enn dei to andre gruppene gjer (sjå delkapittel 4.4.3. for vilkår og 4.5.4. for årsak).
- 4) Det er stor skilnad mellom kva dei ulike informantane fokuserer på når dei vurderer dei ulike setningane. Dette kan ein sjå i kommentarane til informantane (sjå delkapittel 4.5.5.)
- 5) Informantane er meir konsekvente når dei skriv om setningar innleidde med komplekst vilkårsadverbial enn når dei skriv om setningar innleidde med komplekst årsaksadverbial (sjå delkapittel 4.7.1.).

Punkt 1 strid imot rådet om at ein skal unngå førestilt komplekst adverbial. Samstundes viser punkt 2 at det er stor skilnad mellom korleis informantane vurderer setningar innleidde med førestilt komplekst vilkårsadverbial og førestilt komplekst årsaksadverbial. I 78 % av svara vel informanten å behalde førestilt komplekst adverbial, medan informantane beheld førestilt komplekst årsaksadverbial i 42 % av svara. Dette gi ein skilnad på 36 prosentpoeng.

Punkt 2 kan tyde på at det er andre faktorar enn syntaksen som avgjer om setninga blir vurdert som vanskeleg eller ikkje. Desse vil bli diskuterte i neste kapittel (sjå delkapittel 5.1.).

Punkt 3 og 4 viser at det truleg er eit samband mellom kva dei ulike gruppene fokuserer på når dei vurderer lesbarheit, og korleis dei vurderer dei ulike setningane. Informantar som fokuserer på syntaksen, endrar oftare denne enn informantar som ikkje er opptekne av syntaks.

Gruppa med realfagsstudentar er jamt over mest opptekne av ordtilfanget i tekstane, og seier lite om syntaks. Dette kan forklare korfor dei sjeldan endrar syntaksen i setningane.

Realfagsstudentane beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial i 90 % av svara og førestilt komplekst årsaksadverbial i 60 % av svara.

Gruppa med andre lesarar er langt meir opptekne av syntaksen, noko ein kan sjå i kva for endringar dei gjer. Denne gruppa beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial i 55 % av svara og førestilt komplekst årsaksadverbial i berre 20 % av svara. Til saman flytter dei to studentgruppene vilkårsadverbialet i berre 7 % og årsaksadverbialet i omtrent 43 % av svara.

Punkt 5 støtter funna frå punkt 1 og 2. Informantane er meir konsekvente når dei skriv om setningar dei synest er lette enn når dei skriv om vanskelege setningar. Samla beheld informantane konsekvent førestilt vilkårsadverbial i 82 % av svara med førestilt vilkårsadverbial i eitt eller fleire svar. Tilsvarande tal er 70 % for årsaksadverbial.

## 5. Diskusjon

Dette kapitlet tek føre seg moglege forklaringar på dei store skilnadane mellom vilkårsadverbial og årsaksadverbial og mellom dei ulike informantgruppene. Validiteten og reliabiliteten til undersøkinga vil òg bli diskutert.

### 5.1. Kva skuldast skilnadane mellom vilkårs- og årsaksadverbial?

Skilnadane mellom korleis informantane vurderer og endrar setningane innleidde med komplekst vilkårsadverbial og setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial, kan ha fleire årsaker. Ei mogleg årsak er at førestilt vilkårsadverbial har høgare frekvens enn førestilt årsaksadverbial i skriftlege tekstar på norsk. Ei anna årsak kan vere at den semantiske tydinga til vilkårsadverbial gjer at dei ofte kjem tidleg i setninga og motsett for årsaksadverbial (sjå teorikapitlet, delkapittel 2.8.5.).

#### 5.1.1. Frekvens og førestilling av komplekst adverbial

Frekvens kan truleg forklare skilnadane mellom kor konsekvente informantane er når dei beheld det førestilte komplekse vilkårsadverbialet, samanlikna med førestilt komplekst årsaksadverbial. Som nemnt i teorikapitlet, vil ein språkbrukar i mange tilfelle bruke den konstruksjonen hen er mest vand med. Ein konstruksjon med høg frekvens, blir derfor sjeldnare endra enn ein med låg frekvens (sjå delkapittel 2.6.1.).

For å finne frekvensen til førestilt og etterstilt «Dersom/dersom» og «Fordi/fordi» har eg søkt i fire ulike norske tekstkorpus; Norsk Ordboks Nynorsk-korpus, Leksikografisk bokmålskorpus og Oslo-korpuset, både nynorsk- og bokmålsdelen. «Dersom» med stor «D» er her teikn for førestilt vilkårsadverbial, «dersom» med liten «d» for etterstilt. Det er tilsvarande for «Fordi/fordi».

Korleis ein skil mellom føre- etterstil «Dersom/dersom» og «Fordi/fordi», varierer mellom dei ulike korpusa.

Norsk Ordboks Nynorsk-korpus og Oslo-korpuset skil mellom stor og liten bokstav. Søk med stor førebokstav gir alle førekomstar av søkeordet først i ei setning. Søk med liten førebokstav gir alle førekomstar av søkeordet ein annan stad enn først i setninga.

I Leksikografisk bokmålskorpus må ein inn på «extended». Søk på eit ord gir alle førekomstar av søkeordet, og korpuset skil ikkje mellom stor og liten bokstav.



For å finne antal førekomstar av eit ord først i setninga må ein velje punktet «sentence initial» under søkefeltet. Deretter søker ein (i dette tilfellet) på «Dersom», «dersom», «Fordi» eller «fordi». Det spelar inga rolle om ein bruker stor eller liten førebokstav.

For å finne antal førekomstar av ikkje-førestilt «dersom» og «fordi», tek ein antal treff på «Dersom/dersom/Fordi/fordi» - antal treff på «Dersom/dersom/Fordi/fordi» sentence initial.

Døme:

Dersom: 20 treff

Dersom sentence initial: 3 treff

dersom ikkje-førestilt: 20 treff - 3 treff = 17 førekomstar av ikkje-førestilt «dersom».

Norsk Ordboks Nynorsk-korpus, med omtrent 102 millionar ord, er den beste kjelda for å seie noko om frekvensen til førestilt og etterstilt «Dersom/dersom» og «Fordi/fordi» på nynorsk. Korpuset inneheld tekstar frå fleire ulike sjangrar frå 1870-åra til i dag, med hovudvekt på dei siste 50 åra (Norsk Ordbok, u.å.).

I april 2019 inneheld Norsk Ordboks Nynorsk-korpus fleire ord, og har eit større tekstutval enn både nynorskdelen av Oslo-korpuset og Nynorsk avis-korpus.<sup>28</sup>

For bokmål er den beste kjelda Leksikografisk bokmålskorpus, med omtrent 100 millionar ord. Som Norsk Ordboks Nynorsk-korpus inneheld korpuset tekstar frå fleire ulike sjangrar, men tekstane er frå 1985 til 2013 (Universitetet i Oslo, 2010 a).

Eit søk i Norsk Ordboks Nynorsk-korpus 26. mars 2019 ga desse resultatane (Universitetet i Oslo, u.å. a.):

**Tabell 5.1.1. a):** Søk i Norsk Ordboks Nynorsk-korpus 26. mars 2019 (Universitetet i Oslo, u.å. a)

	<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>		<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>
<i>Dersom</i>	16 394	36 %	<i>Fordi</i>	1 761	5 %
<i>dersom</i>	28 848	64 %	<i>fordi</i>	31 888	95 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>45 242</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>33 649</b>	<b>100 %</b>

<sup>28</sup> Per 9. april 2019: Oslo-korpuset av tagga norske tekstar (nynorskdelen): omtrent 3,8 millionar ord, bokmålsdelen: omtrent 18 millionar ord (Universitetet i Oslo, 2010 b). Nynorsk avis-korpus: 479 914 ord (Norwegian Newspaper Corpus Nynorsk, u.å.).

Eit søk i Leksikografisk bokmålskorpus 10. april 2019 ga desse resultat (Knudsen og Fjeld, 2013):

**Tabell 5.1.1. b):** *Søk i Leksikografisk bokmålskorpus 10. april 2019 (Knudsen og Fjeld, 2013)*

	<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>		<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>
<i>Dersom</i>	8 121	33 %	<i>Fordi</i>	4 792	8 %
<i>dersom</i>	16 497	67 %	<i>fordi</i>	57 811	92 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>24 618</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>62 603</b>	<b>100 %</b>

Tala over viser at førestilt «Dersom» har langt høgare frekvens enn førestilt «Fordi». Dei viser òg at skilnaden mellom frekvensen til «Fordi» og «fordi» er mykje større enn mellom «Dersom» og «dersom».

Den store skilnaden mellom frekvensen til «Fordi» og «fordi» kan forklare korfor informantane i så stor grad vel å ikkje førestille «Fordi». Mindre skilnad mellom «Dersom» og «dersom» kan forklare korfor informantane i stor grad beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial.

Eit søk i Oslo-korpuset, både nynorsk- og bokmålsdelen, viser omtrent det same forholdet mellom «Dersom/dersom» og «Fordi/fordi» (Universitetet i Oslo, 2010 b). Søket blei gjort 10. april 2019.

Oslo-korpuset (nynorskdelen)

**Tabell 5.1.1. c):** *Søk i Oslo-korpuset (nynorskdelen) 10. april 2019 (Universitetet i Oslo, 2010 b)*

	<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>		<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>
<i>Dersom</i>	595	32 %	<i>Fordi</i>	64	6 %
<i>dersom</i>	1 242	68 %	<i>fordi</i>	937	94 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>1 837</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>1 001</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 5.1.1. d)** *Søk i Oslo-korpuset (bokmålsdelen) 10. april 2019 (Universitet i Oslo, 2010 b)*

	<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>		<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>
<i>Dersom</i>	5 769	41 %	<i>Fordi</i>	523	6 %
<i>dersom</i>	8 444	59 %	<i>fordi</i>	7 727	94 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>14 213</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>8 250</b>	<b>100 %</b>

Det har ikkje vore mogleg å finne norsk forskning som seier noko om korfor vilkårsadverbial oftare er førestilte enn årsaksadverbial. Som nemnt i teorikapittelet kan dette på engelsk skuldast den semantiske tydinga til ulike adverbial, men det er ikkje mogleg å korkje bekrefte eller avkrefte om det same gjeld på norsk (sjå delkapittel 2.8.5.).

### **5.1.2. Frekvens og konsekvens**

Frekvens kan truleg òg forklare korfor informantane er meir konsekvente når dei beheld førestilt vilkårsadverbial samanlikna med årsaksadverbial. Som vist i teorikapittelet har ein lettare for å bruke høgfrequente strukturar. Det er derfor sannsynleg at informantane vel å behalde strukturar dei allereie er vande med, her førestilt vilkårsadverbial (sjå delkapittel 2.6.1.). Det ser ut til at endringane blir meir tilfeldige når informantane skal skrive om meir ukjende strukturar, i dette tilfellet førestilt årsaksadverbial.

### **5.1.3. Syntaktisk grunning og val av konstruksjon**

Syntaktisk grunning (sjå teorikapittelet, delkapittel 2.7.3.) kan ha påverka informantane i undersøkinga mi til å velje førestilt årsaksadverbial i tilfelle der dei elles ville ha valt etterstilt årsaksadverbial.

Det har ikkje vore mogleg å finne norsk forskning på grunning, og undersøkinga mi er for lita til å kunne seie noko om i kor stor grad grunning har påverka svara til informantane i undersøkinga. Det er likevel ikkje umogleg at grunning kan ha påverka resultatane mine.

### **5.1.4. Semantiske årsaker**

Den semantiske tydinga til årsaksadverbial kan kanskje forklare korfor informantane vel å ikkje førestille det komplekse årsaksadverbialet i setningane som blei brukte i undersøkinga.

Som nemnt står det i *Norsk referansegrammatikk* at leddsetningar som inneheld ny informasjon, står sist i setninga (Faarlund mfl., 2012, s. 1036). Begge setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial (setning 3 og 4) som blei brukte i undersøkinga mi, er døme

på slike setningar. Om ein følgjer referansegrammatikken, vil dette seie at årsaksadverbialet bør kome seint i setninga, uavhengig av kompleksitet.

## **5.2. Kva skuldast skilnadane mellom informantane?**

Som vist i resultatkapittelet beheld realfagsstudentane førestilt komplekst vilkårs- og årsaksadverbial i dei fleste svara. Dei beheld førestilt komplekst vilkårsadverbial i 90 % av svara og årsaksadverbial i 60 % av svara. Realfagsstudentane er òg den gruppa som er mest konsekvent i om dei beheld førestilt komplekst adverbial eller ikkje, uavhengig av type adverbial.

Nordiskstudentane vel å behalde førestilt komplekst vilkårsadverbial i alle svara, men førestilt komplekst årsaksadverbial i berre 50 % av svara. Dei er mindre konsekvente enn realfagsstudentane.

Informantane frå gruppa med andre lesarar føretrekk førestilt komplekst adverbial i langt færre svar enn dei to andre gruppene.<sup>29</sup> Dei beheld komplekst førestilt vilkårsadverbial i 55 % av svara og årsaksadverbial i berre 20 % av svara. Informantane frå denne gruppa er òg mindre konsekvente enn både nordiskstudentane og realfagsstudentane (sjå delkapittel 5.2.2.).

Ei mogleg forklaring på denne skilnaden er at informantane har ulik erfaring med tekst. I tillegg fekk berre informantane frå gruppa med andre lesarar sjå alternativ til omskrivingar, noko som kan ha påverka skilnadane mellom dei tre gruppene.

### **5.2.1. Ulik erfaring med tekst**

Skilnaden mellom dei to studentgruppene kan forklarast med skilnaden mellom studia. Realfagsstudentane er vande med å skrive tekstar som følger eit fast mønster, t.d. rapportar. Dette kan føre til at dei vel å halde seg til ein syntaktisk struktur, uavhengig av type adverbial. På nordiskstudiet skriv og les ein heilt andre typar tekstar, noko som kan føre til at nordiskstudentane uttrykker seg annleis.

Noko som kan ha påverka begge studentgruppene, er at dei blei intervjuet på studiestaden. Når studentane er på universitetet, er det sannsynleg at dei er i «skulemodus». Dette kan føre til at dei held seg til dei skriftlege formuleringane dei ville brukt i ein skulesamanheng. Dersom det er tilfellet, kan val av intervjustad ha forsterka skilnadane mellom omskrivingane til

---

<sup>29</sup> Informantane frå denne gruppa føretrekk førestilt komplekst vilkårsadverbial i 55 % av svara og førestilt årsaksadverbial i 20 % av svara.

realfagsstudentane og nordiskstudentane og mellom studentgruppene og gruppa med andre lesarar.

Gruppa med andre lesarar skriv truleg mindre i arbeidslivet, og har kanskje mindre erfaring med tekst. Dette kan forklare korfor dei er såpass inkonsekvente samanlikna med dei to andre gruppene. Som vist over er informantane truleg inkonsekvente når dei skriv om uvande konstruksjonar, her førestilt årsaksadverbial. Dersom gruppa med andre lesarar generelt les og skriv mindre enn dei to andre gruppene, vil alle konstruksjonane vere meir ukjende i skriftleg form for informantane frå denne gruppa.

### **5.2.2. Alternativ til omskrivingar for gruppa med andre lesarar**

Som nemnt fekk gruppa med andre lesarar sjå nokre alternativ til ulike omskrivingar (sjå metodekapittelet, delkapittel 3.5.2.). Dette kan ha forsterka skilnadane mellom dei tre gruppene. Det er ikkje sikkert at studentane hadde føretrekt alternative mine, men alternativa kunne ha vore eit utgangspunkt for andre omskrivingar. Det er ikkje mogleg å seie kva utfallet ville ha blitt dersom alle informantane hadde fått moglegheit til å sjå dei ulike alternativa.

Eit argument for at skilnadane hadde vore omtrent dei same, er at informantane i utgangspunktet kommenterte ulike sider ved setningane. Som vist i resultatkapittelet (4.7.) var realfagsstudentane først og fremst opptekne av ordtilfanget i setningane. Det er derfor ikkje overraskande at denne gruppa i liten grad endrar syntaksen.

Gruppa med andre lesarar kommenterte langt oftare syntaksen enn begge studentgruppene. Som nemnt kan dette forklare korfor dei endrar syntaksen oftare enn dei to andre informantgruppene.

Eit anna argument er at fleire av studentane gjer endringar tilsvarande omskrivingane mine utan å ha sett dei. Dette gjeld spesielt i kor mange svar realfagsstudentane vel å dele setningane innleidde med komplekst årsaksadverbial, sjølv om dei ikkje fekk sjå alternativa mine.

### **5.3. Validiteten og reliabiliteten til undersøkinga**

Validiteten til ei undersøking vil seie om det som blir undersøkt, faktisk gir informasjon om det forskaren ønsker å undersøke (Kvernmo, 2010, s. 69). I mitt tilfelle vil det seie om informantane som blir intervjuet, kan gi eit svar på problemstillinga mi.

Reliabilitet vil seie at ein bruker eit eigna måleinstrument (Askerøi, 2010, s. 14), og at ein kan gjenta forsøket og få same resultat. Kvalitative undersøkingar er derimot kjenneteikna av at ein ikkje har eit spesifikt måleinstrument (Kvernmo, 2010, s. 68). For å styrke reliabiliteten til undersøkinga mi er det føremålstenleg å samanlikne resultatane mine med undersøkingar om same tema. Her er spesielt Diessel (2005) relevant.

Jamt over er undersøkinga mi i høg grad valid og reliabel. Informantutvalet kan gi eit godt bilete på korleis ulike grupper vurderer lesbarheita til setningar innleidde med komplekse vilkårs- eller årsaksadverbial. Dette styrker validiteten til undersøkinga.

Svara frå undersøkinga mi samsvarer i stor grad med undersøkinga til Diessel (2005) om plasseringa av vilkårs- og årsaksadverbial på engelsk. Dette støtter reliabiliteten til undersøkinga.

### **5.3.1. Intervjuet i undersøkinga – validitet og reliabilitet**

Ifølgje Dalen er intervju den best eigna metoden for å finne ut korleis den einskilde opplever ein situasjon (2004, i Kvernmo, 2010, s. 67, sjå metodekapittelet, delkapittel 3.2.).

Samstundes må intervjuet, både informantutval og spørsmål, vere tilpassa føremålet med undersøkinga for at resultatane skal vere valide og reliable.

Informantutvalet aukar validiteten til undersøkinga. Eitt av føremåla med undersøkinga mi er å sjå på korleis informantar frå tre ulike grupper vurderer lesbarheita til førestilt komplekst vilkårs- og årsaksadverbial. Informantar frå dei tre gruppene er dei som best kan seie noko korleis individane i kvar gruppe vurderer dei ulike setningane. Dei som blir undersøkte gir med andre ord informasjon om det eg ønsker å undersøke, og undersøkinga har derfor, etter definisjonen over, høg validitet (sjå delkapittel 5.3.).

For at intervju skal vere ein eigna metode i denne undersøkinga, må spørsmåla vere tilpassa føremålet. Eg har allereie diskutert formuleringane til eitt av spørsmåla, og konkludert med at å få informantane til å vektlegge det dei ikkje liker ved teksten, er ein føremålstenleg måte å få fram kva informantane ser på når dei skal vurdere lesbarheit (sjå metodekapittelet, delkapittel 3.5.2.). Dette styrker reliabiliteten til undersøkinga mi.

Intervju er ikkje ein ufeilbarleg metode. Intervju er ein unaturleg situasjon, og ei utfordring er at informantane kan bli usikre. I undersøkinga mi blei dei bedne om å snakke om eit tema mange av dei ikkje hadde (teoretisk) kunnskap om, eller var vande med å reflektere over. Dette kan ha ført til at informantane blei usikre, spesielt fordi eg satt der som fagperson.

Usikre informantar kan vere redde for å svare «feil» og derfor seie lite. Dersom informantane sa lite fordi dei var ukomfortable med situasjonen, svekker det reliabiliteten til resultatane frå undersøkinga.

Som nemnt blei informantane som deltok i undersøkinga mi, spurde om kva dei syntest om å delta i intervjuet og om oppgåvene (sjå metodekapittelet, delkapittel 3.5.2.). Fleire svarte at oppgåvene var vanskelege, men om dette skuldast at dei var usikre på situasjonen, eller at dei ikkje var vande med å reflektere over språk, er uvisst. Det verka som om alle informantane var komfortable med intervjusituasjonen, men det er vanskeleg å seie heilt sikkert.

Feilkjelder knytte til andre faktorar enn intervju som metode, vil bli diskutert lenger ned (sjå delkapittel 5.4.).

### **5.3.2. Støtte frå tidlegare funn**

For å finne ut om resultatane frå undersøkinga er reliable er det føremålstenleg å samanlikne resultatane frå undersøkinga mi med liknande undersøkingar (Kvernmo, 2010, s. 68). Dersom undersøkinga er reliabel, vil resultatane mine i stor grad samsvare med resultatane frå andre undersøkingar av syntaks og lesbarheit. For undersøkinga mi er det mest aktuelt å samanlikne med funna i leseundersøkinga frå NTNU, Holmes (1973) og Diessel (2005).

Den viktigaste støtta til undersøkinga mi er funna til Diessel (sjå teorikapittelet, delkapittel 2.8.2.). Diessel såg på omtrent det same som meg, og resultatane mine samsvarer heilt med resultatane hans. Dette styrker reliabiliteten til undersøkinga mi.

Holmes fann at førestilt adverbial påverkar lesbarheit negativt, men det har ikkje vore mogleg å finne ut nøyaktig kva for adverbial ho undersøkte (sjå teorikapittelet, delkapittel 2.5.6.). I ein artikkel om undersøkinga skriv ho at fire av adverbiala var tidsadverbial. Ho skriv at adverbiala dei resterande åtte setningane ikkje var tidsadverbial, eller dei beskreiv samtidige hendingar (1973, s. 287).

Dersom ein berre ser på funna mine om årsaksadverbial, aukar funna til Holmes reliabiliteten til undersøkinga mi. Samstundes er det stor skilnad mellom funna mine om vilkårsadverbial og funna til Holmes om adverbial generelt. Det er ikkje mogleg å seie kva resultatet hadde blitt om dei to undersøkingane hadde teke for deg dei same typene adverbial.

Funna i leseundersøking frå NTNU viser òg at komplekse, førestilte ledd kan bli oppfatta som vanskelege. Forskarane såg som nemnt ikkje på førestilling spesifikt, men nokre informantar kommenterte av setningane var framtunge (Fjørtoft og Eriksen, 2015, s. 27). Som Holmes gir

dette berre delvis støtte til undersøkinga mi, avhengig av om ein samanliknar med funna om førestilt vilkårsadverbial eller førestilt årsaksadverbial.

I Platzack si undersøking av brot på vektprinsippet er det ingen døme på førestilt komplekst adverbial. Det næraste ein kjem, er ei adverbial leddsetning skoten inn mellom hjelpeverb og hovudverb (1974, s. 96<sup>30</sup>). Denne konstruksjonen er svært ulik setningane i undersøkinga mi, og det er derfor vanskeleg å samanlikne funna mine med funna til Platzack. Det er likevel verdt å nemne at Platzack fann at setningar som bryt med vektprinsippet, er vanskelegare å lese enn setningar som ikkje gjer det (sjå teorikapittelet, delkapittel 2.5.6.). På same måte som i NTNU-undersøkinga og Holmes støtter dette delvis funna mine, dersom ein berre ser på funna om førestilt komplekst årsaksadverbial.

## **5.4. Andre feilkjelder**

Som nemnt over (sjå delkapittel 5.3.1.) kan usikre informantar vere ei feilkjelde i undersøkinga mi. To andre feilkjelder er konsentrasjon og motivasjon for lesing og få informantar. I tillegg har ein av informantane tolka setning 3 annleis enn dei andre. Dette kan ha påverka korleis hen skreiv om setninga, noko som vil bli diskutert lenger ned.

Informantane sine førekunnskapar har i liten eller ingen grad påverka resultatata, då innhaldet i alle tekstane ikkje kravde særskilde kunnskapar.

Feilkjeldene nemnt over ser ut til å ha påverka resultatata mine til ein viss grad.

### **5.4.1. Konsentrasjon og motivasjon for lesing**

Som nemnt var det ein del bakgrunnsstøy under fleire av intervjuja (sjå metodekapittelet, delkapittel 3.5.3.). Dette kan ha påverka informantane sin konsentrasjon. Noko som tyder på det at støy ikkje var eit problem, er nettopp kor mange som seier at tekstane ikkje er vanskelege. Hadde mykje lyd vore til bry, hadde informantane kanskje slite meir med lesinga.

Støyen var omtrent den same under alle intervjuja, som vil seie at forholda var omtrent dei same for alle informantane. Ei ulempe er at informantane si evne til å konsentrere seg i miljø med mykje lyd, kan ha påverka korleis dei vurderte tekstane. Det er uvisst i kor stor grad dette har påverka resultatata.

---

<sup>30</sup> Platzack sitt døme 11, «[a]dverbialbisats inskjuten direkt före huvud verbet».



Ein måte å unngå bakgrunnsstøy hadde vore å ha intervjuet i eit rom med berre informanten og meg til stades. Eg har allereie argumentert for at det kunne ha gjort informanten usikker (sjå metodekapittelet, delkapittel 3.5.3.).

To av tekstdøma var retta mot kvinner (tekstdøme 1 og 4), og sjølv om ordtilfanget var enkelt, kan det ha påverka informantane sin motivasjon til å lese teksten. Det er usikkert om dette har påverka resultatane mine, og i så fall i kor stor grad.

#### **5.4.2. Få informantar**

Dette er ei relativt lita undersøking med få informantar. I tillegg har eg berre døme på éin spesifikk måte å konstruere førestilte adverbial. Undersøkinga kan derfor ikkje gi eit endeleg svar på om førestilte komplekse adverbial blir oppfatta som utfordrande. Ho kan likevel gi eit bilete på korleis akkurat denne konstruksjonen blir vurdert, noko som kan vere nyttig i vidare arbeid med klarspråk.

#### **5.4.3. Ulik tolking av setning 3**

Ein av informantane tolkar innhaldet i setning 3 annleis enn dei andre:

*Original: Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.*

*Informant: I tillegg ble han dømt til å betale en bot på 40.000, men fordi han mangler omkring 30.000, ble boten redusert til 5.000 kr.*

Informanten tolkar setninga som at bota blei redusert til 5000 kroner fordi den tiltalte framleis mangla 30 000 kroner. Resten av informantane tolka setninga som at bota blei redusert fordi han var arbeidsledig, og derfor ikkje hadde råd til å betale tilbake dei 30 000 kronene. Dette er òg mi tolking.

Svaret som er sitert over, blir rekna som ein del av kategorien «Andre konstruksjonar». Det er ikkje mogleg å seie korleis hen ville ha skrive om setninga dersom hen hadde tolka innhaldet på same måte som dei andre informantane. Sidan det berre gjeld ein informant, har det liten påverknad på det samla resultatet.

#### **5.4.4. Feilkjeldene sin påverknad på resultata**

Feilkjeldene har til ein viss grad påverka resultata mine. Bakgrunnstøyen var omtrent den same under alle intervju, og informantane si evne til å konsentrere seg i miljø med mykje lyd kan ha gjort at enkelte hadde lettare for å lese enn andre.

Antal informantar og tekstutval er for lite til å gi eit absolutt svar på om førestilte komplekse vilkårs- og årsaksadverbial blir oppfatta som vanskelege eller ikkje. Ho er likevel stor nok til å danne grunnlag for vidare forskning.

## 6. Konklusjon

Resultata viser at informantane jamt over vurderer setningar innleidde med komplekst årsaksadverbial som vanskelegare enn setningar innleidde med komplekst vilkårsadverbial. Det er likevel eit skilje mellom dei ulike informantgruppene, der gruppa utan akademisk utdanning vurderer begge setningstypane som vanskelegare enn det studentgruppene gjer (sjå resultat, delkapittel 4.8.).

Det er òg skilnad mellom kva dei ulike informantgruppene fokuserer på når dei skal vurdere lesbarheit. Spesielt stor er skilnaden mellom realfagsstudentane og gruppa med andre lesarar. Realfagsstudentane kommenterer ordval, medan gruppa med andre lesarar kommenterer syntaksen (sjå 4.8.).

Funna mine skil seg til ein viss grad frå tidlegare forskning på førestilling og lesbarheit. Dette skuldast truleg at andre undersøkingar av brot på vektprinsippet har inkludert fleire ulike konstruksjonar. Det er uvisst kor mange av desse konstruksjonane som var adverbial, og i så fall kva for type.

Ei anna mogleg årsak er skilnaden mellom vilkårsadverbial og årsaksadverbial. Skilnadane mellom korleis informantane vurderer dei to er så stor at ei undersøking med overvekt av vilkårsadverbial truleg vil få eit heilt anna resultat enn ei med overvekt av årsaksadverbial.

Samstundes er funna mine i samsvar med Diessel sine funn. Diessel si undersøking er svært lik undersøkinga mi, og i begge undersøkingane føretrekk informantane førestilt vilkårsadverbial framfor førestilt årsaksadverbial. Dette styrker reliabiliteten til undersøkinga mi, sjølv om resultata delvis skil seg frå funna til Holmes (1973) og leseundersøkinga frå NTNU.

Kort samanfatta kan ein konkludere med at rådet om å unngå venstretunge setningar ikkje er direkte feil, men kan bli nyansert. Undersøkinga mi gir dekning for dette rådet for årsaksadverbial, men i liten grad for vilkårsadverbial.

### 6.1. Forslag til vidare forskning

Dette er ei avgrensa undersøking om førestilte komplekse adverbial. Ho tek for seg to typar adverbial og på eit avgrensa utval. For å få meir haldbare resultat, treng ein forskning med større og breiare informantutval og større tekstmateriale med fleire ulike syntaktiske

konstruksjonar. Ei slik undersøking kan gi eit betre bilete på kva for effekt brot på vektprinsippet har på lesbarheit.

## Kjelder

AILA (u.å.) *What is AILA?* [Internett]. Winterthur: International Association of Applied Linguistics. Tilgjengeleg frå: <https://aila.info/> [Lese 29. april 2019].

Askerøi, E. (2010) Vitenskapelig tenkemåte. I: Arntzen, E. og Tolsby, J. red. *Studenten som forsker i utdanning og yrke. Vitenskapelig tenkning og metodebruk*. Høgskolen i Akershus, s. 8-18.

Björnsson, C. H. (1968) *Läsbarhet*. Stocholm: Bokförlaget Liber AB.

Carter, R., McCarthy, M., Mark, G. og O’Keeffe, A. (2016) Passive, i *English Grammar Today/Cambridge Dictionary* [Internett]. Cambridge: Cambridge University Press.

Tilgjengeleg frå: <https://dictionary.cambridge.org/grammar/british-grammar/passive/passive> [Lese 4. desember 2018].

Chomsky, N. (1965) *Aspects of the Theory of Syntax*. 50. utg., 2014. Cambridge, Massachusetts, USA: MIT Press.

Diderichsen, P. (1974) *Elementær dansk Grammatik*, 3. utg. (2. og 3. utg. er fotografiske opptrykk av 1. utgåva frå 1946). København: Gyldendals Forlagstrykkeri.

Diessel, H. (2005). Competing motivations for the ordering of main and adverbial clauses. *Linguistics* [Internett], 43 (3), s. 449-470. Tilgjengeleg frå:

<https://www.degruyter.com/view/j/ling.2005.43.issue-3/issue-files/ling.2005.43.issue-3.xml> [Lese 3. april 2019].

Diessel, H. og Hilpert, M. (2016) Frequency effects in grammar. I: Aronoff, M. red. *Oxford Research Encyclopedia of Linguistics*. New York: Oxford University Press. Tilgjengeleg frå:

<http://www.personal.uni-jena.de/~x4dih/publi.html> [Lese 19. mars 2019].

Faarlund, J. T., Lie, S. og Vennebo, K. I. (2012) *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Fjørtoft, H. og Eriksen, P.F. (2015) 3 Analyse av leseundersøkelsen. I: Vatn, G. Å., Eriksen, P. F., Fjørtoft, H. red. (2015). *Klart lovspråk? Juridiske tekster i et virksomhetsperspektiv*.

Trondheim: NTNU Institutt for språk og litteratur, s. 17-31. Tilgjengeleg frå:

<https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/klart-sprak-og-brukerinvolvering/klart-lovsprak> [Lese 27. september 2018].

Fjørtoft, H., Stjern, S., Øverli, B. P. B. og Ånerud, T. M. B. (2015) 2 Metode. I: Vatn, G. Å., Eriksen, P. F., Fjørtoft, H. red. *Klart lovspråk? Juridiske tekster i et virksomhetsperspektiv*. Trondheim: NTNU Institutt for språk og litteratur, s. 11-15. Tilgjengeleg frå:

<https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/klart-sprak-og-brukerinvolvering/klart-lovsprak>

[Lese 27. september 2018].

Fretland, J.O., Rommetveit, M., Sudmann, A., Vikør, L. S. (1986) *På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk*. 2. utg. Oslo: NKS-Forlaget.

Gunnarsson, B.-L. (1982) *Lagtexters begriplighet: en språkfunktionell studie av medbestämmandelagen*. Stockholm: LiberFörlag AB.

Hansen, K. (2016) *Språk og kommunikasjon i organisasjoner – en casestudie om klarspråk i Skatteetaten* [masteroppgåve]. Universitetet i Stavanger.

Hansen, T. I og Burner, T. (2018/oppdatert 20. februar 2018) Førsteamanuensis, i: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Trondheim: NTNU. Tilgjengeleg frå:

<https://snl.no/F%C3%B8rsteamanuensis>. [Lese 17. januar 2019].

Helse Bergen (u.å. a) *Fødsel og barsel* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://helse-bergen.no/behandlinger/fodsels-og-barsel#forverring-av-tilstand-og-symptom> [Lese 24. oktober 2018].

Helse Bergen (u.å. b) *Nasjonalt behandlingstjenestefor uavklarte smerter i ansikt og kjeve* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://helse-bergen.no/avdelinger/klinikk-for-hovudhals/kjevekirurgisk-avdeling/nasjonalt-behandlingstjeneste-for-uavklarte-smerter-i-ansikt-og-kjeve#les-meir-om-nasjonalt-behandlingstjeneste-for-uavklarte-smerter-i-ansikt-og-kjeve> [Lese 24. oktober 2018].

Helse Bergen (u.å. c) *Fødsel, tvillingar/fleirlingar* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://helse-bergen.no/behandlinger/fodsels-tvillingar-fleirlingar> [Lese 24. oktober 2018].

Holmes, V.M. (1973) Order of main and subordinate clauses in sentence perception. *Journal of Verbal Learning and Verbal Behavior* [Internett], 12 (3) juni, s. 285-293. Tilgjengeleg frå: <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0022537173800726> [Lese 14. april 2019].

Hvenekilde, A. (1983). Steiner for brød. *Norsklæreren*, 7 (3), s. 26-37.

Kalliokoski, L. (2001). *Understanding Sentence Structure. Experimental Studies on Processing on Syntactic Elements in Sentences* [doktoravhandling]. Umeå universitet.

- Kaschak, M., Kutta, T. og Jones, J. (2011) Structural priming as implicit learning: Cumulative priming effects and individual differences. *Psychonomic Bulletin & Review* [Internett], 18 (6), s. 1133–1139. Tilgjengeleg frå: <https://link.springer.com/article/10.3758%2Fs13423-011-0157-y> [Lese 11. april 2019].
- Klare, R. G. (1984) Readability. I: Pearson, P. D., Barr, R., Kamil, M. L. og Mosenthal, P. red. *Handbook of Reading Research*. Utg. frå 2002. Mahwah, New Jersey: Lawrence Erlbaum Associates, Inc., s. 681-744.
- Knudsen, R. L. og Fjeld, R. V. (2013) LBK2013: A balanced; annotated national corpus for Norwegian Bokmål. *Proceedings of the workshop on lexical semantic resources for NLP at NODALIDA 2013; May 22-24; 2013; Oslo; Norway. NEALT Proceedings Series 19*. Linköping universitet: Linköping University Electronic Press. Tilgjengeleg frå: <https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/lbk/> [Lese 10. april 2019].
- Kulbrandstad, L. A. (2005) *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. 3. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kulbrandstad, L. A. og Kinn, T. (2016) *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvernmo, G. (2010) Intervju som metode – barn/unge som informanter. I: Arntzen, E. og Tolsby, J. red. *Studenten som forsker i utdanning og yrke. Vitenskapelig tenkning og metodebruk*. Høgskolen i Akershus, s. 66-80.
- Lagerholm, P. (2008) *Stilistik*. Lund: Studentlitteratur.
- Lindahl, A.O. (2009) Svindla med dagpengar. *Hallingdølen*, 23. april, s. 3.
- Lohndal, T. (2018/oppdatert 4. april 2018). Generativ Grammatikk, i: *Store norske leksikon* [Internett]. Trondheim: NTNU. Tilgjengeleg frå: [https://snl.no/generativ\\_grammatikk#-Historisk\\_utvikling](https://snl.no/generativ_grammatikk#-Historisk_utvikling) [Lese 15. oktober 2018].
- Løj, M. og Wille, N. E. (1985) Kan vi undvære passiv? eller: Kan passiv virkelig undværes? En undersøgelse af passivformernes grammatik, stilistik og pragmatik. *Nydanske Sprogstudier* [Internett], 15 (1), s. 5-42. Tilgjengelg frå: <https://www.nys.dk/issue/view/1575> [Lese 24. april 2019].
- Maagerø, E. og Skjelbred, D. (2010) *De mangfoldige realfagstekstene. Om lesing og skriving i matematikk og naturfag*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Molde, B. (1977) Erik Wellander 1884-1977. *Språkråd. Tidsskrift utgiven av Svenska språknämnden*, 22 (4), s. 3-4. Tilgjengeleg frå: <http://sprakochfolkminnen.diva-portal.org/smash/get/diva2:1140765/FULLTEXT01.pdf> [Lese 20. februar 2019].
- Müller, S. (2016) *From transformational grammar to constraint-based approaches*. Berlin: Language Science Press. Tilgjengeleg frå: <http://langsci-press.org/catalog/book/25>. [Lese 30. august 2018].
- Norwegian Newspaper Corpus Nynorsk (u.å). *Norsk aviskorpus* [Internett]. Distribuert av CLARINO UiB Portal: <hdl:11495/D9F7-42A1-ED26-0>. Tilgjengeleg frå: <http://clarino.uib.no/korpuskel/corpus-list> [Lese 9. april 2019].
- Pace-Sigge, M. (2013) The concept of Lexical Priming in the context of language use. *ICAME Journal* [Internett], 37 (1), s. 149-174. Tilgjengeleg frå: <http://clu.uni.no/icame/ij37/index.html> [Lese 22. mars 2019].
- Pickering, M. J. og Branigan, H. P. (1999) Syntactic priming in language production. *Trends in Cognitive Sciences* [Internett], 3 (4), s. 136-141. Tilgjengeleg frå: <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S1364661399012930?via%3DiHub> [Lese 2. april 2019].
- Platzack, C. (1974) *Språket och läsbarheten. En studie i samspelet mellan läsare och text* [doktoravhandling] Lunds universitet: Bröderna Ekstrands Tryckeri AB.
- Platzack, C. (1977) «Substantivsjuka» – ett frishetstecken? I: *Eterspråk 4. Lundastudier i nordisk språkvetenskap, serie D*. Lunds universitet.
- Postholm, M. B. (2010) *Kvalitativ metode. En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rogstad, K.-A. (2015) *Ervervede lesevaner. En kvalitativ studie om lesevaner etter hjerneslag* [masteroppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Sletvold, H. (2008) *Nevrovitenskap og psykodynamisk terapi: Noen synspunkter* [Internett]. Oslo: Tidsskrift for Norsk psykologforening. Tilgjengeleg frå: <https://psykologtidsskriftet.no/fagessay/2008/09/nevrovitenskap-og-psykodynamisk-terapi-noen-synspunkter> [Lese 13. mai 2019].
- Språkrådet (1999) *Godt språk i lærebøker. Rettleiing i lærebokarbeid*. [Internett]. Oslo: Norsk språkråd. Tilgjengeleg frå: <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Laerebokspreek/> [Lese 4. april 2018].



- Språkrådet (2016) *Sjekkliste for skribentar. 4 Lag klare setningar*. [Internett]. Oppdatert 1. juni 2016. Tilgjengeleg frå: <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Skriverad/Sjekkliste/> [Lese 27. august 2018].
- Språkrådet (2018) *Kjønnsnøytralt pronomer: han, hun hen?* [Internett]. Oppdatert 14. juni 2018. Tilgjengeleg frå: <https://www.sprakradet.no/svardatabase/sporsmal-og-svar/kjonnsoytralt-pronomen-han-hun-hen/> [Lese 2. mai 2019].
- Språkrådet (u.å. a) *I Hva er klarsprak?* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Materiell/klar-men-aldri-ferdig/1/> [Lese 27. august 2018].
- Språkrådet (u.å. b) *Substantivtunge setningar* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Skriverad/Kutt-kansellistilen/nynorsk-sprakforing/Substantivtunge-setningar/> [Lese 31. desember 2018].
- Språkrådet (u.å. c) *Skriveråd for skribentar i det offentlege* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Skriverad/> [Lese 4. september 2018].
- Tran, P. T. M. (2013) «*En analyse av brukervennligheten til en brosjyre om sykdommen tuberkulose*» [masteroppgåve]. Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Universitetet i Oslo (2010 a) *Oslo-korpuset av taggede norske tekster* [Internett]. Oppdatert 26. april 2017. Tilgjengeleg frå: <https://www.hf.uio.no/iln/tjenester/kunnskap/sprak/korpus/skriftsprakskorpus/oslo/> [Lese 9. april 2019].
- Universitetet i Oslo (2010 b) *Leksikografisk bokmålskorpus* [Internett]. Oppdatert 19. februar 2019. Tilgjengeleg frå: <https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/lbk/>
- Universitetet i Oslo (u.å.) *Norsk ordboks nynorskkorpus* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://no2014.uio.no/korpuset/conc\\_enkeltok.htm](http://no2014.uio.no/korpuset/conc_enkeltok.htm) [Lese 7. november 2018 og 26. mars 2019].
- Universitetslektor (u. å.), i: *Svensk ordbok* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://svenska.se/so/?id=57356&pz=7> [Lese 17. januar 2019].

- Vatn, G. Å., Eriksen, P. F. og Fjørtoft, H. (2015) 7 Vedlegg. I: Vatn, G. Å., Eriksen, P. F., Fjørtoft, H. red. *Klart lovspråk? Juridiske tekster i et virksomhetsperspektiv*. Trondheim: NTNU Institutt for språk og litteratur, s. 45-52. Tilgjengeleg frå: <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/klart-sprak-og-brukerinvolvering/klart-lovsprak> [Lese 27. september 2018].
- Vinje, F.-E. (1977) *Norsk i embets medfør: råd og vink i den offentlige språkbruken*. Oslo: NKS-forlaget.
- Wellander, E. (1947) *Riktig svenska. En handledning i svenska språkets vård*. 3. utg. Stockholm: Svenska Bokförlaget.
- Wellander, E. (1973) *Riktig svenska. En handledning i svenska språkets vård*. 4. utg. Stockholm: Esselte Studium AB.
- Wengelin, Å. (2015) Mot en evidensbasert språkvård? En kritisk granskning av några svenska klarspråksråd i ljuset av forskning om läsbarhet och språkbearbetning. *Sakprosa* [Internett], 7 (2), artikkel 4. DOI: [10.5617/sakprosa.983](https://doi.org/10.5617/sakprosa.983). Tilgjengeleg frå: <https://www.journals.uio.no/index.php/sakprosa/article/view/983>

## **Vedlegg 1: Tekstdøma og forslag mine til omskriving**

*Informantane fekk sjå ein tekst om gongen. Dei av informantane som fekk alternativ, blei ikkje spurde om dei ville sjå desse før etter å ha lese teksten og fått moglegheit til å kome med eigne omskrivingar.*

### ***Tekstdøme 1) Frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus: Fødsel og barsel***

#### **Forverring av tilstand og symptom**

Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.

Har du ein sjukdom eller det har oppstått ein komplikasjon i svangerskapet, må du kontakte lege, jordmor eller fødeavdelinga om det oppstår ei forverring, eller du får nye symptom som kan vere relatert til dette.

*(Helse Bergen, u.å. a)*

#### ***Mitt alternativ til omskriving:***

Du må ta kontakt igjen dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg.

### ***Tekstdøme 2) Frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus: Nasjonal behandlingsteneste for uavklarte smerter i ansikt og kjevar***

#### **Tilvising**

Den nasjonale behandlingstenesta tar ikkje imot tilvisingar frå primærhelsetenesta. Tilvisinga må kome frå spesialhelsetenesta.

- Primærhelsetenesta (fastlege tannlege, andre) tilviser pasienten til spesialhelsetenesta (det vil seie det lokale helseføretaket)
- Det lokale helseføretaket vurderer og behandlar eventuelt pasienten
- Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.

(Helse Bergen, u.å. b)

***Mitt alternativ til omskriving:***

Det lokale helseføretaket tilviser til den nasjonale behandlingstenesta dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse.

***Tekstdøme 3) Frå avisa Hallingdølen***

**Svindla med dagpengar**

Ein mann i 20 åra frå Hol tok imot 39.913 kroner i arbeidsløysetrygd samstundes som kan jobba for tre ulike arbeidsgivarar.

Han hadde behov for både dagpengar og arbeidsinntekt av omsyn til eigen økonomi, uttalte han i Hallingdal tingrett nyleg.

Retten slår fast at det ikkje er eit ubetydeleg omfang med arbeid som er utført, og dømde han til betinga fengsel i 21 dagar. Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.

Lindahl, A.O. (2009) Svindla med dagpengar. *Hallingdølen*, 23. april, s. 3.

***Mine alternativ til omskriving:***

- 1) Han blei dømt til 21 dagar i fengsel og fekk 39 913 kroner i bot. Fordi han var arbeidsledig, blei bota redusert til 5000 kroner.
- 2) Han blei dømt til 21 dagar i fengsel og fekk 39 913 kroner i bot. Bota ble redusert til 5000 kroner fordi han var arbeidsledig.
- 3) Bota vart redusert til 5000 kroner fordi han har att å betale 30 000 kroner, og samstundes er arbeidsledig.

***Tekstdøme 4) Frå nettstaden til Haukeland universitetssjukehus: Fødsel, tvillingar/fleirlingar.***

**Amming**

Amming av tvillingar krev ofte litt ekstra innsats, særleg i oppstarten av amminga. Nokon tvillingmødrer opplever at det kan ta litt tid å få i gang mjølkeproduksjonen og amminga.

Fordi tvillingar ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk. Bruk derfor tida og kreftene den første tida etter fødselen på å få i gong mjølkeproduksjon og amming.

*(Helse Bergen, u.å. c)*

***Mine alternativ til omskriving:***

- 1) Det kan vere ekstra viktig at barna får morsmjølk fordi tvillingar ofte blir fødde før termin, og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn.
- 2) Tvillingar blir ofte fødde før termin, og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn. Det kan derfor vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.

## Vedlegg 2: Intervjuguiden

*Generell del og tekstspesifikk del var den same for alle tekstane. Metadiskusjonen kom heilt til slutt, etter at dei hadde lese og svart på spørsmåla til alle tekstane.*

- 1) Kjønn
- 2) Alder
- 3) Skriv du til vanleg bokmål eller nynorsk?

### *Generell del*

- 1) Kva for erfaring har du med tekstar frå... *kjelda teksten var henta frå.*
- 2) Kan du noko om/Har du erfaring med... *temaet i teksten. T.d. «Har du erfaring med Nasjonal behandlingsteneste for uavklarte smerter i ansikt og kjever?»*

### *Informantane les teksten*

#### *Tekstspesifikk del*


- 1) Synest du setninga er vanskeleg, dvs. utfordrande å lese? Er det noko som «skurrar»?  
*Eg har valt ut ei setning med den konstruksjonen eg undersøker.*
  - Viss ja:
    - Korfor?
      - Ordforråd
      - Setningsstruktur
      - Anna
    - Korleis ville du ha sagt det? *Informanten skriv ned forslaget sitt.*
  - Viss nei:
    - Kan du likevel prøve å gjere ho enda enklare? *Informanten skriv ned forslaget sitt.*
- 2) Finst det andre setningar i teksten du synest er vanskelege?
  - Viss ja:
    - Korfor?
      - Ordforråd
      - Setningsstruktur
      - Anna
    - Korleis ville du ha sagt det? *Informanten skriv ned forslaget sitt.*

### *Metadiskusjon*


- 1) Kva synest du om å delta i intervjuet?
- 2) Kva synest du om oppgåva?
- 3) Er det noko du vil utdjupe eller endre? *Informantane les gjennom notata mine og forslaga sine, og kjem med ev. endringar/tillegg.*

## Vedlegg 3: Figurar og tabellar

Figur 2.5.2.: NP VP → Det N VA




Figur 2.5.3.: Transformasjon aktiv → passiv




Figur 3.4 a)-d): Syntaktisk analyse av setningane

Figur 3.4. a): Syntaktisk analyse av setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*







**Figur 3.4. b):** Syntaktisk analyse av setning 2: *Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.*



**Figur 3.4. c):** Syntaktisk analyse av setning 3: *Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.*



**Figur 3.4. d):** Syntaktisk analyse av setning 4: *Fordi tvillingar ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.*



**Tabell 4.1. a):** Funn om syntaktiske endringar, vilkårsadverbial

	NO		MN		Andre		Til saman	
	<i>Tal</i>	%	<i>Tal</i>	%	<i>Tal</i>	%	<i>Tal</i>	%
<i>Førestilt vilkårs-ADVL</i>	10	100 %	18	90 %	11	55 %	<b>39</b>	<b>78 %</b>
<i>Etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0 %	1	5 %	6	30 %	<b>7</b>	<b>14 %</b>
<i>Likestilt føre- og etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Punktvis</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	0	0 %	1	5 %	0	0 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Forenklar førestilt vilkårs-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	0	0 %	0	0 %	0	0 %	<b>0</b>	<b>0 %</b>
<i>Til saman</i>	10	100 %	20	100 %	20	100 %	<b>50</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 4.1. b):** Funn om syntaktiske endringar, årsaksadverbial

	NO		MN		Andre		Til saman	
	<i>Tal</i>	%	<i>Tal</i>	%	<i>Tal</i>	%	<i>Tal</i>	%
<i>Førestilt årsaks-ADVL</i>	5	50 %	12	60 %	4	20 %	<b>21</b>	<b>42 %</b>
<i>Etterstilt årsaks-ADVL</i>	2	20 %	1	5 %	4	20 %	<b>7</b>	<b>14 %</b>
<i>Likestilt føre- og etterstilt årsaks-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	0	0 %	<b>0</b>	<b>0 %</b>
<i>Punktvis</i>	0	0 %	0	0 %	0	0 %	<b>0</b>	<b>0 %</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	1	10 %	7	35 %	10	50 %	<b>18</b>	<b>36 %</b>
<i>Forenklar førestilt årsaks-ADVL</i>	0	0 %	0	0 %	1	5 %	<b>1</b>	<b>2 %</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	2	20 %	0	0 %	1	5 %	<b>3</b>	<b>6 %</b>
<i>Til saman</i>	10	100 %	20	100 %	20	100 %	<b>50</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 4.4. a):** Oversikt over syntaktiske endringar, setning 1

Setning 1: *Dersom du har vore i kontakt med lege, jordmor eller fødeavdelinga og tilstanden din endrar seg, må du ta kontakt igjen.*

	<b>NO</b>	<b>MN</b>	<b>A</b>	<b>Til saman</b>
<i>Førestilt vilkårs-ADVL</i>	5	10	7	<b>22</b>
<i>Etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0	2	<b>2</b>
<i>Liksetilt føre- og etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0	1	<b>1</b>
<i>Punktvis</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Forenkla førestilt vilkårs-ADVL</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Til saman</i>	5	10	10	<b>25</b>

**Tabell 4.4. b):** Oversikt over syntaktiske endringar, setning 2

Setning 2: *Dersom det lokale helseføretaket sine tiltak ikkje fører fram, eller at det manglar kompetanse, tilviser helseføretaket til den nasjonale behandlingstenesta.*

	<b>NO</b>	<b>MN</b>	<b>A</b>	<b>Til saman</b>
<i>Førestilt vilkårs-ADVL</i>	5	8	4	<b>17</b>
<i>Etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	1	4	<b>5</b>
<i>Liksetilt føre- og etterstilt vilkårs-ADVL</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Punktvis</i>	0	0	1	<b>1</b>
<i>Inndeling i fleire setningar.</i>	0	1	0	<b>1</b>
<i>Forenkla førestilt vilkårs-ADVL</i>	0	0	1	<b>1</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Til saman</i>	5	10	10	<b>25</b>

**Tabell 4.5. a):** Oversikt over syntaktiske endringar, setning 3

Setning 3: *Fordi han har att å betale omkring 30.000 kroner og samstundes er arbeidsledig, vart bota redusert til 5.000 kroner.*


	<b>NO</b>	<b>MN</b>	<b>A</b>	<b>Til saman</b>
<i>Førestilt årsaks-ADVL</i>	3	6	2	<b>11</b>
<i>Etterstilt årsaks-ADVL</i>	0	1	2	<b>3</b>
<i>Liksetilt føre- og etterstilt årsaks-ADVL</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Punktvis</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	0	3	4	<b>7</b>
<i>Forenkla førestilt årsaks-ADVL</i>	0	0	1	<b>1</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	2	0	1	<b>3</b>
<i>Til saman</i>	5	5	10	<b>25</b>

**Tabell 4.5. b):** Oversikt over syntaktiske endringar, setning 4


Setning 4: *Fordi tvillingar ofte blir fødde før termin og er mindre enn barn i svangerskap med eitt barn, kan det vere ekstra viktig at barna får morsmjølk.*

	<b>NO</b>	<b>MN</b>	<b>A</b>	<b>Til saman</b>
<i>Førestilt årsaks-ADVL</i>	2	6	2	<b>10</b>
<i>Etterstilt årsaks-ADVL</i>	2	0	2	<b>4</b>
<i>Liksetilt føre- og etterstilt årsaks-ADVL</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Punktvis</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Inndeling i fleire setningar</i>	1	4	6	<b>11</b>
<i>Forenkla førestilt årsaks-ADVL</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Andre konstruksjonar</i>	0	0	0	<b>0</b>
<i>Til saman</i>	5	10	10	<b>25</b>


**Figur 4.3.1. a):** Totalt antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane blant setningar innleidde med vilkårsadverbial og årsaksadverbial. Oppgitt i prosent.




**Figur 4.3.1. b):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleidde med vilkårsadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*




**Figur 4.3.1. c):** *Antal svar med dei ulike syntaktiske strukturane til setningane innleidde med årsaksadverbial i dei ulike informantgruppene. Oppgitt i prosent.*



**Figur 4.4.:** *Totalt antal svar om vilkårsadverbial i dei ulike kategoriane. Oppgitt i prosent.*



**Figur 4.5.:** Totalt antal svar om årsaksadverbial i dei ulike kategoriane. Oppgitt i prosent.



**Tabell 4.7.1.:** Totalt antal konsekvente og inkonsekvente informantar

	Vilkår		Årsak	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
<i>Førestilt i begge svara</i>	32	82 %	16	70 %
<i>Førestilt i eitt svar</i>	7	18 %	7	30 %
<b><i>Førestilt, totalt</i></b>	<b>39</b>	<b>100 %</b>	<b>23</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 4.7.2. a):** Antal konsekvente og inkonsekvent informantar i kvar gruppe, vilkårsadverbial


	NO		MN		Andre	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
<i>I begge svara</i>	10	100 %	16	89 %	6	55 %
<i>I eitt svar</i>	0	0 %	2	11 %	5	45 %
<b><i>Førestilt, totalt</i></b>	<b>10</b>	<b>100 %</b>	<b>18</b>	<b>100 %</b>	<b>11</b>	<b>100 %</b>




**Tabell 4.7.2. b):** *Antal konsekvente og inkonsekvent informantar i kvar gruppe, årsaksadverbial*

	NO		MN		Andre	
	<i>Tal</i>	<i>Prosent</i>	<i>Tal</i>	<i>Prosent</i>	<i>Tal</i>	<i>Prosent</i>
<i>I begge svara</i>	2	40 %	12	100 %	0	0 %
<i>I eitt svar</i>	3	60 %	0	0 %	4	100 %
<b><i>Førestilt, totalt</i></b>	<b>5</b>	<b>100 %</b>	<b>12</b>	<b>100 %</b>	<b>4</b>	<b>100 %</b>

**Figur 4.7.1.:** *Antal svar der informanten konsekvent beheld førestilt kompleksst vilkårs- eller årsaksadverbial. Oppgitt i prosent av totalt antal svar der informanten beheld førestilt kompleksst adverbial.*



**Figur 4.7.2.:** Kor konsekvente informantane frå kvar gruppe er. Oppgitt i prosent av totalt kor mange frå kvar gruppe som vel å behalde førestilt komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial.



**Tabell 5.1.1. a)- d):** Frekvens

**Tabell 5.1.1. a):** Norsk Ordboks Nynorskkorpus 26. mars 2019

	Antal treff	Prosent av treffa		Antal treff	Prosent av treffa
<i>Dersom</i>	16 394	36 %	<i>Fordi</i>	1 761	5 %
<i>dersom</i>	28 848	64 %	<i>fordi</i>	31 888	95 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>45 242</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>33 649</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 5.1.1. b):** Leksikografisk bokmålskorpus 10. april 2019

	Antal treff	Prosent av treffa		Antal treff	Prosent av treffa
<i>Dersom</i>	8 121	33 %	<i>Fordi</i>	4 792	8 %
<i>dersom</i>	16 497	67 %	<i>fordi</i>	57 811	92 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>24 618</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>62 603</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 5.1.1. c): Oslo-korpuset (nynorskdelen) 10. april 2019**

	<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>		<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>
<i>Dersom</i>	595	32 %	<i>Fordi</i>	64	6 %
<i>dersom</i>	1 242	68 %	<i>fordi</i>	937	94 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>1 837</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>1 001</b>	<b>100 %</b>

**Tabell 5.1.1. d): Oslo-korpuset (bokmålsdelen) 10. april 2019**

	<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>		<i>Antal treff</i>	<i>Prosent av treffa</i>
<i>Dersom</i>	5 769	41 %	<i>Fordi</i>	523	6 %
<i>dersom</i>	8 444	59 %	<i>fordi</i>	7 727	94 %
<b><i>Til saman</i></b>	<b>14 213</b>	<b>100 %</b>	<b><i>Til saman</i></b>	<b>8 250</b>	<b>100 %</b>

## Samandrag

*Tittel: Lange, førestilte adverbial – Er det så ille? Ei undersøking av lesbarheita til setningar innleidde med komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial*

*Forfattar: Thekla Stokstad*

Eit mykje brukt klarspråksråd er at lange og tunge ledd bør kome etter hovudverbet. Språkrådet tilrår derfor at ein skal unngå lange, førestilte adverbial.

Hovudmålet for denne undersøkinga er å finne ut om setningar innleidde med komplekst vilkårs- eller årsaksadverbial blir vurderte som vanskelege å forstå av informantar frå ulike grupper. Vidare ser eg på om det er skilnad mellom korleis informantane vurderer setningar innleidde med dei to ulike adverbiala, og om det er skilnad mellom dei ulike gruppene.

Materialet i undersøkinga er intervju med 25 informantar frå tre ulike grupper: 10 studentar ved Det matematisk-naturvitskapelege fakultet, 10 informantar utan akademisk utdanning etter 3. vidaregåande skule og 5 studentar på bachelornivå i nordisk. Intervjua omfatta omskriving og kommentarar til fire ulike setningar, to innleidde med komplekst vilkårsadverbial og to med komplekst årsaksadverbial. Begge studentgruppene er frå Universitetet i Bergen.

Avhandlinga byggjer på teoretiske tilnærmingar til lange og komplekse setningar innanfor tidlegare klarspråksforskning. Særleg vil transformasjonsgrammatikken fram til 1970-åra og bruksfrekvens for ulike konstruksjonar bli diskutert.

Dei viktigaste funna i undersøkinga er:

- 1) Lange, førestilte adverbial blir i mange tilfelle *ikkje* oppfatta som vanskelege. Det ser ein klarast med at informantane føretrekk å halde på førestilt komplekst adverbial i totalt 60 % av omskrivingane.
- 2) Forslaga til omskriving viser at førestilte årsaksadverbial blir vurderte som vanskelegare enn førestilte vilkårsadverbial. Informantane beheld førestilt vilkårsadverbial i 78 % av omskrivingane, men førestilt årsaksadverbial i berre 42 %.
- 3) Informantane utan akademisk utdanning beheld sjeldnare førestilt komplekst adverbial enn dei to studentgruppene. Førstnemnde beheld førestilt vilkårsadverbial i 55 % av svara og førestilt årsaksadverbial i berre 20 %. Studentgruppene har førestilt vilkårsadverbial i til saman 93 % og førestilt årsaksadverbial i omtrent 57 % av svara.

## Abstract

*Title: Long, initial adverbial clauses – Is it that bad? A survey of the readability of sentences initiated with complex conditional or causal clauses*

*By: Thekla Stokstad*

It is commonly advised when writing that long clauses should be placed after the main verb. Therefore, the Norwegian Language Council (Språkrådet) recommends that writers should avoid the use of long, initial adverbial clauses.

My goal in this thesis is to discover whether readers from various groups have difficulty with sentences initiated by complex conditional or causal clauses. Further, I examine if there is a difference between how the participants consider the readability of sentences initiated by the two different adverbials, and if there is a difference between the groups.

I interviewed 25 participants from three different groups: 10 students from the Faculty of Mathematics and Natural Sciences, 5 students at a bachelor level in Nordic languages and literature and 10 readers without any academic education after high school. The interviews involved rewriting four sentences, two initiated by a complex conditional clause, two by a causal clause.

The thesis is based on different theoretical approaches to long and complex sentences within earlier plain language research. In particular, I will discuss transformational grammar from the 1970s and the frequency of different syntactic constructions.

The main findings are:

- 1) Long, initial adverbial clauses are in many cases *not* considered difficult. Participants retain the initial complex adverbial clause in 60% of the rewritings.
- 2) The rewritings also show that initial causal clauses are considered more difficult than initial conditional clauses. The participants retain the initial conditional clause in 78% of the rewritings, whereas the initial causal clause is retained in only 42%.
- 3) The participants without any academic education after high school retain the adverbial clauses rarer than the other groups. These participants retain the conditional clause in 55 % of the rewritings, and the causal clause in only 20 %. Summed up, the two student groups retain the conditional clause in 93% of the writings, and the causal clause in approximately 57%.

## Profesjonsrelevans

Det å arbeide med ei masteravhandling er i seg sjølv relevant når ein skal jobbe som norsklærer. Gjennom å skrive ei avhandling får ein erfaring med å jobbe med ein tekst over lang tid med gjenteken vurdering og omarbeiding. Denne måten å arbeide med skriving blir kalla «proessorientert skriving».

Proessorientert skriving står sentralt i norskfaget, noko ein kan sjå hjå både Skrivesenteret og i læreplanen for norsk.

På nettstaden til Skrivesenteret står det at «[å] arbeide med skriving som prosess gjennom flere faser er viktig for at elevene skal utvikle skrivekompetanse, og å arbeide i prosesser er sentralt i norskfaget».<sup>31</sup>

Eit av kompetansemåla i norsk etter 10. trinn er at eleven skal kunne «planlegge, utforme og bearbeide egne tekster manuelt og digitalt, og vurdere dem underveis i prosessen ved hjelp av kunnskap om språk og tekst».<sup>32</sup>

Kunnskap om klarspråk er til stor hjelp i skriveopplæringa, både i undervisninga og vurdering av elevtekstar. Det er lettare å lære elevane korleis dei kan formulere seg godt når ein sjølv har kunnskap om kva som gjer ein tekst forståeleg. I vurderingssituasjonar er det enklare å gi nyttig tilbakemelding når ein kan peike på nøyaktig kva som gjer elevteksten god eller mindre god.

Eg har fokusert på syntaks, men arbeidet med avhandlinga har gitt meg kunnskap om kva for andre faktorar som påverkar lesbarheit. Denne kunnskapen vil bli nyttig når eg skal undervise om og vurdere skriving.

---

<sup>31</sup>Skrivesenteret (2015) *Hva er skriving i norsk?* [Internett]. Trondheim: Skrivesenteret. Tilgjengeleg frå: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skriving-i-norsk/> [Lese 23. april 2019].

<sup>32</sup>Utdanningsdirektoratet (u.å.) *Læreplan i norsk (NOR1-05). Kompetansemål etter 10. årstrinn* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Kompetansemaal/kompetansemal-etter-10.-arstrinn> [Lese 23. april 2019].